



LINDÅS KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR SKULE 2010-2020

STRATEGISK PLAN FOR UTVIKLING AV KVALITET I GRUNNSKULEN



DER **DRAUMAR** BUR
RØYNDOM



KOMMUNEDELPLAN FOR GRUNNSKULEN I LINDÅS 2010 – 2020

Innhald

Forord.....	3
Samandrag.....	4
1 Plangrunnlag.....	7
1.1 Innleiing og bakgrunn	7
1.2 Mål for kommunedelplan for grunnskulen i Lindås.....	7
1.3 Organisering av planarbeid, planprosess og framdrift	8
1.3.1 Organisering av arbeidet	8
1.3.2 Planprosess, involvering og høyring	8
1.3.3 Framdrift.....	8
1.3.4 Bruk av ekstern konsulent- prosess og gjennomføring	8
1.4 Rammevilkår – lov, regelverk og læreplan	10
1.4.1 Formålet med opplæringa.....	10
1.4.2 Nærskuleprinsippet.....	10
1.4.3 Skulestorleik.....	10
1.4.4 Skyss.....	10
1.4.5 Organisering av elevar i klasser/grupper.....	11
1.4.6 SFO.....	11
1.4.7 Skulebibliotek, inventar, utstyr og læremiddel	12
1.4.8 Skulebygg.....	12
1.4.9 Uteområde	12
1.4.10 Kompetansekrav.....	13
2 Innhald og kvalitet i skulen	16
2.1 Kommunale styringssignal.....	16
2.1.1 Korleis lærer barn.....	17
2.2 Ny forskning om kvalitet.....	18
2.2.1 Læraren og kvalitet.....	18
2.2.2 Skulestorleik og kvalitet.....	19
2.2.3 Skulebygg og kvalitet.....	19
2.3 Politisk arbeidsgruppe – ”Kvalitet i skulen”	20
2.4 St.melding nr.31(07-08) ”Kvalitet i skolen”	21
2.5 Økonomi.....	22
2.6 Lokale mål for kvalitet	25
2.6.1 Strukturkvalitet.....	25
2.6.2 Prosesskvalitet.....	25
2.6.3 Resultatkvalitet.....	26
2.7 Lokalt arbeid med kvalitetsutvikling – strategi og tiltak.....	27
2.7.1 Læraren.....	27
2.7.2 Skuleleiinga.....	27
2.7.3 Lokalt kvalitetsvurderingssystem.....	27
2.8 Prinsipp som skal leggast til grunn for utforming av skuleanlegg.....	29
2.8.1 Føringer	30
2.8.2 Samsvar mellom bygg og pedagogikk	31

2.8.3	Utforming av bygningsmassen.....	32
2.8.4	Utforming av skulen sitt uteområde i Lindås	35
2.9	Rettleiande arealprogram	39
3	Tidleg innsats og alternativ opplæring	41
3.1	Tidleg innsats	41
3.2	Alternativ opplæring	42
3.2.1	Innleiing	42
3.2.2	Definisjonar og historikk.....	43
3.2.3	To rapportar frå Lillegården kompetansesenter	43
3.2.4	Lindås kommune	45
3.2.5	Drøfting	46
3.2.6	Konklusjonar og tilrådingar for arbeid med alternativ opplæring i Lindås.....	47
4	Eksisterande skular og skulestruktur	49
5	Forventa utvikling i folketal og elevtal	58
6	Skulestruktur for framtida	73
6.1	Sentrale moment/faktorar i utgreiinga.....	73
6.2	Alternative skulestrukturar	82
6.2.1	Aktuelle strukturendringar og vurderingar, skule for skule	82
6.2.2	Oversikt over alternative skulestrukturar	91
6.2.3	Føresetnader for utrekning av økonomiske konsekvensar	91
6.2.4	Samla presentasjon og vurdering av alternativ for barnesteget.....	94
6.2.5	Samla presentasjon og vurdering av alternativ for ungdomssteget.....	106
6.3	Samla oversikt over investeringsbehov og endring i driftsutgifter i ulike strukturalternativ	114
6.4	Oppsummering og tilråding	116
	Vedlegg.....	118



Forord

Den 11.juni 2009 vedtok eit samrøystes kommunestyre i Lindås ein ny samfunnsvisjon - ”Der draumar blir røyndom”. Alle tilsette i kommunen har teke del i utforming av ein verdiplakat som inneheld dei fire verdiorda – ”framtidretta”, ”kvalitetsbevisst”, ”inkluderande” og ”tenestevillig”. Visjonen og verdiorda skal saman gje retning i arbeidet med å vidareutvikle Lindås kommune som ein god kommune å bu i. Innbyggjarane skal føle seg sett og høyrd, lokalmiljøa skal vere prege av tryggleik og trivnad. Kommunen sine tenester skal vere kjenneteikna av høg kvalitet.

Med høg kvalitet i opplæringa i grunnskulen i Lindås, legg ein at opplæringa skal realisere alle elevane sitt potensiale for både fagleg og sosial læring. Ei kvalitativ god opplæring tek i vare både det samfunnsmessige motivet og det identitetsskapande motivet for utdanning:

”Sluttmålet for opplæringa er å anspore den enkelte til å realisere seg sjølv på måter som kommer fellesskapet til gode – å fostre til mennesklighet for et samfunn i utvikling” (K-06 Generell del av læreplanen).

Med ei skildring av kvalitet i opplæringa ønskjer ein at framtidige politiske vedtak knytt til struktur vert fatta på grunnlag av eit ønskje om likeverdig kvalitet i opplæringa for alle elevar på skulane i Lindås. Endringar i struktur, skal ikkje utelukkande gjerast på grunnlag av eller med grunngeving i stram økonomi.

Denne kommunedelplanen har som mål å trekkja opp utviklingslinjene for kommunen sin skulepolitikk for dei næraste åra sett i eit meir langsiktig perspektiv.

Samandrag

Grunnskulen er ved sida av pleie og omsorg det store tenesteområdet i kommunen. Tenesta omfattar i 2009 14 skular og har omlag 1950 elevar. Det vert gjeve SFO-tilbod til rundt rekna 420 barn i 1-4 klasse. Tenesteområdet har om lag 320 tilsette.

Innhaldet i skulen og kvalitet spesielt har hatt høgaste prioritet innan skuleverket dei siste åra. Nasjonale og internasjonale undersøkingar har synt at Noreg slit med å halda tritt med andre land når det gjeld kunnskapsnivået. Lindås kommune har dei same utfordringane utan at kommunen kan seiast å vera på eit spesielt høgt eller lågt nivå.

Ved sida av administrativ satsing på dette området har det og vore følgt opp politisk. Ei arbeidsgruppe vart oppnemnt i våren 2008 og gruppa har levert innspel til kommuneplanen. Grunnskulen i Lindås har fått tildelt store ressursar og det er viktig å sjå til at desse ressursane vert nytta optimalt. I arbeidet med økonomiplan for 2009-2012 var det lagt opp til ei stor satsing for å få kommunen sine skulebygg opp til god vedlikehaldsstandard. Kommunestyret vedtok å utsetja dette løftet. I staden vart det vedteke å få fram ein kommunedelplan for skulen og at denne skulle liggja føre til budsjetthandsaminga for 2010.

Administrasjonen si forståing av dette vedtaket er at det er stor politisk vilje til å satsa mykje på skulen framover, men at det uansett vil vera ein avgrensa ressurs som kan nyttast til formålet. Det vil då vera svært viktig å få fram gode oversyn som gjev trygt grunnlag for å ta dei naudsynte prioriteringane mellom ressursar direkte mot innhald og ressursane som skal gå med til utbygging, drift og vedlikehald av skuleanlegga. Planen byggjer på at rammene for grunnskulen skal haldast oppe på same nivå som no.

Kommunedelplanen slik han ligg føre er dels utarbeidd av administrasjonen sjølv og dels av konsulent (Norconsult). Det ligg og føre ein eigen rapport som dokumenterer kostnadene med å få skulane opp i forsvarleg teknisk og bygningsmessig nivå (kostnader til ombygging for å få betre pedagogisk tilrettelagte og funksjonelle skular er ikkje med). Denne rapporten ligg til grunn for deler av kostnadsvurderingane. I arbeidet med kvalitet er materialet som politisk arbeidsgruppe har arbeidd fram, søkt innarbeidd.

Planen er delt i seks hovudområde der **del I** tek for seg grunnlaget for planarbeidet. Kommunen har no fått sin hovudvisjon, men manglar visjon for dei enkelte tenesteområda. Dette vil det bli arbeid meir med i samanhang med verdi- og omdømmeprojektet i kommunen.

I **del II** er innhald og kvalitet i skulen sett i fokus. Her vert det vist til at kvalitet i skulen handlar svært mykje om den enkelte lærar sin faglege og pedagogiske kompetanse. Å halda fokus på dette vert eit prioritert lokalt tiltak frametter. Det er lite forskingsmateriale som kan gje signal om kva storleik på skulen har å seia for den enkelte elev/skulesamfunnet når ein ser bort frå kostnadene med små skular. Kommunen som skuleeigar er ein viktig del av kvalitetsutviklinga og har som oppgåve å utvikla sitt eige lokale kvalitetsvurderingssystem. Økonomigjennomgangen viser at Lindås kommune brukar store ressursar på området. Ressursar pr. elev ligg høgt over det som tilsvarande kommunar nyttar. Fordelinga skulane mellom er no kome inn i eit godt spor med god dokumentasjon som sikrar meir rettvis handsaming av den enkelte skule.

Del III omhandlar ”Tidleg innsats” og ”Alternativ opplæring”. Dette vert å sjå på som to sider av same sak. Om kommunen lukkast med si satsing på tidleg innsats, vil behova for alternative opplæringstiltak verte reduserte. Førebels har vi ein situasjon som tilseier at det er viktig å halda fokus på ”Tidleg innsats” samtidig som det er klare behov for alternative opplæringstiltak.

Del IV omhandlar eksisterande skular og skulebygg. I sjølve plandokumentet er det ein kort presentasjon av alle skuleanlegga. Ein meir detaljert presentasjon er gjeve i eige vedlegg til planen (vedlegg 1). Det er eit stort etterslep på vedlikehald og oppdatering av eksisterande bygningsmasse både i høve tekniske krav og pedagogiske tilpassingar. Rapporten tek for seg den enkelte skule og dei manglar og tiltak som vert kravd for naudsynt oppgradering. Oppgradering av uteområda bør få sin klare plass i dette, jamfør signal frå statleg hald og klare varsel om dårlegare helse hjå elevane i grunnskulen. Etterslepet på skuleanlegga er så stort at det ikkje vil vera råd å nå dei tilrådde måla for skuleanlegga innafør komande 4-årsperiode. Det bør likevel vera eit mål å ha slik kvalitet innafør ein periode på 6-8 år og at det i komande økonomiplan vert sett opp klare prioriteringar for slik framdrift.

Del V presenterer prognosar om forventa utvikling i folketal og elevtal i heile kommunen og dei ulike skuleområda. Prognosen er utarbeida av Norconsult i juli 2009. Prognosen vert nytta som grunnlag for vurdering av framtidig skulekapasitet og for å kunne skissere mogelege skulestrukturar for framtida med utgangspunkt i forventa endringar i elevmassen.

Del VI peikar på ulike alternativ for skulestrukturar for framtida. Som omtalt ovafor må endringar vegast opp mot kva som vil vera alternativ bruk av dei til ei kvar tid avsette ressursane. Ved handsaminga av den førre kommunedelplanen vart det lagt stor vekt på den enkelte skule sin funksjon i lokalsamfunnet. Dette har og fått sin plass i vurderinga og er vege opp mot målet om å sikra eit likeverdig og godt skuletilbod for alle elevane i kommunen.

Konklusjon: Etter ei grundig fagleg og økonomisk avveging, rår konsulenten til at framtidig skulestruktur i Lindås kommune følgjer alternativ B1a for barnesteget (nedlegging av skulane Skodvin, Myking, Eikanger og Festo), og ingen endring for ungdomssteget (alternativ U0). Ny ungdomsskule i Alversund vert ikkje tilrådd. Tilrådd alternativ inneber oppgradering og utbygging av dei fleste attverande skuleanlegga. Det er og ei klar tilråding frå konsulenten at skular som skal ta i mot elevar frå andre skular må ha god nok plass til elevane og at eventuell utbygging og ombygging vert gjennomført før dei nye elevane kjem. Dette inneber at alle strukturendringane ikkje kan gjennomførast med ein gong, men det er viktig å gjere vedtak om dei endringar som skal gjennomførast før planlegging av ombygging og utbygging på mottaksskulane startar.

Rådmannen ser fram til ein grundig debatt kring kommunedelplanen og konsulenten sitt framlegg, og ønskjer å presisera at planen ikkje er tufta på økonomiske innsparingar. Om skular vert lagd ned som ein følgje av denne planen, ligg det i rådmannen si målsetting at dei frigjorte økonomiske midlane skal haldast innanfor skule og styrkja kvaliteten i skulane totalt.

Planen vert send ut til høyring til fylkesmannen, SU ved alle skulane, Utdanningsforbundet, fagforbundet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet og politisk arbeidsgruppe ”Kvalitet i skulen”. Alle andre interesserte vert også invitert til å koma med innspel til høyringa på kommunen sine heimesider. Planen vert send ut 26.august.

Høringsfrist er sett til 28.september.



1 Plangrunnlag

1.1 Innleiing og bakgrunn

Som ein følgje av Kunnskapsløftet, har kvalitet og kvalitetssikring av opplæringa vore viktige tema siste åra. Det er naturleg å fastsetja mål og strategiar for dette arbeidet i ein kommunedelplan for grunnskulen.

Førebuing av oppstart av kommunedelplanarbeidet vart vedteken i samband med vurdering av kvalitet i grunnskulen i Lindås våren 2008. Gjennomgang av den bygningsmessige situasjon for skulane i 2008 synte behov for store investeringar for å få gode og godkjende skuleanlegg innan 4-årsperioden. Kommunestyret vedtok i sitt økonomiplanvedtak å utsetja mange av desse investeringane til det låg føre ein kommunedelplan for grunnskulen. Vurdering av ein eventuell ny ungdomsskule for Alversund skal etter gjeldande vedtak vurderast innan 2010 og vert difor ein del av denne planen. Framdrifta for planarbeidet har vore stram då kommunestyret har vedteke at planen skal vera klar til handsaminga av budsjett for 2010.

Kommunestyret i Lindås gjorde 11.12.2008 følgjande vedtak:

Det skal i 2009 gjennomførast ein kommunedelplan for skule. Gjennom arbeidet med kommunedelplanen må også alternativ opplæring vurderast med omsyn til "tidleg innsats". Det vert avsett 0,5 mill. kr til dette arbeidet. Arbeidet må vera ferdig til neste års budsjetthandsaming 2010.

1.2 Mål for kommunedelplan for grunnskulen i Lindås

Det er eit overordna mål for kommunen å sikra kvalitet i skulen og optimal bruk av dei rammene kommunen til einkvar tid rår over. Ein ønskjer å oppnå ein best mogeleg skule innafør gitte rammer. Planen er ikkje tufta på økonomiske innsparingar slik situasjonen ofte er i andre kommunar. I denne planen vil ein halda fokus på kvalitet. Frigjorte økonomiske midlar skal haldast innanfor skule og styrkja kvaliteten i skulane totalt.

Kommunedelplanen skal ha eit langsiktig perspektiv og medverka til:

- å sikra eit likeverdig og godt skuletilbod til alle elevane i kommunen
- å sikra eit godt arbeidsmiljø for alle elevar og tilsette
- å sikra at elevane har ei akseptabel reisetid i samband skuleskyss
- å sikra nok skuleareal, både ute og inne
- å sikra at skuleareala er godkjende etter gjeldande lov- og regelverk
- å sikra funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg
- å sikra ein stabil skulestruktur over tid

1.3 Organisering av planarbeid, planprosess og framdrift

1.3.1 Organisering av arbeidet

- Styringsgruppe = Levekårsutvalet
- Administrativ prosjektgruppe = rådmann, skulerådgjeverar, einingsleiar eige dom
- Referansegruppe = nettverk for einingsleiarar + rektorane på småskulane
- Administrativ arbeidsgruppe leia av spesialrådgjevar for skule

1.3.2 Planprosess, involvering og høyring

Den administrative prosjektgruppa har hatt fleire interne møte i løpet av våren samt møte med konsulent før og undervegs i arbeidet. Prosjektgruppa har i samarbeid med konsulent hatt eit møte med referansegruppa.

Planen vert send til høyring til: Fylkesmannen, SAU ved alle skulane, Utdanningsforbundet og politisk arbeidsgruppe "Kvalitet i skulen".

Det vert gjennomført 4 krinsmøte i samband med høyringa – eit møte i kvar ungdomsskulekrins samt eit eige møte i Alversund.

Den politiske arbeidsgruppa "Kvalitet i skulen" har vore ein samarbeidspart i prosessen ved utveksling av informasjon og synspunkt. Nokre innspel frå arbeidsgruppa er arbeid inn i plandokumentet. Arbeidsgruppa vil i tillegg leggja fram eit eige notat til levekårsutvalet i august.

1.3.3 Framdrift

20.01.09	Handsaming av planprogram, planprosess og organisering av planarbeidet i levekårsutvalet
20.01.09	Oppstart av planarbeidet
26.01.09	Offentleg kunngjering
02.03.09	Frist for merknadar og innspel til planprogrammet
31.03.09	Godkjenning av endeleg planprogram i levekårsutvalet
11.06.09	Framlegg av hovudpunkt i høyringsutkastet i levekårsutvalet
03.09.09	Framlegg av endeleg høyringsutkast for levekårsutvalet.
04.09.09	Planen vert lagt ut til høyring og det vert gjennomført 4 krinsmøte; 15., 16., 17. og 23.september
28.09.09	Høyringsfrist
01.10.09	Høyring i formannskapet
03.11.09	Handsaming av endeleg framlegg i levekårsutvalet
26.11.09	Handsaming og vedtak i kommunestyret

1.3.4 Bruk av ekstern konsulent- prosess og gjennomføring

Kommunen har brukt Norconsult som konsulent til dei delane i planen som omhandlar vurdering av skuleanlegg, elevtalsutvikling og skulestruktur (del IV, V og VI, samt til det som omhandlar skuleanlegg i del II). Konsulenten har og, i tett samarbeid med kommunen, hatt ansvar for samansying av endeleg plandokument.

Arbeidet til konsulentene har vore delt inn i fem fasar:

Fase 1: Førebuingar

Oppstartsmøte med den administrative arbeidsgruppa vart gjennomført i mars 2009. På dette møtet vart ein samde om innhald og omfang. Utgreiingsarbeidet starta opp i april 2009. I forkant av synfaringane (i fase 2) vart det sendt ut eit spørjeskjema til dei enkelte skulane for innhenting av informasjon om kvart anlegg. I spørjeskjemaet vart det samla inn nøkkeltal for verksemda, informasjon om bruken av anlegget og synspunkt på om anlegget er funksjonelt og eigna som /skuleanlegg (kva som er bra og eventuelle manglar), samt tankar om framtidig skulestruktur. Skildringa av skuleanlegget vart tilsendt skulane for kommentar i juni 2009.

Fase 2: Registreringar (synfaringar)

Synfaringane vart gjennomført i mai 2009. I tillegg til å gå gjennom skuleanlegga, var ein viktig del av synfaringa å snakke med rektor/einingsleiar om bygningsmessige og skulestrukturmessige utfordringar både på eigen skule og i kommunen generelt. Dette for å få eit bredt fundament for dei strukturalternativ som skulle presenterast i kommunedelplanen. (vurdering av teknisk tilstand og vedlikehaldsbehov på skulane vart utført av Multiconsult våren 2009).

Fase 3: Elevantalsprognosar

Elevantalsprognosane som ligg til grunn for analysane er utarbeida i juli 2009.

Fase 4: Analyser og vurderingar

Arbeidet med å analysere dagens situasjon og gjere vurderingar for framtida er gjort med utgangspunkt i kvalitetsdelen av kommunedelplanen, utdelt og innsamla materiale, synfaringane av anlegga og elevantalsprognosane.

Det er gjennomført eit møte med referansegruppa med tema:

- Mål for planarbeidet
- Tidsplan
- Prinsipp for utforming av skuleanlegg i Lindås
- Skulestruktur i Lindås
- Innspel frå deltakarane – debatt

Rektorane og einingsleiarane på skulane er referansegruppe for kommunedelplanen. Dei har fungert som et diskusjonsforum, men medlemmer står ikkje til ansvar for tilrådingane i plandokumentet.

Fase 5: Rapportering

Rapportering frå Norconsult sitt arbeid vart innarbeida i kommunedelplanen i august 2009.

1.4 Rammevilkår – lov, regelverk og læreplan

Opplæringslova

1.4.1 Formålet med opplæringa

§ 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

1.4.2 Nærskuleprinsippet

§ 8-1 Skolen

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.

1.4.3 Skulestorleik

§ 9-5 Skoleanlegga

Til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar.

1.4.4 Skyss

Rett til skuleskyss er heimla i opplæringslova (op.l) §7-1 som lyder:

Elevar i 2. – 10.klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrense to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett på gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Fylkeskommunen har hovudansvar for organisering og finansiering av skyss for skuleelevar. Dette er heimla i opplæringslova §13-4, som m.a. lyder:

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg,[...] Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss.[...] Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelvar.

Det er og sett opp grenser for kva gangavstand elevar kan ha til offentleg skyssmiddel. I merknader frå Ot.prp. nr 46 (1997/1998) til §7-1 i opplæringslova vart det gitt følgjande føringar:

Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskild skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskild skyss på denne strekninga.

Merknader til Ot prp nr.46 1997/1998 til § 7-1 Skyss og innlosjering

Skoleskyssen skal organiserast slik at elevane får ei akseptabel reisetid. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir eleven sin alder vektlagt. Elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen. I følgje rundskriv N-4/85 frå samferdselsdepartementet blir det tatt utgangspunkt i følgjande reisetider (gangtid+ventetid+tid på transportmiddel):

- * 45 minutt for 1. – 4. årssteg*
- * 60 minutt for 5. – 7.årssteg*
- * 75 minutt for 8. – 10.årssteg*

Reisetidene er rettleiande og gjeld ikkje elevar som går på annan skule enn nærskulen. Dersom tid på transportmiddel utgjer hovuddelen av samla reisetid kan elevane ikkje rekne med å få eit skyssstilbod som er innanfor dei rettleiande reisetidene. Ved lang reisetid på transportmiddel må eleven likevel rekne med reisetid. (Hordaland fylkeskommune – Skysshandbok 2008/2009)

I samband med ei klagesak til Sivilombudsmannen har Utdanningsdirektoratet presisert følgjande:

Med "reisetid" menes den tiden som går med til reise fram og tilbake mellom skolen og hjemmet. Elevens ventetid regnes frå eleven kommer frem til skolen, uavhengig av om ankomsttid er før eller etter skolens ordinære åpningstid. Tilsvarende vil det gjelde ved ventetid før avreise, ventetiden starter fra elevenes opplæring er slutt, uavhengig av skolens ordinære åpningstid. (Fylkesmannen i Hordaland 22.05.2009)

1.4.5 Organisering av elevar i klasser/grupper

§ 8-2 Organisering av elevane i grupper

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.

1.4.6 SFO

§ 13-7. Skolefritidsordninga

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om

- a. Eigarforhold*
- b. Kven som er opptaksmyndigheit*
- c. Opptakskriterium*
- d. Opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen*
- e. Foreldrebetaling*
- f. Leike- og opphaldsareal*
- g. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h. Bemanning og leiging*

1.4.7 Skulebibliotek, inventar, utstyr og læremiddel

§ 9-2 Rådgiving og skulebibliotek

Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

§ 9-3 Utstyr

Skolane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremiddel.

§ 9-4 Lærebøker og andre læremiddel

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

Norske lærebøker som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med læreboknormalen slik denne er fastsett i forskrifter med heimel i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste. Med lærebøker er her meint alle trykte læremiddel som elevane regelmessig bruker for å nå vesentlege delar av kompetansemåla i eit fag.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.

Ordlister til skolebruk skal godkjennast av Norsk språkråd.

Departementet gir nærmare forskrifter om kva læremiddel som er omfatta av kravet i første leddet.

1.4.8 Skulebygg

§ 9a-1 Generelle krav

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9-5 Skoleanlegga

Kommunen skal sørgje for tenlege grunnskolar.

1.4.9 Uteområde

I Ot.prp. nr. 55 (2008-2009) finn ein m.a. fylgjande formuleringar:

Alle elever skal aktiviseres, aktiviteten skal være lystbetont og den skal gi elevene en mulighet til å være fysisk aktive uansett funksjonsevne eller andre forutsetninger.

Skoleeier bør ta hensyn til elevenes interesser og evner ved utformingen av et aktivitetsopplegg.

Skoleeier skal tilrettelegge for at aktivitetene:

- er fysisk helsefremmende
- er psykisk helsefremmende
- gir elevene glede og mestringsfølelse
- er med på å gi elevene en variert skoledag
- bidrar til å fremme sosial kompetanse

1.4.10 Kompetansekrav

§ 10-1. Kompetansekrav for undervisningspersonell

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i grunnskolen og i den vidaregåande skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Departementet gir nærmare forskrifter om krav til utdanning og praksis for den som skal tilsetjast i undervisningsstillingar på ulike årssteg og i ulike skoleslag.

Nye kompetansekrav i forskriftene gjeldande frå 01.08.2008:

- *Ved tilsetjing for undervisning i faga norsk, matematikk eller engelsk på ungdomstrinnet i grunnskolen må vedkommande ha minst 60 studiepoeng relevant utdanning for tilsetjingsfaget*

Plan- og bygningslova

1. juli 2009 tredde den nye plan- og bygningslova i kraft (LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling). Lova gjev kommunen eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, m.a. barn og unge. Den nye lova er meir brukarvenleg, og temaet universell utforming står meir sentralt enn i tidligare lov. ”Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig”. Lova vil stille krav til universell utforming av bygg, anlegg og uteområde som er retta mot allmenta.

§ 5-1. Medvirkning

Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.

Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova (universell utforming)

Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova tredde i kraft 01.01.2009 (LOV 2008-06-20 nr 42: Lov om forbod mot diskriminering grunna nedsett funksjonsevne). Dette er ei lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Det er hovudsakeleg §§ 9 og 12 som skal sikre at omsynet til menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretatt ved at det er innført plikt til generell- og individuell tilrettelegging. Brot på denne plikta vil regnast som diskriminering og gjev klagerett. Likestillings- og diskrimineringsnemnda skal handheve lova i samanheng med klager på diskriminering.

§ 9. Plikt til generell tilrettelegging (universell utforming)

Offentlig virksomhet skal arbeide aktivt og målrettet for å fremme universell utforming innenfor virksomheten. Tilsvarende gjelder for privat virksomhet rettet mot allmennheten.

Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig.

Offentlig og privat virksomhet rettet mot allmennheten har plikt til å sikre universell utforming av virksomhetens alminnelige funksjon så langt det ikke medfører en uforholdsmessig byrde for virksomheten. Ved vurderingen av om utformingen eller tilretteleggingen medfører en uforholdsmessig byrde skal det særlig legges vekt tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, hvorvidt virksomhetens alminnelige funksjon er av offentlig art, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen, virksomhetens ressurser, sikkerhetsmessige hensyn og vernehensyn.

Brudd på plikten til å sikre universell utforming etter tredje ledd regnes som diskriminering.

Det regnes ikke som diskriminering etter fjerde ledd dersom virksomheten oppfyller nærmere bestemmelser i lov eller forskrift om innholdet i plikten til universell utforming.

§ 12. Plikt til individuell tilrettelegging

Arbeidsgiver skal foreta rimelig individuell tilrettelegging av arbeidsplass og arbeidsoppgaver for å sikre at en arbeidstaker eller arbeidssøker med nedsatt funksjonsevne kan få eller beholde arbeid, ha tilgang til opplæring og annen kompetanseutvikling samt utføre og ha mulighet til fremgang i arbeidet på lik linje med andre.

Skole- og utdanningsinstitusjon skal foreta rimelig individuell tilrettelegging av lærested og undervisning for å sikre at elever og studenter med nedsatt funksjonsevne får likeverdige opplærings- og utdanningsmuligheter.

Kommunen skal foreta rimelig individuell tilrettelegging av barnehagetilbud for å sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får likeverdige utviklings- og aktivitetsmuligheter.

Kommunen skal foreta rimelig individuell tilrettelegging av tjenestetilbud etter sosialtjenesteloven og kommunehelsetjenesteloven av varig karakter for den enkelte, for å sikre at personer med nedsatt funksjonsevne får et likeverdig tilbud.

Plikten etter første til fjerde ledd omfatter ikke tilrettelegging som innebærer en uforholdsmessig byrde. Ved vurderingen av om tilretteleggingen medfører en uforholdsmessig byrde skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Brudd på plikten til individuell tilrettelegging etter første til femte ledd regnes som diskriminering

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler har vore gjeldande frå 1. januar 1996. Formålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar, grunnskular og vidaregåande skuler fremmer helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og førebygg sjukdom og skade. Forskrifta bidreg til å sikre eit samla regelverk for barnehagar og skular. Forskrifta er utarbeida i samarbeid med Statens helsetilsyn.

Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet er ein omfattande reform av heile grunnopplæringa som vart innført frå skuleåret 2006/2007. Reforma har ført til ei rad med endringar i skulen sitt innhald, struktur og organisering. Målet for Kunnskapsløftet er at alle elevar skal utvikla grunnleggjande dugleik og kompetanse for å kunne ta aktivt del i kunnskapsamfunnet. Norsk skule skal vere ein inkluderande skule der alle skal ha dei same vilkåra for å utvikla seg etter evner og

føresetnadar. Kunnskapsløftet skal medverka til å sikra tilpassa opplæring for alle elevar og leggja auka vekt på læring.

I reforma ligg det tre hovudelement:

- Nye læreplanar med fokus på grunnleggjande dugleik og kompetanssmål
- Nasjonalt system for kvalitetsvurdering
- Endringar i lov og forskrifter

I kunnskapsløftet er dei utdanningspolitiske krava at skulen skal ha eit sterkare fokus på tilpassa opplæring og læringsresultat. Skulane skal vere lærande organisasjonar. Ein lærande organisasjon lærer av sin eigen praksis – undersøker praksis og reflekterer over det dei gjer på ein slik måte at dei er i stand til å endra praksisen sin. Elevane si læring er det sentrale, og det som til sist skal legitimera all anna aktivitet.



2 Innhald og kvalitet i skulen

2.1 Kommunale styringssignal

Det er ønskeleg for kommunen å ha nokre kommunale styringssignal, eller standardar, for utforming av skuleanlegg. Desse skal definere sentrale funksjonar i anlegget, og gje rettleiande arealrammer, men skal ikkje skildre konkrete løysningar. Dei konkrete løysningane må utformast i samarbeid med brukarane i kvart enkelt byggjeprojekt.

Det er meininga at innhaldet i dette kapittelet skal danne grunnlaget for framtidige skuleombyggingar, skuleutvidingar og bygging av nye skuleanlegg i Lindås kommune. Store etterslep på vedlikehald og høge kostnader gjer at det naturleg nok vil måtte gå ein del år før alle skuleanlegga i kommunen er utforma i tråd med standardane i dette kapittelet. Standardane er utarbeida etter møte med rektorar/einingsleiarar og arbeidsgruppe.

Det er forska lite på samanhengen mellom elevar og læringsutbytte deira og utforming av skulebygg. Truleg vil det vere vanskelig å finne fram til klare korrelasjonar og optimale løysingar fordi ei rekkje ulike variablar gjer seg gjeldande samstundes. Nokre slutningar kan likevel nemnast. Allereie på 70-tallet slo Thomas Gordon fast at klasserom på 60 kvadrat med i underkant av 30 elevar, sittande på same stol time etter time, dag etter dag, kanskje ikkje er den optimale læringssituasjonen. Det var truleg heller ikkje dei heilt opne landskapa, som vart bygd som følgje av kritikken. Både klasserommet og det opne landskapet kan sette uønska fysiske rammer for den pedagogiske verksemda. Det er behov for arkitektoniske løysingar som ikkje sett grenser, men opnar opp for variert og fleksibel bruk av rom og areal. Sjølv om ein ikkje kan trekke klare slutningar kring utforming av skulebygg og elevane og deira læringsutbytte, er det likevel mogleg å seie noko om korleis barn lærer og gode rammer og føresetnader for læring. Av den grunn bør forskinga kring læring ligge til grunn for

planlegging av nye skular i Lindås. Dersom planlegging av skuleanlegg byggjer på kunnskapen vår om korleis barn lærer, kan vi utforme læringsareal som er funksjonelle og levedyktige trass i skiftande reformer og læreplanar.

2.1.1 Korleis lærer barn

Forskning viser stor variasjon i barn og unge sine føresetnader for læring, deira former for intelligens og læringsstilar. Kunnskap om læring tilseier at den lærande sjølv må vere aktiv i utvikling av eigen kompetanse. Dei lærer språk, omgrep, fakta, strategiar og metodar gjennom samspel og kommunikasjon med andre. Formidling i klasserom og forklaring frå tavla passiviserer mange elevar, og byggjer i stor grad på plikta læraren har for å undervise. Elevane lærer gjennom kommunikasjon og samspel med andre individ som kan noko meir, eller noko anna enn dei sjølv. Læraren og medelevar blir sentrale aktørar i den einskilde si læring. Forskning støtter under kor viktig læraren er i elevar si læring. Interaksjon med andre elevar og kompetente vaksne blir difor av signifikant tyding. På same tid lærer barn og gjennom andre verktøy. Det kan vere lærebøker, konkretar og læringsmateriell.

Tydelege mål og forventningar, variasjon, grad av kontroll over utøving av læringsarbeidet og tilbakemelding, er sentralt for motivasjonen elevar har for læringsprosessar. Albert Bandura (2003) understrek betydninga av barns meistringsforventningar i læringa. Det vil seie i kva grad barnet trur at det vil meistre oppgåva det blir sette til, eller kan klare å lære det aktuelle fagstoffet. Forventinga til å meistre er avgjerande for barnet sin motivasjon for å gå løys på ei oppgåve. Dersom barnet ikkje forventar at det vil meistre ei utfordring det er stilt ovanfor vil det finne ulike strategiar for å unngå læringssituasjon. Meistringsforventning vert bygd opp av tidlegare erfaringar med å meistre. Difor er det avgjerande at elevar blir stilt overfor oppgåver dei kan klare og møter krav dei har føresetnader for å innfri.



2.2 Ny forskning om kvalitet

Kva legg vi i kvalitet i skulen? Forskar Thomas Nordahl peikar på at ein med kvalitet meiner kva som kjenneteiknar skular som gjer det godt og at kvalitet vert knytt til dei områda i skulen som medverkar til gode resultat. Med resultat tenkjer ein dei faglege prestasjonane til elevane, deira sosiale læring og utvikling, deira trivsel og at elevane syner ei hensiktsmessig åtfærd (T.Nordahl 2005)

Nordahl viser til følgjande fellestrekk ved kvalitativt gode skular:

- *Kollektivt orienterte skoler som har klare mål, et sterkt samarbeid mellom lærere og en klar læringskultur. Den privatpraktiserende lærer er ingen garanti for en god skole.*
- *Lærere som leder klasser/grupper ved å ha kontroll, struktur og engasjement. Lærere framstår med autoritet. Det innebærer både kontroll og varme.*
- *Lærere med gode faglige kunnskaper og som stiller faglige krav til elevene.*
- *Skoler og klasser/grupper der det er et godt sosialt miljø mellom elevene.*
- *Et samarbeid mellom hjem og skole der foreldre blir tatt på alvor og har innflytelse på opplæringen og elevenes situasjon.*

Områder som i liten grad har sammenheng med kvalitet

- *Lærertetthet i form av antall elever pr. lærer viser liten sammenheng med ulike mål på kvalitet i skolen.*
- *Ressursinnsats knyttet til skolebygninger viser liten sammenheng med resultater. Atferdsproblemer har imidlertid sammenheng med vedlikehold.*
- *Variasjon i arbeidsmåter alene ser i liten grad ut til å ha effekt på elevenes prestasjoner.*
- *Ansvar for egen læring gjennom f.eks. arbeidsplaner/ ukeplaner har lav og i noen tilfeller negativ sammenheng med prestasjoner.*

(T.Nordahl 2005)

2.2.1 Læraren og kvalitet

Ei av hovudutfordringane i Kunnskapsløftet er å heva det faglege nivået for alle elevgruppene i skulen. Av den grunn er det viktig med ei god forståing av kva som fremmar og kva som hemmar læring og kva som kan gjerast på ulike nivå for å gjere skulen betre i stand til å nå måla for grunnopplæringa. Det er mange faktorar som verkar inn på elevane si læring og meistring. I St.melding nr.31 kan vi lesa om læraren si avgjerande rolle *”Læreren kompetanse og samspill med elevene er den viktigste faktoren i skolen som har betydning for elevenes opplæring.”* Det eksisterer ei rad med undersøkingar som viser kva trekk i dette samspelet mellom lærar og elev som er avgjerande. Det handlar om læraren si evne til å etablere eit godt sosialt miljø, skapa ro og orden i undervisninga, leggja vekt på læring, variere undervisninga, følgja opp elevane i deira utvikling og gje dei gode tilbakemeldingar samt samarbeida godt med heimane. **Kvalitet i skulen vil med andre ord handla mykje om læraren sin faglege og pedagogiske kompetanse.** Dette får konsekvensar for kva vi skal satsa på lokalt. Vi viser til kapittel 2.5 Lokalt arbeid med kvalitetsutvikling – strategi og tiltak.

2.2.2 Skulestorleik og kvalitet

Små skular i Noreg vert definert som skular under 130 elevar. Store skular er dei over 500 elevar. Middels store ligg mellom dette. Internasjonalt er desse tala mykje høgare. Små skular vert her definert som skular under 300 elevar. Mange av skulane i Lindås må ut frå dette kunne definerast som ”særsmå skular”.

Kva seier så forskinga om samanhengen mellom skulestorleik og kvalitet? Tone H. Sollien i Asplan Viak har gått gjennom denne forskinga for å sjå om det er grunnlag for å seie at små tilhøve gjev betre fagleg og sosial kvalitet enn tilhøve på større skular. Ho konkluderar med at skulestørrelse i liten grad påverkar kvaliteten i skulen (Sollien 2008).

Forskar Thomas Nordahl peikar på følgjande aspekt:

- *Det er store forskjeller mellom norske skoler, men disse forskjellene kan i liten grad knyttes til skolestørrelse.*
- *Små skoler har ikke bedre prestasjoner hos elevene*
- *Det er mer spesialundervisning i små skoler. Det kan være en indikasjon på mer læringsproblemer blant elevene.*
- *De sosiale miljøene mellom elevene er sårbare i små skoler.*
- *Samarbeid mellom skole og hjem er ikke bedre i små skoler.*
- *Lærertettheten er klart størst i små skoler, men denne ressursinnsatsen ser ikke ut til å gi bedre resultater.*

(Thomas Nordahl 2005)

Andre peikar på at det kan vere fleire positive sider ved å slå saman skular for å etablere større einingar. Ein får eit breiare fagleg og sosialt miljø, både for elevane og dei tilsette. Det vert vist til positive tilbakemeldingar frå elevar og foreldre som er overflytta frå små til større skular (mellom anna i Ringerike). Det er også ein realitet at elevar på forskjellige skular allereie på eit tidleg tidspunkt knyter sosiale nettverk på tvers av opptaksgrensar, til dømes ved deltaking i idrett og kulturaktivitetar.

2.2.3 Skulebygg og kvalitet

Østlandsforskning har kartlagt nasjonal og internasjonal forskning på samanhenger mellom det fysiske miljøet og læringsutbytte. I samheng med fysisk miljø og læringsutbytte har dei sett på elevane si haldning til dei fysiske omgjevnadane, klassestorleik og klasserom versus opne skular med baser. Studien syner at det ikkje er nok forskning på området til å kunne seie at ei særskild utforming av skulebygget er betre enn andre. Også her vert det vist til andre faktorar, særskild lærarane og foreldre som dei viktigaste for læringsmiljø og læringsutbytte. Om ei bestemt form for organisering av skulen skal fungere, må lærarane og foreldra vere med på dette. ”Skulen er med andre ord en konstant ”dugnad” mellom foreldre, elever og lærere” (Østlandsforskning 2008).

Sjølv om det kanskje ikkje kan dokumenterast ein direkte samheng mellom utforming av skuleanlegg og læringsresultat, er det liten tvil om at ein gjennom utforming av skulen kan legge betre til rette for tilpassa opplæring, den organisering og dei arbeidsmåtar som ein ønskjer å bruke. Dersom arkitektur og pedagogikk spelar på lag, legg ein tilhøva best til rette for ein god skule.

Den nasjonale rådgjevingstenesta for skuleanlegg, som er ei teneste frå Utdanningsdirektoratet, har nettsider (<http://skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no>) der det er lagt ut forskning og utgreiing (FOU) om skuleanlegg, samt konkrete råd om utforming. Her kan ein og laste ned rapporten frå Østlandsforskning.



2.3 Politisk arbeidsgruppe – ”Kvalitet i skulen”

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i PS 31/08 : Kvalitetsmelding om grunnskulen 13.03.08:

- *Lindås kommune startar arbeidet med å rullera kommunedelplan skule der mellom anna skulestrukturen blir diskutert.*
- *Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal ha fokus på kvalitet i skulen i Lindås og som skal vera pådrivar for arbeidet med å rullera kommunedelplanen.*
- *Arbeidsgruppa består av 3 politiske representantar: Egil Hovda (H), Arne Ramslien (Krf) og ein representant frå Sp. Gruppa skal koordinera arbeidet med saka i kontrollutvalet.*

Ingeborg Askeland vart seinare vald som Sp sin representant, og gruppa valde ho som leiar for arbeidet. Anne Wergeland har vore administrasjonen sin representant i gruppa og fungert som sekretær.

Mandat:

Gruppa har drøfta nødvendig avgrensing av mandatet. Dei fire følgjande områda har vore sentrale i arbeidet:

1. Planarbeid
 - a. Kvalitetsplanar på kommunenivå og på skulenivå
 - b. Kommunedelplan for skule
2. Struktur og administrasjon
3. Læringsarbeid
4. Resultatvurdering

Gruppa si oppgåve:

Arbeidsgruppa skal leggje fram ei sak i kommunestyret om kvalitet i grunnskulen generelt og i Lindåsskulen spesielt. Saka skal gje eit grunnlag for og vera ein pådrivar for rullering av kommunedelplanen for grunnskulen.

Gruppa har hatt 13 møte. Innspel frå arbeidsgruppa i samband med lokale mål for kvalitet er forsøkt arbeid inn i plandokumentet. Arbeidsgruppa vil i tillegg leggja fram ein eigen rapport til levekårsutvalet i august.

2.4 St.melding nr.31(07-08) ”Kvalitet i skolen”

I 2007 la Kunnskapsdepartementet fram Stortingsmelding nr.31 om ”Kvalitet i skolen”.

Stortingsmeldinga gjev eit bilete av kva nasjonal utdanningspolitikk i dag vektlegg med omsyn til kvalitet i skulen og korleis kvaliteten kan vidareutviklast:

”Norsk skole har mange kvaliteter, men det er bekymringsfullt at elevene har dårlige læringsresultat. Det store frafallet i videregående skole er et utslag av at kvaliteten er for dårlig” (St.melding nr.31 2007-2008).

”God kvalitet i grunnopplæringen er både en investering i den enkeltes livsprosjekt og i vår felles framtid” (St.melding nr.31 2007-2008).

Kvalitet i grunnopplæringa er kjenneteikna av i kor stor grad dei ulike måla for opplæringa vert oppfylte. Stortingsmeldinga drøfter kva som fremmar elevane si læring. Ny forskning framhevar spesielt samspelet mellom lærar og elev, tidleg innsats, lærarane si utdanning, kompetanseutvikling og samarbeid mellom dei ulike nivåa i forvaltninga - stat, kommune og skule. Det er tydelege forventningar om at skuleeigarar og skular skal stå fram som lærande organisasjonar. Skulevurdering og elevvurdering vert viktige reiskap i arbeidet.

Stortingsmeldinga sett opp følgjande nasjonale mål for kvalitet:

1. ”Alle elever som går ut av grunnskolen, skal mestre grunnleggende ferdigheter som gjør dem i stand til å delta i videre utdanning og arbeidsliv.”
2. ”Alle elever og lærlinger som er i stand til det, skal gjennomføre videregående opplæring med kompetansebevis som anerkjennes for videre studier eller i arbeidslivet.”
3. ”Alle elever og lærlinger skal inkluderes og oppleve mestring.”

Det nasjonalt utvikla kvalitetsvurderingssystemet som ein finn på

<http://skoleporten.utdanningsdirektoratet.no> skal vere ein støtte for skulane og kommunane i arbeidet med kvalitetsutvikling.

”Utdanningsspeilet” er ein årleg publikasjon frå Utdanningsdirektoratet som visar tilstanden i grunnopplæringa. Her vert det gitt ei samla framstilling av aktuell statistikk, forskning og analysar om grunnopplæringa i Noreg. I Utdanningspeilet 2008 (utarbeid i 2009) kjem det fram at det framleis er **læringsresultata frå grunnskulen** og heimebakgrunnen til elevane som er dei viktigaste årsakene til at mange elevar og lærlingar fell ut av videregående opplæring (Utdanningspeilet 2008).


2.5 Økonomi

Dei økonomiske rammene skal til ei kvar tid sikra eit likeverdig og godt skuletilbod til alle elevane i kommunen.

System for ressursfordeling i Lindås kommune

Kommunestyret fastset den samla nettoramme for tenesteområde grunnskule. Rådmannen fordeler denne mellom skulane. Grunnskulen sitt skuleår avvik frå budsjettåret. Det er difor ei utfordring å få til ein kvalitativt god budsjettprosess. Konkret vert dette løyst ved at rådmannen i samarbeid med einingane om våren når nytt skuleår vert planlagd, omfordeler ressursar mellom skulane.

Det er to sentrale ressursfordelingar. For det første skal undervisningstimar og assistentimar fordelast. I tillegg kjem fordelinga av driftsmidlar, til dømes midlar til læremidlar og undervisningsmateriell. Som figur under syner, utgjør lønn og sosiale utgifter ein vesentleg del av ressursinnsatsen i grunnskulen.



Målet med ressursfordelingane er ei mest mogeleg likeverdig fordeling av rammene mellom skulane ut frå deira dokumenterte behov.

Undervisnings- og assistentimar:

Sentrale føringar ligg til grunn for utrekning av timeressursar i grunnskulen i Lindås.

Kommunestyret har gjort vedtak om at ein skal nytta minstetimetallet (grunnressurs) etter klassesdelingsprinsippet (28/30 elevar pr. klasse) med eit tillegg på om lag 75 %. Denne potten vert fordelt mellom einingane etter dokumentert behov og drøfting med den einskilde einingsleiar.

Einingsleiarane definerer sine behov gjennom utfylling av eit kommunalt skjema (rekneark) der dei skriv inn data for eksisterande drift i inneverande skuleår og behov for eventuelle endringar neste skuleår. Skjema vert send rådgjevar i eksterne stabstenester. Rådgjevar kontrollerar og ev. oppdaterar data med grunnlag i GSI-tal frå pr. 1. oktober og utarbeidar så eit samla oversyn. Rådgjevar, økonomisjef, og einingsleiar har eit drøftingsmøte kring skulen sine behov og kommunen si samla tilgjengelege ressursramme. Det vert så gjort ei sentral vurdering av totalramma, ressursfordelinga mellom einingane og endeleg fastsetjing av årsverk til den enkelte skulen.

Sentrale element i samband med dei vurderingane som vert gjort er minstetimetallet (grunnressurs) og behov for spesialundervisning, norsk for framandspråklege elevar og delingstimar m.m. (fag, nynorsk/bokmål, storleik klasserom). I tillegg kjem behova for tilpassa opplæring, samt klassekontakt, IKT, bibliotek og spes.ped. kontakt.

D. Grunnskoleopplæring - nivå 2

	1263 Lindås 2006	1263 Lindås 2007	1263 Lindås 2008	KG08 Gj.snitt 1263 kommuneg ruppe 08 2008	KA12 Gj.snitt Hordalan d 2008	AKUO Gj.snitt landet utenom Oslo 2008
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbygger 6-15 år	73 497	78 354	86 486	80 051	77 173	78 430
Lønnsutgifter til grunnskole, per elev	65 659	67 640	73 695	63 515	62 362	62 121

Kostra-tala syner at Lindås kommune har relativt høge lønsutgifter pr elev i grunnskulen.

Driftsmidlar:

Hovudregelen er at driftsmidlar vert fordelt ut frå elevtalet ved den enkelte skulen. Det vert gjeve eit fast beløp pr skule (administrasjonstillegg). Driftsutgifter for til dømes opplæring, kurs, reiseutgifter og symjeopplæring vert ikkje fordelt etter elevtalet. Her vert det føreteke ei konkret vurdering for den enkelte skulen.

D. Grunnskoleopplæring - nivå 2

	1263 Lindås 2006	1263 Lindås 2007	1263 Lindås 2008	KG08 Gj.snitt 1263 kommuneg ruppe 08 2008	KA12 Gj.snitt Hordalan d 2008	AKUO Gj.snitt landet utenom Oslo 2008
Antall elever per datamaskin	5,00	4,40	3,20	3,70	3,50	3,50
Driftsutgifter til inventar og utstyr, per elev i grunnskolen	534	356	804	655	791	708
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskolen	1 158	1 951	2 122	1 977	1 808	1 808


Førebelse Kostra-tal for 2008 syner at Lindås kommune har ei relativt god dekning av datamaskinar, og ein relativt god ressurstilgang knytt til undervisningsmateriell, inventar og utstyr.

Utgifter pr skule (2008-tal)


I tillegg til løn og driftsmidlar, er det også knytt andre utgifter til skuledrifta. Dette kan til dømes vera skyssutgifter (skuleskyss) og byggutgifter (elektrisitet, vedlikehald, reinhald). Det er utarbeidd eit oversyn over korleis desse utgiftene er for den enkelte skulen i Lindås kommune (figur under).

Utrekningane er gjort med bakgrunn i endeleg rekneskap for 2008 og statistikkdata frå skuleåret 2007-2008. Elevtalet for 2007-2008 er nytta sidan 7/12 av drifta i 2008 er knytt til dette skuleåret. Utgiftene til kontorpersonale og einingsleiinga er fordelt på den enkelte skule innanfor eininga ut frå talet på elevar. Fordelinga mellom løn undervisning og assistentårsverk er føreteke på bakgrunn av rekneskapsdata. Det vert ikkje skild mellom ordinær undervisning og spesialundervisning i rekneskapsdata. Utgiftene til løn spesialundervisning og ordinær undervisning er difor fordelt ut frå statistikk i GSI.

Utgifter pr elev



Dei høgaste utgiftene pr elev er det på den minste skulen Festo skule, og skulen har dei høgste utgiftene innanfor gruppene administrasjon og ordinær undervisning. Dei lågaste utgiftene er det på den største skulen Alversund skule. Skulen har dei lågaste utgiftene innanfor gruppene ordinær og spesialundervisning samla.



Kostnader til ordinær undervisning er svært høge på Lindås ungdomsskule samanlikna med dei to andre skulane. Dette kjem av at skulen har små klasserom som gjer at årsstega ofte må delast i fleire klassar enn på andre skular av tilsvarande storleik.

2.6 Lokale mål for kvalitet

Kvalitetsutvalet for grunnskulen (NOU 2002 nr.10) presenterte ei tredeling av kvalitetsarbeidet i skulen: *Struktur-, prosess- og resultatkvalitet*. Lindås kommune har teke denne inndelinga i bruk i sitt lokale arbeid med kvalitet da den gjev ei logisk og oversiktleg måte å handsama kvalitetsutfordringane på.

2.6.1 Strukturkvalitet

Strukturkvaliteten handlar om dei ytre føresetnadane til skulen, noko som vil seie organisering og ressursar i brei forstand. Strukturkvalitet omfattar mellom anna lov-, regel- og planverk, den formelle kompetansen til lærarane, lærartettleik, storleik på elevgruppene og fysiske rammer.

Lokale mål for strukturkvalitet:

- Skulebygg og uteareal må stetta lovpålagte tekniske krav, krav om tryggleik og krav om eit godt innklima (internkontroll).
- Skulebygg og uteareal må utgjere eit heilskapleg læringsmiljø.
- Lærarane må ha funksjonelle kontorarbeidsplassar.
- Skulane må ha inventar, utstyr og læremiddel som tilrettelegg for tilpassa opplæring.
- Skulane må ha eit inspirerende skulebibliotek. Det skal vere ei viktig kjelde for læring og utvikling.
- Samfunnsutviklinga og teknologisk nyvinning gjer at det i skulen må satsast særskild på IT-utstyr og IT-kompetanse.
- Samla kompetanse på kvar skule må dekke dei faglege og metodiske kompetansekrava.
- SFO er ein viktig del av skulen sitt totale tilbod til dei yngste elevane. SFO på skulane må sikrast gode baseområde i tråd med dei lokale vedtektene.
- Dei økonomiske rammene skal til ei kvar tid sikra eit likeverdig og godt skuletilbod til alle elevane i kommunen.
- Skuleskyss skal organiserast slik at elevane får akseptabel transport til og frå skulen.

2.6.2 Prosesskvalitet

Prosesskvaliteten handlar om dei indre aktivitetane i skulen, noko som vil seie sjølve arbeidet med opplæringa. Det dreier seg om kvaliteten på relasjonar og prosessar i skulen, som mellom anna korleis lærarane sitt samspel med elevane er, elevane sitt samspel seg i mellom og inkludering av føresette. Prosesskvalitet omfattar såleis pedagogikk, praktisk bruk av denne og læringsmiljø.

Lokale mål for prosesskvalitet:

- Alle elevane i kommunen skal trivast på skulen, dei skal verte sett og verdsett kvar dag. Dei skal oppleve meistring og inkludering.
- Ingen elevar i Lindås skal oppleve mobbing.
- Elevane skal ta aktivt del i si eiga læring, klassen og skulen sitt læringsmiljø. Dei skal vere med å vurdere seg sjølve og få god rettleiing i læringsarbeidet.
- Det skal vere eit godt samarbeid mellom heim og skule. Skulane har hovudansvaret for skapa det gode samarbeidet.
- Skulane skal vere lærande. Dei skal lære av sin eigen praksis – undersøke praksis og reflektera over det dei gjer på ein slik måte at dei er i stand til å endra praksisen sin.

- Skulane skal ha gode demokratiske prosessar som involverer alle sentrale aktørar; elevar, lærarar, assistentar og foreldre/føresette.

2.6.3 Resultatkvalitet

Resultatkvaliteten er det ein ynskjer å oppnå med skulen, noko som vil seie kva elevane har lært og kva for ein kompetanse dei har oppnådd.

Lokale mål for resultatkvalitet:

- Elevane skal ha ei fagleg og sosial utvikling i tråd med deira evner og føresetnadar. Arbeidet i skulane skal retta seg inn mot det overordna målet for skulen:

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong. (§1-1 Formålet med opplæringa)

- Skulane skal så langt som mogeleg leggja til rette for tilpassa opplæring innanfor dei rammene dei rår over.
- Skulane skal leggja stor vekt på å utvikla elevane sine grunnleggjande dugleikar slik at dei vil vere i stand til å meistre vidare utdanning og yrkesopplæring. Dei grunnleggjande dugleikane er:
 - Å kunne uttrykka seg munnleg
 - Å kunne lesa
 - Å kunne skriva
 - Å kunne rekna
 - Å kunne bruka digitale verkty
- Skulane skal nytta det nasjonale og det lokale kvalitetsvurderingssystemet i arbeidet med å styrkje elevane sin totale kompetanse.
- Læreplanane i Kunnskapsløftet inneheld kompetansemål som skildrar det elevane skal kunna etter 4., 7. og 10.årssteg. I mange fag er det også kompetansemål etter 2.årssteg. Kompetansemåla viser kva som er sentral kunnskap i dei ulike faga.
- Læringsarbeidet i skulane skal vere fokusert mot kompetansemåla. Måla skal vere konkrete og forståelege for elevar, lærarar og foreldre.
- Skuleeigar skal følgje opp resultatata gjennom dialog med skulane og skuleleiarane, følgje opp skulane med fagleg støtte og organisasjonsutvikling, og også ha ein rettleiings- og kontrollfunksjon ovanfor den einskilde skule.

2.7 Lokalt arbeid med kvalitetsutvikling – strategi og tiltak

2.7.1 Læraren

Læraren er avgjerande for eleven si utvikling, jf. Kapittel 2.6

”Lærereens kompetanse og samspill med elevene er den viktigste faktoren i skolen som har betydning for elevenes opplæring.” (St.melding nr.31 07-08)

Høg fagleg og pedagogisk kompetanse hos lærarar medverkar til gode læringsresultat (stadfesta av studie, forskning og av OECD). På denne bakgrunn er det viktig å auke lærarane si faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse gjennom målretta kompetanseplanar.

Vi viser til ”Strategi og plan for kompetanseutvikling i grunnskulen i Lindås” sak 56/09 vedteken i levekårsutvalet 12.05.09

2.7.2 Skuleleiinga

Gode leiarar med sin kjennskap til opplæringa på skulane og evne til å nytta det handlingsrom som finst, er ein nøkkelfaktor for god kvalitetsutvikling i skulen. God skuleleiing medverkar til å auke elevane sitt læringsutbytte, den verker motiverande og utviklande på lærarane, og den verker positivt inn på den generelle skuleutviklinga.

Ein skuleleiar har mange oppgåver, og oppgåvene spenner over eit stort felt. Oppgåvene er knytt til administrasjon av dagleg drift, økonomistyring, personalstyring, planlegging, systemutvikling og til sist men ikkje minst pedagogisk styring. Målet og utfordringa for ein skuleleiar vert å balansere oppgåvene på ein fornuftig måte. Jorunn Møller (1997) seier det handlar om *”å lede i et spenningsfelt mellom forvaltning, tradisjon og profesjon.”* Skuleleiaren må vere medviten korleis tida vert brukt på dei ulike oppgåvene.

I Lindås er det jamleg kontakt mellom skuleeigar og einingsleiar. Rådmannen har faste møter med alle einingsleiarane i kommunen. Rådgjevarane for skule har mykje av den daglege kontakten.

Skuleåret 2007/2008 starta kursregionen i Nordhordland ei kursrekke for skuleleiarar som går fram til hausten 2009. Knut Roald, HISF har det faglege ansvaret for kursrekkeja. Innhaldet er ”Skular og kommunar som lærande organisasjonar”, ”Skuleleiarrolla i endring” og ”Utdanningspolitiske utviklingstrekk, nasjonalt og internasjonalt.” Omtrent alle skuleleiarane i Lindås og dei to skulefaglege rådgjevarane hos rådmannen tek del i kursrekkeja.

Nasjonalt vert det sett i gong eit nasjonalt utdanningstilbod for rektorar frå hausten 2009. Dette er eit ledd i ein nasjonal satsing på skuleleiing, der alle rektorar i Noreg etter kvart skal få tilbod om utdanning i regi av eit universitet eller høgskule. Lindås kommune vil følgje opp den nasjonale satsinga ved å syte for at rektorane i kommunen får ta del i utdanninga.

2.7.3 Lokalt kvalitetsvurderingssystem

Det er eit overordna mål for kommunen å sikra kvalitet i skulen og optimal bruk av dei rammene kommunen til einkvar tid rår over. Ein ønskjer å oppnå ein best mogeleg skule innafor gitte rammer, jf. Kapittel 1.2

I arbeidet med å følgje opp kvalitetsutviklinga på skulane, skal skulane og skuleeigar nytte seg av det nasjonalt utvikla kvalitetsvurderingssystemet.

Kommunen må dra nytte av det nasjonale systemet i sitt eige lokale system for vurdering av kvalitetsutviklinga i skulane. I Lindås kommune sitt system for vurdering av kvalitet i opplæringa inngår følgjande element:

1. Årshjul for kvalitetsutviklingsarbeidet med fokus på det pedagogiske innhaldet i skulen (prosesskvalitet).
2. Årshjul for driftsarbeidet med fokus på dei ulike administrative oppgåvene som skal gjerast gjennom eit skuleår.

Målet med å skilja drift frå utvikling er å få tydeleg fokus på kva som er i utvikling og kva som ligg i drift. Det vert nytta ulike prosessar til dei ulike områda. Møtepunkt og refleksjon i samband med utviklingsarbeidet skal vere prega av dialog og ulike perspektiv på dei erfaringane vi gjer. Vi skal tillate oss å vere kreative, gje rom for ulike synspunkt og prioritere vidare handling. Møte i samband med drift krev andre prosessar.

3. To årlege kvalitetssamtaler, ein om hausten og ein om våren. Kvalitetssamtalane er sentrale møtepunkt mellom skulen og skuleeigar der ulike problemstillingar frå skuleeigar og frå skulen vert drøfta.

Dialogen skal være sentral og samtidig skal vi stille krav om tydelige konklusjonar for vidare arbeid og ansvarsfordeling.

4. Nettverk mellom skuleeigar og einingsleiarane for skule. Nettverket har møte annakvar veke og skal vere eit forum for utvikling og kvalitetssikring av skulepolitikken i kommunen.
5. Årleg kvalitetsrapport til politikarane er under utvikling. Innhaldet skal vere informasjon om resultat, sterke sider og utfordringar knytt til opplæringa. Målet med kvalitetsrapporten er å gje politikarane best mogeleg informasjon og grunnlag i samband med viktige politiske vedtak.
6. På grunnlag av analysar, drøftingar og prioriteringar skal det utviklast strategiplanar for kvalitetsutviklinga og årlege handlingsplanar.
7. Strategisk kompetanseplan med årleg rullering vil også vere ein viktig del av kvalitetsarbeidet.

Når det gjeld arbeidet med kvalitetsutvikling vert det også vist til Plan for kvalitetsutvikling 2008-2011, Handlingsplan for kvalitetsutvikling 2008/2009, Kvalitetsmelding for grunnskulen 2006/2007 og 2007/2008.



2.8 Prinsipp som skal leggst til grunn for utforming av skuleanlegg

Den gode skulen i Lindås skal gjere draumar til røyndom, og utvikle det potensialet som bur i den einstilte elev. Samstundes må elevar kunne relatere seg til behov, normer og verdiar i fellesskapet. Stadig aukande ulikskap i motivasjon, kulturell bakgrunn, modning og andre føresetnader for læring, tilseier at ikkje alle elevar i ei gruppe er klare for å lære det same, på same måte og til same tid. Eit viktig utgangspunkt for læring er at eleven må ”møtast der eleven er”. Med bakgrunn i denne erkjenninga og vår kunnskap om læring, er det nokre prinsipp som kan leggst til grunn for utforming av skuleanlegg i Lindås kommune:

Tilpassa opplæring

Ulike føresetnader for læring må møtast med ulike læringsmetodar, med ulike strategiar og med ulike krav til resultat. Tilpassa opplæring handlar ikkje primært om avhjelping av å koma til kort. Tvert om bør tilpassa opplæring først og fremst dreie seg om å møte mangfaldet som heile elevgruppa representerer. Stilt ovanfor kravet om tilpassa opplæring vert utfordringa for skulen å leggje til rette for læring på ulike vis, i ulikt tempo og med ulike rammer. Eit skuleanlegg som har eit mangfald av ulike læringsarenaer, vil leggje tilhøva godt til rette for å skape bredde i opplæringstilbodet.

Mangfald og fleksibilitet

Opplæringa skal ha ei anna hovudregi enn læraren ved tavla bak kateteret, og elevane plassert i rekkjer vendt mot tavla. Mangfald og fleksibilitet er viktige stikkord for skulane i Lindås, ikkje slik at aktørane eller elevane beveger seg utan mål og meining, men heller slik at læringa vert organisert etter mange ulike mønstre som gjev struktur for skuledagen, fleksibel gruppeinndeling og varierte læringsaktivitetar. Skuleanlegga må leggje til rette for små og store elevgrupperingar, for rolege og meir aktive læringsformer, for sosial kontakt og individuell fordjuping, for formidling og utforsking, for teoretisk og praktisk tilnærming, og for ei rekkje andre former for mangfald. Ikkje minst må læringsareala utformast på ein slik måte at det er mogleg å gjennomføre ulike typar aktivitetar på same tid.

Læraren sin avgjerande rolle

Læraren skal vere ein sentral aktør i opplæringa. Læraren skal kunne utøve rolla som formidlar, rettleiar og omsorgsperson. Det vil seie at læringsareala må utformast slik at elevane til ein kvar tid har nærleik til ein vaksen, noko som legg godt til rette for utøving av lærarrolla. Slik kan eleven få demonstrert og presentert nytt stoff, få rettleiing, tilbakemelding og oppleving av å bli sett. Vidare må areala vere slik at læraren har oversikt over elevgruppa.

Elevar skal utvikle sjølvstende og kjensle av ansvar for seg sjølv, eige arbeid og sine medmenneske, men dei skal ikkje ha eineansvar for eiga læring.

Skulen som lærande organisasjon

Eit moderne skuleanlegg må utfordre skuleleiarar, lærarar, elevar og føresette til å forske på effektiv læring gjennom å nytte eit mangfald av organiseringsformar, utvikle eit stort repertoar av arbeidsmetodar, ta i bruk ulike læringsarenaer og læremiddel, og halde seg til individuelle læringsprogram. Skulen må utviklast til ein lærande organisasjon som utviklar ny praksis for å auke utbyttet av læringa til elevane når dette er naudsynt. Dette krev gode samhandlingsarenaer for dei vaksne.

Varierte læringsmiljø/varierte læringsareal

Elevane lærer gjennom kommunikasjon og samspel med andre jamfør kapittel 2.1.1. Skuleanlegget kan ikkje lenger bare ha rom og areal tilpassa ein bestemt klasse- eller gruppestørrelse og ein gitt læringsform, men må tilby areal med ulik karakter som spenner;

- frå ope til skjerma
- frå allrom til spesialiserte rom
- frå ro og konsentrasjon til aktivitet og utfolding
- frå fellesfokus til individuelt fokus



2.8.1 Føringar

Med utgangspunkt i prinsippa skissert over, kan følgjande føringar leggjast til grunn for ombygging, tilbygging og nybygging av skulane:

- Skuleanlegg i Lindås skal utformast slik at vaksne og barn har gode høve til å utøve sine arbeidsoppgåver.
- Skulebygget skal gje ei oppleving av trivsel og tryggleik.
- Anlegga bør ha arkitektoniske løysingar som gjev godt og inspirerande arbeidsmiljø for både elevar og tilsette. Det bør leggjast vekt på estetisk gode løysingar både innvendig og utvendig.
- Areala i skulebygg skal vera så fleksible at organiseringsformer, undervisningsopplegg og arbeidsmåtar kan varierast.
- Anlegga skal gje rom for å utnytte alle ressursar i skulen (menneskelege og materielle) på ein effektiv, rasjonell og god måte.

- Trådløs teknologi og bandbredde er naudsynt for at IKT kan vere eit hjelpemiddel i alle fag.
- Alle elevar (funksjonsfriske og funksjonshemma) skal kunne bruke anlegga. Skulane må planleggast for at dei kan få elevar med behov for arealkrevjande teknisk utstyr.
- Skulane bør ha areal til å kunne samle store delar av, eller alle, elevane til felles opplevingar.
- For å tilstreve eit godt miljø inne skal elevane ha sko til innebruk. Garderobeløysingar må leggje til rette for det. Bygningane bør og planleggast slik at ein kan flytte seg tørrskodd frå ein del av skuleanlegget til ein annan.
- Anlegga skal òg kunne takast i bruk etter skuletid. Delar av anlegga bør leggje spesielt til rette for dette (gymnastikkanlegg, samlingsrom/kantine og ulike spesialrom). I utgangspunktet skal dette ikkje gje trong for meir areal, men finne si løysning ved utstrakt sambruk og fleirbruk i enkelte av skulen sine rom.

2.8.2 Samsvar mellom bygg og pedagogikk

Dei fysiske rammevilkåra er viktige faktorar for kvalitet i opplæringa og elevane sitt læringsutbytte. Anlegget bør difor utformast slik at skulane kan legge til rette for varierte pedagogiske arbeidsmåtar og organiseringsformer, som fremmer elevane sitt læringsutbytte.

Brukarmedverkning

For å få eit vellykka resultat, bør brukarane vere tungt inne i planleggingsprosessen. I samband med planlegging og gjennomføring av byggjeprosjekt bør skulane og nytte høve til å ha større fokus på det pedagogiske utviklingsarbeidet ved skulen, slik at ein sikrar ei utforming som samsvarer med ønska arbeidsmåtar og organisering. Utfordringa er å skape eit bygg der utforming av dei fysiske rammene og det pedagogiske innhaldet er sett i relasjon til kvarandre. Dersom ein ikkje ser dei strukturelle rammene og dei pedagogiske moglegheiter eller grenser i samanheng, kan ein ende opp med ei ureflektert standardisering eller tilfeldig utforming/kvalitet på skulebygget. Resultatet kan bli frustrasjon og misnøye blant elevar, føresette og personalet ved skulen når bygget ikkje gjev dei pedagogiske moglegheiter ein ønskjer, eller ein ikkje klarer å ta bygget i bruk. Eit bygg opnar opp, eller sett grenser for, utforminga av skulen sitt indre liv. Utstrakt brukarmedverknad og pedagogisk utviklingsarbeid i planlegginga av nye eller ombygde skular er ein føresetnad for å lukkast med byggjeprosjektet.

I samband med byggeprosjekt skal skulane normalt oppnemne ei brukargruppe som deltek i utforming av byggjeprogram (bestillinga til arkitekten) og følgjer prosjektet til byggjearbeida er ferdige.

Skulane i Lindås har stor variasjon i storleik og elevtal. Sjølv om kommunen opererer med standardar, må det difor vere rom for ein viss fleksibilitet innafor oppgjeve norm.

Pedagogisk utviklingsarbeid

Utforming av skuleanlegg med meir fleksible og varierte areal gjer det mogleg å organisere opplæringa etter ulike mønstre. Noko som er naudsynt i ein inkluderande einskapsskule. På same tid kan skulebygg med slik utforming stille elevar, lærarar og leiing ovanfor fleire utfordringar. Skal ein utnytte og ta i bruk areala best mogleg, inneber det at ein forlat meir tradisjonell undervisning i klasserom, til fordel for å organisere elevane i årssteg eller aldersblanda grupper der eit team av lærarar har felles ansvar for planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa. Ei slik omstilling kan vere krevjande fordi det inneber endring i

tanke- og handlingssett. Det vil mellom anna seie at samarbeid ikkje berre handlar om å samordne aktivitetar før ein går til kvar sitt klasserom. Nå må teama handle saman i alle ledd; i førebuinga, i gjennomføringa og i vurderinga. Lærarane vil då oppleve at dei får betre tilpassa opplæringa til den enkelte, og at dei får brukt vaksenressursane meir formålstenleg, fordi dei kan organisere elevane meir fleksibelt i ulike grupper etter behov, og kompetansen til pedagogar og assistentar kan nyttast meir fleksibelt. Ei slik organisering kan gje auka fagleg og sosialt fellesskap, vekst og læring, samstundes kan det vere krevjande å finne fram til nye pedagogiske modellar for korleis opplæringa skal organiserast.

Alle byggjeprojekt av ein viss storleik i Lindås kommune skal av den grunn vere ein integrert del av en pedagogisk utviklingsprosess på den skulen det gjeld. To fasar i den pedagogiske utviklingsprosessen på skulen kan skisserast:

1. Utvikling av det pedagogiske personalet sin kompetanse om korleis ein kan organisere og gjennomføre opplæringa i meir fleksible og varierte læringsareal.
2. Arbeid med å utvikle gode konkrete pedagogiske modellar for korleis den aktuelle skulen skal drive tilpassa opplæring i dei nye læringsareala/areala/skuleanlegget/den nye/ombygde skulen.

2.8.3 Utforming av bygningsmassen

Skulane skal ha både allmeint læringsareal og spesialisert læringsareal. Dei ulike rom og areal må kunne nyttast effektivt og med stor grad av fleksibilitet. Ein bør unngå at rom/areal vert ståande mykje ubrukt. Det skal satsast på fleirbruk og sambruk av rom og areal.

Allmeint læringsareal

Eit årssteg eller ei aldersblanda elevgruppe skal høyre til i ein base. Krav om varierte arbeidsmåtar og praktiske innslag i mange fag gjev behov for fleirfunksjonelle baseareal. I baseareala skal det kunne gå føre seg formidling, framføringar, lettare praktiske aktivitetar, arbeid med konkretar og variert læringsmateriell og stasjonsundervisning. Det skal kunne arbeidast i grupper eller individuelt. Tilpassa opplæring betyr i praksis at alle elevane i gruppa ikkje deltek i dei same læringsaktivitetane til einkvar tid. Areala må difor gje rom for at ein kan gjennomføre opplegg med ulike læringsaktivitetar samtidig – både rolige og støyande. Utforminga kan variere frå skule til skule, men areala skal dekke ulike funksjonar og ha rom av variert storleik. Basane er i utgangspunktet private areal som bør kunne stengast av når skulen vert nytta av andre brukarar utanom skuletida.

Spesialisert læringsareal

I tillegg til allment læringsareal treng skulen rom/areal utforma med spesialisert utstyr, rom til førebuing og lagerplass. Dømer på slike areal er funksjonar for kroppssøving, matlaging, naturfag, bibliotek, musikk, kunst og design. På dei lågaste årsstega kan basen dekke nokre av desse funksjonane (1.-4. årssteg). Behovet for spesialisert læringsareal er aukande på mellomsteget (5. – 7. årssteg). Ungdomssteget skal ha store og gode spesialrom. Spesialiserte rom kan gjerne planleggast slik at dei kan dekke fleire funksjonar og nyttast til ulike aktivitetar. Talet på spesialrom og utforminga av desse må sjåast i samband med elevtal og storleiken på den enkelte skule. Rom til naturfag kan til dømes vere eit lite vekstrom i småskulen, medan ungdomssteget må ha rom med plass til demonstrasjonar og laboratorieforsøk. Areal til mat og helse kan gjerne sjåast i samband med ei eventuell

kantine. Alle skular bør leggjast til rette med tanke på servering av varm mat i framtida (om ein ikkje installerer storkjøkenutstyr med ein gong, bør det settast av plass til slikt utstyr seinare).

Samlingsrom

Skulane bør ha høve til å kunne samle alle elevar og tilsette i eitt rom, t.d. i aula/samlingsrom/kantine eller i gymsal/idrettshall. Det er og naturleg å sjå slike rom i samband med musikkrom; sceneløysingar m.m.. I planlegging av samlingsrom er det viktig å tenke på at rømningsveggar må vere i samsvar med brannforskriftene.

SFO (skulefritidsordning)

Alle skular med barnesteg bør ha eit eige SFO tilbod. SFO skal vere ein naturleg del av det heilskapelege skuletilbodet. På sikt vil truleg heildagsskulen bli ein realitet. Det er difor viktig at skulefritidsordninga vert utvikla med dette som utgangspunkt. På same måte som for resten av skulen må SFO planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Basen til SFO skal lokaliserast nær basen/basane for 1.-4. årssteg. SFO skal vere en integrert del av skulen, og må i stor grad basere si verksemd på sambruk med resten av skulen. Dei skal mellom anna kunne bruke delar av basane til de yngste elevane, spesialrom og eventuell kantine når desse er ledige. For SFO er uteområda spesielt viktige.

Garderobar og trafikkareal

Det bør vere desentraliserte inngangar og garderobar med toalett ved basane. Elevar på 1.-4. årssteg bør ha våtgarderobe og tørrgarderobe. Elevar på ungdomssteget bør ha eigne garderobeskap. Med omsyn til innemiljø bør det stillast krav til bruk av innesko. Bruk av innesko fordrar mest mogleg samanhengande bygningsmasse, slik at elevane til dømes ikkje må byte sko for å gå frå basen til spesialrom. Ein skal om mogleg unngå trafikkareal i form av lange korridorar, eller eventuelt prøve å utnytte dei som eit supplement til læringsareala. På den andre sida er viktig at kommunikasjonsløyningane i bygget er hensiktsmessige og at ein unngår forstyrrende gjennomgangstrafikk.

Arbeidsrom for lærarane

Lærarane skal ha gode arbeidsplassar som tilfredsstillar dei til einkvar tid tilrådde arealnormer for kontorarbeidsplassar; p.t. 6 m² pr. arbeidsplass. Arbeidsplassane skal dekke funksjonar for individuelt arbeid og samarbeid på teamet. Målet om tilpassa opplæring, og arbeidsformar i meir varierte og fleksible skuleanlegg, krev tett samarbeid mellom lærarane i teamet. Behovet for faglege diskusjonar, felles planlegging og informasjonsdeling gjer det hensiktsmessig at lærarane på same årssteg har eit felles arbeidsrom. På nokre skular i Lindås er det etablert enkeltkontor for lærarane. Dette vert til vanleg meir arealkrevjande og er lite fleksibelt om talet på lærarar aukar. For framtida vert det difor lagt som hovudprinsipp at nye lærararbeidsplassar skal organiserast i teamrom/fellesrom. I samband med teamromma bør det vere rom for samtalar med enkeltelevar og foreldre, samt høve for å føre telefonsamtalar på skjerma stad. Lokalisering nær basane kan lette det praktiske arbeidet i skulekvardagen.

Administrasjon m.m.

Skulen sin administrasjon og leiging bør vere plassert i nærleiken til eller med god skilting frå skulen sin hovudinngang. Administrasjonen skal ha resepsjon/forkontor og eigne kontor for rektor/einingsleiar, inspektørar, rådgjevarar og eventuelle andre. PPT, logopedar og skulehelsetenesta kan gjerne vere lokalisert i/ved administrasjonen. På små skular må det leggast til rette for sambruk av arbeidsplassar.

Lager

Skulane skal ha tilstrekkeleg lagerplass både for skulen sine egne brukarar og frivillige lag og organisasjonar. Det skal vere lagerrom i alle delar av skuleanlegget, ikkje minst er det viktig med nærlager i basane, lager i samband med spesialrom og stollager i tilknytning til samlingsrom. Det er og behov for lagerplass til utstyr for bruk ute, ikkje minst i tilknytning til SFO.

Inventar

Inventar er ein viktig del av skuleanlegget. Inventaret må vere tilpassa dei ulike aktivitetane, samtidig som det er fleksibelt utforma. Det må vere enkelt å møblere om (bord av lik høgde, inventar på hjul etc.)

It-standard

IKT er viktige verktøy i skulen. Datautstyr må vere lett tilgjengeleg og kunne nyttast i alle fag.

Heilskapeleg strategi

Når eksisterande skular skal byggjast ut, bør eldre delar av bygget få ei ombygging og oppgraderast til same standard slik at det blir ein heilskap i anlegget. Ved planlegging av nye skular eller større byggjeprojekt bør det samstundes skisserast korleis seinare utvidingar kan tenkast.

Dimensjonering

Skulane i Lindås skal dimensjonerast for eit elevtal som ligger om lag 10 % høgare enn det talet på elevar som er venta i planperioden. Dette skuldast i første rekke at storleiken på dei ulike årsstega kan variere mykje, og det vil vere uheldig om årssteg som samarbeider mykje må få rom langt frå kvarandre fordi nærliggande baserom og garderober ikkje er store nok. Dette gjer og at ein får ein liten reservekapasitet som kan kome vel med om prognosane viser seg å vere for låge.

Universell utforming

Tilrettelegging for alle (universell utforming) skal vere standard både ved nybygg og rehabilitering.

2.8.4 Utforming av skulen sitt uteområde i Lindås

Generelt

På lik linje med skulebygningane, skal uteområda utformast fleksibelt og variert. Det skal vere ein stad for målretta læring, fysisk aktivitet, avkopling og sosialt samvær, leik og oppleving.

Lars Saaby Christensen har sagt at *Et sted er ikke et sted før et menneske har vært der, et menneske er ikke et menneske før det har vært et sted*. I eit slikt perspektiv blir skulen sitt uteområde ein viktig arena i barn sin dannelsingsprosess og deira utvikling av eigen identitet, kropp og helse. Eit uteområde som tek vare på denne dimensjonen skal gje høve for fysisk og mental utfolding individuelt eller i samhandling med andre. Høve for val, kreativitet, kommunikasjon, fantasi, overskride grenser, læring og utvikling vert sentrale stikkord.

Problemstillingar

Rapporten ”Skolegården, jungel eller luftegård? En studie av nærmiljøanlegg, barn og fysisk aktivitet i skolegården” (NIBR rapport 2004:1) gjev kunnskap om korleis skulegarden og anlegga nyttast, kva utemiljøet betyr for barna sin moglegheit til å vere fysisk aktive, og for det sosiale miljøet på skulen. Lene Schmidt drøftar i rapporten ulike problemstillingar. Nokre av desse bør og drøftast når uteområde skal planleggast for skular i Lindås kommune:

1. Korleis vert skulegarden og nærmiljøanlegga brukt i friminutt, i SFO-tid og utanom skuletid?
2. Kva for tyding har det fysiske miljøet for barns høve til å vere fysisk aktive og for det sosiale miljøet på skulen?
3. Korleis og i kva for grad bidreg skulegarden og anlegga til at barna får realisert sine prosjekt?

Medverknad

Uteareala skal anleggast på barna sine premissar, og det bør vere ei målsetting at elevane medverkar i arbeidet med planlegging kring utforming av areala ute.

Utforming av uteområde må balanserast mellom ulike omsyn

Tone Lindheim i Bjørbekk og Lindheim landskapsarkitektar nemner følgjande:

- bil - barn
- ball - barn
- oversikt/inspeksjon - dei hemmelige romma
- produkt - prosess
- tryggleik - fysiske utfordringar
- dei stille - dei ville
- orden – kaos
- det permanente - det forgjengelege
- gutar – jenter
- dei funksjonsfriske - dei med ei funksjonshemming



Viktige prinsipp som skal ligge til grunn for utforming av uteområda:

Tilgjenge, tryggleik og fysiske utfordringar

Uteområdet skal anleggast etter gjeldande reglar for tryggleik og prinsippa for universell utforming. Samsstundes skal det oppfordre til aktivitet og utfordre det enkelte barn til å prøve sine grenser. Det skal vere eit variert område som tek omsyn til elevane sine ulike funksjons- og dugleiksnivå. Uteområda må utformast slik at behov for reglar og restriksjonar vert redusert, samstundes som dei fysiske rammene ikkje set unødige grenser for handlingsrommet eller førestillingar om kva ein kan. Barn skal stimulerast både motorisk, fysisk, sosialt og intellektuelt.

Uteområda og nærmiljøet skal vere en viktig del av læringsmiljøet

Skulebygg og uteareal bør utgjere eit heilskapleg læringsmiljø. Uteområda skal vere ein lærings- og aktivitetsarena i forlenging av innearealet. Ei medviten haldning til kva for pedagogiske moglegheiter eit uteområde kan gje, kan tilføre skulen verdifulle verdiar. Det bør leggast til rette for at deler av undervisninga kan gå føre seg ute, for eksempel i eit amfi. Kjøkenhagen kan gje tomatar og urter til arbeidet med mat og helse, og konkrete røynsler og referansar i naturfag. Den eksperimentelle og forskingsbaserte delen av realfagundervisning kan med fordel flyttast ut dersom det er tilrettelagt for det. Korleis vil ein til dømes leie vatn – under jorda eller i kanalar på overflata? Utfordringa er å sjå utforming av uteareala og det pedagogiske innhaldet i relasjon til kvarandre. Den fysiske utforminga opnar opp, eller set grenser for den pedagogiske verksemda.

Fleirfunksjonelle anlegg der barn kan realisere sine prosjekt

Monofunksjonelle stader og anlegg har avgrensa brukspotensial, fordi fleire typar aktivitet ikkje kan gå føre seg til same tid. Tolkingsrom for egne prosjekt (rolle, fantasi- og konstruksjonsleik) snevrast inn. Natur, på den andre sida, har eit stort tolkingsrom for ulike prosjekter. Uteområda skal vere funksjonsopne stader og anlegg, fordi det appellerer til barn på tvers av kjønn, alder og dugleiksnivå – alle vert inkludert. Det stimulerar til eit breiare aktivitetsmønster og eigenorganiserte aktivitetar. Uteområde prega av mangfald og funksjonsopne stader fører til at fleire barn er i bevegelse – og jentene, eit breiare aktivitetsmønster og mindre konflikhtar fordi elevane fordeler seg over større deler av området. Anlegg med bredt brukspotensial gir høve til samhandling på tvers av kjønn, alder og funksjonsnivå.

Læring og utfolding på ulike alderssteg

Det er grunner for å tilby ulike aldersgrupper noko ulike fysiske rammer. Når 6-åringen startar på skulen, bør ikkje overgangen frå heim og barnehage vere for stor. Tryggleik, å høyre til og kontakt med eit oversiktleg tal på menneske, kjente og nære omgjevnader, kan antakas å vere behov som er grunnleggjande for denne aldersgruppa. I løpet av dei fire fyrste åra er det grunn til å anta at dei fleste barn utviklar større tryggleik, økt fortru til fleire personar og økte sjansar for å meistre varierte fysiske og sosiale utfordringar. Uteareala bør reflektere denne utviklinga hos barnet, men ein ynskjer likevel ikkje eit uteområde med avgrensa areal tilrettelagt for bestemte alderssteg eller kjønn. Det er eit mål at uteområdet skal tilby ulike aktivitetstilgjengelig for alle elevane, men at det er mogleg for ulike elevar har å ta det i bruk på forskjellig vis avhengig av alder, kjønn og funksjonsnivå.

Dei stille og dei ville – gutar og jenter

Uteområda skal ha varierte leike- og opphaldstilhøve. Det skal vere rom for både dei stille, avkoplande aktivitetar og dei ville, energiske utfoldingane. Det bør etablerast fleire sosiale møteplassar, i tillegg til meir intime uterom. Rolege plassar ute kan representere eit godt utgangspunkt for undervisning. Støyande aktivitetar og arenaer for ballspel, springing og konkurransar bør etablerast slik at stille soner vert skjerma.

Gutar vel ofte aktivitetar som ballspel, konkurransar og arenaer kor dei kan demonstrere fysisk styrke. For jenter er det like viktig å vere saman som å gjere noko saman. Jenter vel ofte aktivitetar som inneber turn, dans, natur, rolleleik og ballspel. Liden har påpekt at skulegarden er den mest kjønnsdelte arena. Skulane i Lindås skal ta omsyn til at gutar og jenter søker ulike aktivitetar, samstundes skal det i størst mulig grad anleggast kjønnsnøytrale arenaer – ”jungelen” og ”100-meterskogen” er gode døme på det.

Balansen mellom det permanente og det forgjengelige

Det er viktig å utforme areala ute med tanke på at dei kan takas i bruk heile året, og for at barn kan påverka, skapa og endre omgjevnadane. Uteareal som endrar karakter etter ver og årstider kan vere spanande og stimulere fantasi og kreativitet. Planter og grøntareal endrar form og farge, mjukar opp og gjer estetiske røymsler. Det er interessant å tenke kreativt omkring korleis bestandige areal gjennom utforming (kurver/flater) og utsmykking (mønstre/farger) i møte med leiker og utstyr (syklar, sparkebrett, ball og liknande) påverkar korleis barn konstruerer aktivitet/tek det i bruk og leiker.

Uteareala skal leggje til rette for effektivt og økonomisk vedlikehald

Det inneber at det vert etablert slitesterke areal og bruk av slitesterke og bestandige materialar – til dømes sitteplassar i stein, støypte groper og forhøgningar til skate, sykle, ake og klatre.

Trafikk og parkering

Trafikkareal skal planleggjast slik at parkering, henting og bringing av elevar vert trafiksikkert. Det bør utviklas gang-, sykkel- og kjørevegssystem som sikrar god trafikktryggleik på og rundt anlegga. Eigne områder til parkering av bilar og syklar bør etablerast i uteområda sine randsoner.

Andre føringar

I tillegg til det som er nemnt ovanfor, bør og følgjande punkt leggast til grunn for utviklinga av skulane sine uteområde i Lindås kommune:

- Behalde særpreget for den enkelte skule (ikkje lage identiske uteområde)

- I tillegg til undervisnings- og pauseareal for skulen, skal skuleområdet vere en møteplass for nærmiljøet.
- Utvikle bruken av område utanfor eigen tomt (uteskule)
- Det bør vere leskur eller overbygd tak ved alle inngangar som vern mot ver og vind. Enkelte av møteplassane utomhus bør og ha overbygd tak.
- Det bør vere en låseleg utebu for uteleikar og utstyr. Det bør vere tilgang til vasslange ved utebua, for å kunne skylje av leiker osv.



2.9 Rettleiande arealprogram

I samband med planarbeidet er det utarbeida eit rettleiande arealprogram for skular i Lindås kommune.

Det er utarbeida ein tabell for dei mest aktuelle skuletypene og skulestorleikane;

- barneskular med 50, 100, 200, 300 og 400 elevar, og
- ungdomsskular med 150, 250, 350, og 450 elevar.

Arealprogrammet skal leggst til grunn som eit utgangspunkt ved framtidige byggeprosjekt. Det vil vere trong for justeringar av programmet i konkrete prosjekt, ikkje minst ved ombyggingar og tilpassingar i eksisterande bygningar kor det kan vere vanskeleg å oppnå ein brutto/nettofaktor på 1,35 som programmet legg opp til. Skulane vil og gjerne ut frå sine spesielle profilar (t.d. realfagskuleprofil) gjerne velge å endre storleiken på rom til enkelte funksjonar. Dette må det vere rom for innafør programmet.

Fleire av dei eksisterande skulane tilfredsstiller ikkje areala i programmet. Dette betyr ikkje at alle skulane må få auka areal, men dei skulane som vert prioritert med byggeprosjekt bør få eit areal som er nokolunde i samsvar med programmet.

Skulane skal ikkje berre vere skuleanlegg, men og ha ein funksjon som nærmiljøanlegg. Dette er det tatt høgde for i arealprogrammet, men areala til andre brukarar er integrert i skulen sine areal og det vert lagt til grunn stor grad av sambruk og fleirbruk. Dette vil vere tilfredsstillande i dei fleste tilfeller.

Arealane som er sette opp vil òg tilfredsstille arealbehovet til ein eventuell framtidig heildagsskule.

Tabellane nedanfor viser det same programmet, med ulik grad av detaljering.

RETTLEIANDE AREALPROGRAM FOR SKULAR I LINDÅS KOMMUNE										
Type areal	Funksjonar	BARNESKULE					UNGDOMSSKULE			
		50 ELEVAR	100 ELEVAR	200 ELEVAR	300 ELEVAR	400 ELEVAR	150 ELEVAR	250 ELEVAR	350 ELEVAR	450 ELEVAR
BASEAREAL	Arbeidsareal, gruppeareal, formidlingsareal, nærlager, garderober, base for SFO.	272	526	1001	1502	1982	696	1157	1618	2079
SPESIALROM	Bibliotek, Mat og helse, Musikk/drama, Naturfag/vekstom, Kunst og Handverk (KOH)	220	300	400	505	570	550	590	650	660
IDRETTAREAL	Gymsal, apparatrom/lager og garderober	250	250	320	350	350	350	350	350	700
KANTINE/SAMLINGSROM	Kantine/samlingsrom/amfi/aula	30	50	75	85	100	90	80	90	100
ADMINISTRASJON OG PERSONAL	Kontor rektor, kontor ped. personale, forkontor, kopi/produksjon, arkiv/rekvisita, møterom, personalrom, lærararbeidsplassar, elevtenester, garderober/toalett.	131	227	293	403	470	80	374	466	545
DRIFTS OG STØTTE-FUNKSJONAR	Fjernlager for skulen, lager og bøttekott for reinhaldspersonell, eigar sitt rom, kjølerom, avfallsrom, tele- og datarom (tekniske rom er inkl. i påslag/b/n-faktor).	75	85	105	120	130	100	110	125	135
SUM NETTOAREAL		977	1438	2194	2965	3602	1866	2661	3299	4219
SUM BRUTTOAREAL	35 % påslag på nettoareal; tekniske rom, veggjar, trafikkareal, inngangsparti/foajé, møteplassar m.m.	1319	1941	2962	4003	4863	2519	3592	4454	5695
Samla bruttoareal utan kroppsøving		982	1604	2530	3531	4391	2273	3119	3982	4751
BTA (m ²) pr. elev utan kroppsøving		19,6	16,0	12,7	11,8	11,0	15,2	12,5	11,4	10,6
BTA (m ²) pr. elev medrekna kroppsøving		26,4	19,4	14,8	13,3	12,2	18,3	14,4	12,7	12,7

RETTELEIANDE AREALPROGRAM FOR SKULAR I LINDÅS KOMMUNE

RETTELEIANDE AREALPROGRAM FOR SKULAR I LINDÅS KOMMUNE									
NØKKELTAL									
Elevar (dimensjonerende)	50	100	200	300	400	150	250	350	450
Heimebasar 1)	3	7	7	14	14	6	9	12	15
Adm. personale	1	2	2	3	3	2	3	4	5
Pedagogisk personale	4	10	15	23	30	14	21	28	35
Andre tilsette 2)	3	3	5	7	10	4	5	7	10
AREALTYPE	BARNESKULE					UNGDOMSSKULE			
	50 ELEVAR	100 ELEVAR	200 ELEVAR	300 ELEVAR	400 ELEVAR	150 ELEVAR	250 ELEVAR	350 ELEVAR	450 ELEVAR
ALLMENT LÆRINGSAREAL:									
Elevane sine arbeidsplassar/baseareal	100	200	400	600	800	300	500	700	900
Fordling/gruppe/fellesareal	80	160	320	480	640	240	400	560	720
SFO-base (inkl. lager 3)	30	40	50	65	80				
Elevgarderobar og toalett (inkl. HC-toalett)	53	105	210	315	420	138	230	322	414
Nærlager	9	21	21	42	42	18	27	36	45
Sum allmeint læringsareal:	272	526	1001	1502	1982	696	1157	1618	2079
SPESIALISERT LÆRINGSAREAL:									
Bibliotek	30	50	60	75	90	90	100	110	120
Skulekjøken (med matlager og kjølerom)	30	40	60	80	80	80	80	80	80
Musikk/drama (med lager og øvingsrom)	60	80	80	100	100	100	110	110	110
Naturfag (vekstrom og rom til forsøk)	20	30	60	70	80	60	80	100	100
Kunst og handverk (med lager)	80	100	140	180	220	220	220	250	250
Kroppøving (sall/garderobar/lager)	250	250	320	350	350	350	350	350	700
Sum spesialisert læringsareal	470	550	720	855	920	900	940	1000	1360
ADMINISTRASJON OG PERSONAL:									
Kontor for skulen sin administrasjon	25	45	45	55	55	45	55	70	80
Møterom	15	20	25	30	30	25	30	30	30
Kopi/arkiv/lager/rekvisita/post (adm)	15	20	25	30	30	20	25	30	30
Personalgarderobe/dusj/WC	10	18	24	36	47	22	32	43	55
Personalrom	20	33	44	60	70	40	55	70	80
Lærararbeidsplassar/møterom/prod.rom	36	76	110	162	208	100	147	193	240
Sum administrasjon og personal:	121	212	273	373	440	252	344	436	515
ANDRE AREAL:									
Samlingsrom/kantine	30	50	75	85	100	70	80	90	100
Elevtenester 4)	10	15	20	30	30	20	30	30	30
Reinhald (bøttekott og lager)	15	15	15	20	20	15	15	20	20
Driftspersonell (eigar sitt rom)	10	10	10	10	10	10	10	10	10
IKT/telefoni	10	10	10	10	10	10	10	10	10
Lager/boder/verkstad/bossrom	40	50	70	80	90	60	75	85	95
Tekniske rom 5)									
Sum andre areal:	115	150	200	235	260	185	220	245	265
Sum nettoareal for skuletype:	977	1438	2194	2965	3602	2033	2661	3299	4219
35 % påslag; tekniske rom, vegg, trafikkareal, inngangsparti/foaje, møteplassar m.m.	342	503	768	1038	1261	712	931	1155	1477
Samla bruttoareal:	1319	1941	2962	4003	4863	2745	3592	4454	5696
Samla bruttoareal utan kroppøving	982	1604	2530	3531	4391	2273	3119	3982	4751

BTA pr. elev utan kroppøving	19,6	16,0	12,7	11,8	11,0	15,2	12,5	11,4	10,6
BTA pr. elev medrekna kroppøving	26,4	19,4	14,8	13,3	12,2	18,3	14,4	12,7	12,7

- 1) Talet på heimebasar vil avhenge av vald organisering
- 2) Reinhaldarar, vaktmeister/driftspersonell, assistentar m.m.
- 3) SFO skal ha utstrakt sambruk med "skulen sitt" areal
- 4) Skulehelsestjeneste, logoped, ppt, rådgjevar (sambruk)
- 5) Areal vil avhenge av tekniske løysingar (er med i bruttoarealet)



3 Tidleg innsats og alternativ opplæring

3.1 Tidleg innsats

Frå Plan for kvalitetsutvikling 2008-2011:

I St. meld. Nr. 16 (2006-2007) "...og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring" er hovudmålsettinga å utjamne sosiale ulikskapar gjennom å identifisere barn og unge som ikkje har ei tilfredsstillande læringsutvikling. For å lukkast med dette skal tiltak settast i verk allereie i småbarnsalderen.

Gjennom ei målretta satsing kan ein få fleire til å kome seg gjennom skulesystemet og ut i arbeidslivet. Samstundes kan ein rekne med at tidleg innsats kan bidra til å redusere kriminalitet, rusproblem og den prosentdelen unge som er avhengig av sosialstønad. Lindås kommune har allereie starta eit arbeid med å følgje opp den nasjonale satsinga.

Kommunestyret gjorde 14.06.2007 følgjande vedtak:

"Rådmannen set ned ei arbeidsgruppe med representantar frå helsestasjon, barnehage og skule. Gruppa skal utarbeida målsetjingar og framlegg til organisering av tiltak og evalueringssystem."

Hovudmål:

- *Fleire skal komme seg gjennom skulesystemet og ut i arbeidslivet.*

Delmål:

- *Å gripe tidleg inn og sette i verk tiltak når problem oppstår eller vert avdekket i førskulealder og i løpet av grunnopplæringa.*
- *Å utarbeide eit tverrfagleg prosjekt som inkluderer barnehage, skule og helse*

Tiltak:

- *Arbeidsgruppe er nedsett.*
- *Definere indikatorar for senka utvikling/avvik på dei ulike innsatsområda:*
 - *Språk- og leseutvikling*
 - *Talforståing/matematikk*
 - *Samhandlingskompetanse*
 - *Fysisk utvikling/helse*

- *Psykisk helse*
- *Auke kompetansen knytt til språk- og talevanskar spesielt (grunna aukande mangel på logopedar i skule og barnehage)*
- *Utvikle tiltakspakkar til innsatsområda*
- *Organisere opplæring*
- *Utarbeide system for gjennomføring og evalueringsplan.*

Den nedsette arbeidsgruppa følgjer opp vidare i tråd med kommunestyrevedtaket av 14.06.07.

3.2 Alternativ opplæring

3.2.1 Innleiing

Rådmannen sette hausten 2008 ned ei arbeidsgruppe som skulle jobbe med alternative tilbod til elevar med problemåtfærd og låg motivasjon.

Deltakarar i arbeidsgruppa:

- Ørjan Svendsen - einingsleiar på Alversund skule
- Øyvind Hauge - dagleg leiar for Ressursenteret
- Ragna Midtbø - einingsleiar på Lindås barne- og ungdomsskule
- Robert Veland - ass. einingsleiar på Lindås barne- og ungdomsskule
- Arne Riisnes - ass. einingsleiar på Ostereidet ungdomsskule
- Randi Stormark – ass. einingsleiar på Knarvik ungdomsskule
- Reidar Konglevoll - lærar og leiar på Seim Gard
- Irene Femanger - einingsleiar for Læringssenteret i Lindås
- Anne Wergeland - spesialrådgjevar i Lindås og leiar for gruppa

Arbeidsgruppa fekk følgjande mandat:

1. Gje ei utgreiing av ulike problemstillingar knytt til opplæring av elevar i ungdomsskulen med problemåtfærd og låg motivasjon for læring.
2. Gje ei skildring av kva skulane og kommunen gjer no for å møte denne elevgruppa.
3. Gje ei tilråding til politikarane om korleis LK ønskjer å møte elevar i ungdomsskulen med problemåtfærd og låg motivasjon for læring.

Arbeidsgruppa har hatt 5 møte og følgjande tema har vore drøfta:

- Kva vert gjort i møte med denne elevgruppa i dag - på skulane, Seim Gard og Ressursenteret.
- Kva perspektiv har vidaregåande skule i møte med desse elevane? Møte med representantar frå Knarvik vidaregåande. Drøftingar – Likeverd, normalisering og inkludering. Korleis opplever skulane dette og kva seier elevane?
- Kva seier forskarane? Arbeidsgruppa har lese og drøfta ulike innspel og rapportar.
- Framlegg til tiltak på skule- og kommunenivå.

I løpet av arbeidsperioden fekk gruppa melding om at politikarane ønskte saka om Alternativ opplæring inn som ein del av Kommunedelplan for skule som skal leggjast fram for politikarane hausten 2009.

3.2.2 Definisjonar og historikk

Det er vanskeleg å gje ei eintydig definisjon av alternativ opplæring. Alternativ opplæring vert brukt om eksternt eller internt organiserte tilbod til små elevgrupper og vert også gjerne kalla ”små-gruppetiltak”. Lærartettleiken er større enn det ein finn til vanleg i skulen. Innhaldet er ofte praktisk arbeid kombinert med skulefag.

Målgruppa er ungdomsskuleelevar som viser låg grad av motivasjon for tradisjonelt skularbeid og som ofte har problemåtfærd eller andre teikn på manglande trivsel og tilpassing i skulen. Elevane har ofte hatt mykje fråvær og gjerne også problem i heim og/eller i fritida.

I eit historisk perspektiv, har det i norsk skule alltid vore sett ei grense for kva elevar ein har oppfatta at ein kan gje eit opplæringstilbod. Skulen har gått frå å vere ein skule som sorterte elevane i gruppene ”opplæringsdyktig” eller ”ikkje opplæringsdyktig” og ”tilpassa eller ”ikkje tilpassa”, til ein skule som i prinsippet skal vere tilpassa og inkluderande for alle elevar. Det har vore spesialskular for ulike elevgrupper knytt til elevane sine føresetnadar. Elevane si åtfærd var eit kriterium for å samle dei vanskelegaste elevane i egne skular. Lov om spesialskular vart teken vekk i samband med revisjon av grunnskulelova i 1975. I 1992 vart dei siste spesialskulane i Noreg lagt ned. Skulane har i ulik grad framleis behov for å organisere nokre elevar i særskilde grupper. Det gjeld ikkje mange elevar (1-2%), men vist lenger nede, har tilbodet ei viktig prinsipiell side både for eleven og skulen.

3.2.3 To rapporter frå Lillegården kompetansesenter

”I randsonen”

Rapporten er laga hausten 2005 på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet og inneheld ei kartlegging av smågruppebaserte opplæringstiltak på ungdomssteget. Målgruppa for slike tiltak er elevar som viser liten motivasjon for tradisjonelt skularbeid og som viser problemåtfærd eller andre teikn på manglande trivsel. Tittelen på rapporten syner at desse tiltaka ligg i ytterkant av den vanlege verksemda i skulen. Mange av dei ligg i ein randsonen både ideologisk, juridisk, innhaldsmessig og når det gjeld fysisk lokalisering. Hensikta med rapporten har vore å gje eit innspel i debatten om etablering av nye smågruppetiltak og om bruk av dei tiltaka som allereie eksisterar.

Barnevernets utviklingscenter gjorde eit utreiingsarbeid for dåverande Kyrkje, utannings- og forskingsdepartement på området ”Alternativ opplæring” i 1991. Nokre av funna i 2005 er samanlikna med funn i 1991.

Sentrale funn i 2005:

- 1,2% av det totale elevgrunnlaget på ungdomssteget får si opplæring heilt eller delvis i eksterne og interne smågruppetiltak (2200 elevar)
- 60% av elevane i smågruppetiltaka er der på deltid. Utstrakt bruk av deltids plassar var den viktigaste endringa i tiltaka sidan 1991. Da var nesten alle elevplassane i eksterne og sjølvstendige tiltak heltids plassar.
- 75% av elevane i smågruppetiltaka er gutar
- Elevane i tiltaka har vorte yngre samanlikna med i 1991
- Noko meir av tida i eksterne tiltak vert brukt til skulefag, i forhold til i 1991
- Smågruppetiltak og vanleg skule samarbeidar oftare om kompetanseheving av personalet. 1/3 av dei eksterne tiltaka tilbyr kurs til lærarar i ordinær skule

- Det er ein positiv utvikling at 2/3 av elevane har enkeltvedtak etter §5.1 i Opplæringslova og/ eller individuell opplæringsplan.

Rapporten kjem ikkje med konklusjonar for eller mot smågruppetiltak, men peikar på at funna kan danne utgangspunkt for vidare undersøkingar og analyse av dei kvalitative tilhøva i ulike smågruppetiltak i ungdomsskulen eller eksternt organisert. Drøftingane i rapporten tek sikte på å gje eit godt grunnlag for vurdering av ulike tiltak for målgruppa.

”Den ene dagen”

”Den ene dagen” og er laga på oppdrag av ”Utvalget for bedre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov” (Midtlyngutvalget). Lillegården kompetansesenter vart beden om å sjå på innhald og kvalitet, og den sosiale- og pedagogiske samanhengen ulike ”smågruppetiltak” er i. På grunnlag av gitte kriterier, vart seks ulike tiltak organisert på tre ulike måter valt ut for nærare studie. Alle tiltaka var deltidstiltak. Rapporten vart lagt fram 01.02.09.

Sentrale funn:

- Tiltaka var sosiale og praktiske læringsarenaer med vekt på relasjonsbygging og mestringsoppleving. Tiltaka var ikkje dumpingsplassar for skulane.
- Det var stor semje om at det var viktig at opphaldet i tiltaket var avgrensa i tid. Dei fleste var einige om at ein dag i veka var nok.
- Tiltaka vert rekna som eit pustehol frå ein teoritung skule.
- Tiltaka hadde attraktive aktivitetar, men læringsmåla var for utydelege og tilfeldige.
- Alle tiltaka tok i vare elevane si rett til å høyre til i ein klasse/gruppe på heimeskulen og å ha ein kontaktlærer på heimeskulen.
- Samarbeid mellom tiltaket og heimeskulen og foreldre var uformelt og lite strukturert. Alle partar meinte dei hadde eit stort utviklingspotensiale på området.
- Tiltaka la vekt på å vere attraktive for alle elevane på heimeskulen, at elevane skulle behalde tilhøyre til klassen i heimeskulen og at det skulle vere reelt friviljug. I den grad eleven si rolle og status vart endra som følgje av deltaking i tilbodet, var den positiv.

Rapporten kjem med følgjande konklusjon og anbefalingar:

”Tiltakene ser ut til å ha positiv innvirkning på fleire forhold i elevenes verden. Samtidig er det forhold ved tiltakene som det er grunn til å stille spørsmål ved og problematisere.”

Overordna mål:

- Alle tiltak i skulen må ha som hovudsiktemål å gjere den vanlege skulen betre for alle elevar
- Alle tiltak må vere del av bevisste, skuleomfattande utviklingsstrategiar med dokumentert effekt og med sikte på å endra eigen praksis og organisasjon

Ved oppretting av nye tiltak eller vidareføring av eksisterande tiltak er følgjande viktig:

- Tiltaket må grunnjevast både i skulen sine utviklingsbehov og i eleven sine behov
- Tiltaket må verte ein del av skulen si verksemd og ein må sikra
 - Samanheng med læringsmål
 - Samarbeid mellom lærar i tiltaket og kontaktlærer
 - Synleggjering/status på skulen

- Tiltaka må vere deltidbaserte - 1 dag i tiltaket er nok for dei fleste
- Heterogene samansette grupper
- Tiltaket må vere friviljug
- Skulane må ta i vare elevane sine juridiske og formelle rettar etter Opplæringslova. Avvik føreset sakkunnig vurdering og enkeltvedtak, alternativt justere etter 25% - regelen – flytte timar frå eit fag til eit anna. Det må dokumenterast forskriftsmessig og tilpassas eleven sitt behov.
- Dei tilsette i tiltaket må ha høg relasjonskompetanse og gode faglege kunnskapar.

Avslutningsvis eit sitat frå rapporten:

”Inkluderingsideologien står sterkt i norsk skole. Smågruppetiltak for elever som viser problematferd, mistrivsel og lav motivasjon for skolearbeid, blir noen ganger betraktet som en skamlett på bildet av den inkluderende skolen i Norge. Andre ganger blir tiltakene omtalt som lovende tiltak for barn og unge som viser problematferd i skolen. Noen hevder at det å opprette smågrupper av elever med samme type problemer virker ekskluderende, mens andre mener at smågruppene for disse elevene er å ta tilpasset opplæring på alvor. Kunnskapsløftet inviterer til en dreining fra fellesskapet til et mer individualisert tilpasset undervisningstilbud, og skoleeiere og skoleledere er gitt større rom for nye fleksible organisatoriske differensieringsformer (Backmann og Haug 2006). Er mangfoldet i smågruppetilbudene i skolen eksempler på en fleksibel, organisatorisk form for individuell tilpasning, eller er smågruppetiltak en form for organisering som gjør det lettere for skoler å bli kvitt noen få brysomme elever? Disse ulike virkelighetsbeskrivelsene kan være uttrykk for både ideologisk, politisk og pedagogisk uenighet, men de kan óg være uttrykk for at i mangfoldet av smågruppetiltak finnes det eksempler på både forvisningssteder og pedagogiske mønsterbruk.”

3.2.4 Lindås kommune

Lindås kommune har frå hausten 2009 tre ungdomsskular; Knarvik, Lindås og Ostereidet. Alle skulane har eit ønskje og eit mål om å kunne gje alle elevane i kommunen eit tilrettelagd tilbod på heimeskulen. Skulane har utarbeid planar og strategiar dei jobbar etter først og fremst med tanke på trivsel og førebygging av problematferd.

Til tross for mange gode førebyggjande tiltak, gjev alle skulane uttrykk for at dei i større eller mindre grad har elevane dei ikkje klarar å gje eit forsvarleg opplæringstilbod innanfor den ordinære ramma. Det vert lagt vekt på omsynet til den einskilde eleven, men også på omsynet til dei andre elevane på skulen. Grunngevnaden er også knytt til for lite ressursar.

Det er pr.d.d. to alternative tilbod i Lindås – Ressurssenteret og Seim gard. Talet på søkjarar er aukande. Skuleåret 2009/2010 var det 13 søkjarar til 8 plassar på Seim Gard og 9 søkjarar til 8 plassar på Ressurssenteret.

Ressurssenteret

Ressurssenteret vart oppretta hausten 2005 og skulle vere eit femårig prosjekt i regi av Alversund skule. Tilbodet er for elevane i ungdomsskulealder som ikkje finn seg til rette i den vanlege skulekvardagen og/eller for elevane som treng ei særskild oppfølging.

Ressurssenteret si målsetting er å skape:

- Eit heilskapleg opplæringstilbod
- Ei tettare oppfølging av skule og dei ulike hjelpetenestene

- Ein god overgang mellom grunnskulen og den vidaregåande opplæringa
Opplæringa skal vere tilpassa kvar einiskild elev sine evner og behov. Målet er at elevane skal kjenne seg ivaretatt og sett, dei skal oppleve meistring gjennom teori og arbeid.

Seim Gard

Tilpassa opplæring på gard starta som eit prosjekt i 1994 i samarbeid mellom Seim Gard og skuleetaten i Lindås kommune. I desember 1996 gjorde kommunestyret vedtak om at tilbodet på Seim Gard skulle bli ein del av grunnskuletilbodet i Lindås kommune.

Den pedagogiske grunntanken på Seim Gard er at elevane skal lære gjennom arbeid. Alle arbeidssituasjonar, opplevingar og røynsler i ein skuledag på Seim Gard er lærings situasjonar. Desse skal nyttast fullt ut.

Målsetting for brukarane av tilbodet:

- Eleven skal nytta sine praktiske og teoretiske evner i tilpassa arbeid/lærings situasjonar
- Eleven skal oppleve meistring og kjenne seg sosialt trygg
- Eleven skal ta ansvar for seg sjølv og andre

Elevane på Seim Gard har ein fast dag pr.veke på garden, og går på heimeskulen resten av veka. Seim Gard og heimeskulen har fast samarbeid for å skapa heilskap og samanheng i skuletilbodet til enkelteleven.



3.2.5 Drøfting

Dei to fagrapportane frå Lillegården kompetansesenter syner at det for elevane det gjeld, har mykje å seia om dei held fram i det ordinære tilbodet eller i eit alternativt tilbod. Omfanget av ”smågruppetiltak” har auka markant. I Noreg er det snakk om ein tredobling av eksterne tiltak over dei siste 15 åra. Det vert peika på ulike grunnar til dette. Nokre vil halda fram ei samfunnsutvikling som stadig vert hardare, kaldare og for nokre meir og meir framandgjerande. Andre vil peike på utdanningspolitiske føringar som kom rundt 2002 da kyrkje-, utdannings- og forskingsminister Kristin Clemet tydeleg tok til orde for at det var ønskeleg med fleire alternative opplæringstilbod i Noreg. Dette var eit brot med tidlegare politikk som var tilbakehalden med å vedkjenna alternative opplæringstilbod offisielt. Sentrale styringsdokument held framleis fast på at alle elevar har rett på eit likeverdig tilbod på heimeskulen. Forskingsmiljøet er kritisk til alternative opplæringstilbod. Dei peikar spesielt på at vi veit for lite om kva verknad denne type opplæring har på elevane på lang sikt og at å samle elevar med negativ åtferd i seg sjølv er negativt. Forsking viser også at skular som har lukkast med å utvikle sine kollektive kulturar i meir inkluderande retning også

lukkast betre med inkludering av elevar i det faglege, sosiale og kulturelle fellesskap enn andre (Lillegården kompetansesenter 2009).

3.2.6 Konklusjonar og tilrådingar for arbeid med alternativ opplæring i Lindås

Ungdomsskulane i Lindås meldar alle at dei har eit opplevd behov for å ta nokre elevar ut av den ordinære undervisninga og samle dei i små grupper. På grunnlag av fagrapportane, forskingsresultat og mange gode drøftingar i arbeidsgruppa, er det klart at Lindås kommune treng å vidareutvikle eksisterande alternative opplæringstilbod og eventuell oppretting av nye tiltak, i nært samarbeid med skulane. Det er eit mål i kommunen at alle tiltak i skulen må ha som hovudsiktemål å gjere den vanlege skulen betre for alle elevar. Igangsetting av særskilde tiltak må byggja på strategiar med dokumentert effekt og vere ein del av skulen sin samla utviklingsstrategi.

Konkrete tiltak:

1. Oppretting av ei styringsgruppe for alternative opplæringstilbod

Rådmannen rår til at arbeidsgruppa held fram som ei styringsgruppe for eksisterande og framtidige løysingar for ulike alternative tilbod på kommune- og skulenivå i Lindås. Styringsgruppa må vere sett saman av representantar frå dei tre ungdomsskulane, PPT, dagleg leiar for Seim gard og for Ressursenteret og rådmann. Gruppa må ha jamlege møte, følgja opp kvaliteten i eksisterande tilbod (jf. Rapportane frå Lillegården kompetansesenter) og vidareutvikle nye tilbod som har dokumentert gode resultat både i forhold til skulefagleg læring og sosial utvikling.

2. Førebyggjande tiltak på kommunenivå – ulike program:

- MOT – en ideell organisasjon som har livet til ungdom i sentrum.
 - Lindås kommune har inngått ein samarbeidsavtale - ”Lokalsamfunn med MOT”. Alle ungdomsskulane tek del i programmet, og kommunen har peika ut ein koordinator.
- Zippys venner
- ”Dei utrulege åra”
- ART – (Agression Replacement Training)
- Tidleg innsats – tverrfagleg prosjekt i kommunen

3. Førebyggjande tiltak på skulenivå:

- Halda fram med ulike gode tiltak som allereie er i gang – til dømes ”Smil og stil”
- Tydelege reglar og konsekvensar ved regelbrot
- Tilpassa opplæring – variert undervisning – meistring – vurdering og rettleiing
- Godt samarbeid med heimen
- Sosial læreplan
- Klasseleiing
- Gode overgangar
- Kompetansebygging: ”sjå” elevane – ikkje ”oversjå” – tilknytning - kommunikasjon – rettleiing
- Tverrfagleg samarbeid

4. Alternative tiltak på skulenivå:

- Tilrettelegging for ulike læringsstilar
- Elevane må få noko anna – ikkje meir av det same
- Praktisk prosjektarbeid
- Samtalegrupper
- Samarbeid med nærmiljøet og næringslivet
- Samarbeid skulane i mellom
- Tiltakspakker for enkeltelevar – periodar – fleksibilitet

5. Alternative deltidstilbod – eksternt:

- ”Inn på tunet” – garden som pedagogisk ressurs
 - Seim gard
 - Træland gard
 - NerTveiten Gard
 - Andre
- Andre lokale samarbeidsprosjekt
- Kommunale opplæringsplassar
- ”Kraft ’n”

6. Alternative heiltidstilbod – eksternt:


- Ressurssenteret går inn i sitt femte og siste prosjektår 2009/2010
- Rådmannen rår til at ressurscenteret vert vidareført som eit kommunalt tiltak, administrert av Knarvik ungdomsskule i nært samarbeid med styringsgruppa.

4 Eksisterende skular og skulestruktur

Lindås kommune har 11 barneskular og 3 ungdomsskular, med til saman omkring 1950 elevar fordelt på 1.-10.årssteg (ca 1370 på barnesteget og 580 på ungdomssteget).

Skule	Elevtal 08/09	M ² BTA	M ² BTA pr elev
Alversund skule (1-7)	408	7737	19,0
Eikanger skule (1-7)	51	946	18,5
Festo skule (1-7)	39	613	15,7
Kløyheim skule (1-7)	51	1180	23,1
Knarvik barneskule (1-7)	210	3144	15,0
Leiknes skule inkl. paviljong (1-7)	121	1946	16,1
Lindås barneskule (1-7)	205	2783	13,6
Myking skule (1-7)	58	1543	26,6
Ostereidet barneskule (1-7)	132	2148	16,3
Seim skule (1-7)	90	1152	12,8
Skodvin skule (1-7)	52	1149	22,1
Knarvik ungdomskule (8-10)	270	4640	17,1
Lindås ungdomskule (8-10)	155	3403	22,0
Ostereidet ungdomsskule (8-10)	109	2456	22,5
SUM	1951	34840	17,9

Kartet nedanfor viser kor barneskulane er plassert i kommunen og kva inntaksområde den enkelte skule har. Ungdomsskulane er plassert i Knarvik, Lindås og Ostereidet:



I tillegg til dei kommunale grunnskulane er det og ein privat grunnskule i Lindås kommune. Det er Nordhordland Kristne Grunnskule som held til i Alversund. Skulen er ein 1-10 skule med omlag 70 elevar frå fleire kommunar. I skuleåret 2008/09 hadde skulen til saman 42 elevar frå Lindås kommune; 24 elevar på barnesteget og 18 elevar på ungdomsteget.

Nokre elevar som bur lengst nord i kommunen (i Lindås skule sitt inntaksområde), får tilbod om skuleplass på Kaland barne- og ungdomsskule i Austrheim kommune fordi dei har kortare skuleveg dit. I skuleåret 2008/09 gjaldt dette 21 elevar på barnesteget og 4 elevar på ungdomsteget. I utgangspunktet var dette eit tilbod til elevar på barnesteget, men etter kvart har fleire av elevane og gått på Kaland på ungdomsteget. Kaland barne- og ungdomsskule har om lag 130 elevar, og ungdomsteget er svært lite.

Dei einskilde skulane

I det følgjande er skulane i kommunen kort presentert. For ein meir utførleg skildring, sjå vedlagte skuleskildringar (vedlegg 1).

Alversund skule



Nøkkeltal:

Elevtal:	359 elevar
Kapasitet:	420-440 elevar
M2 BTA:	7737 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	2811 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 54,8 mill):

- Bygningsteknisk: Fasaderehabilitering, yttertak, vindauge og innvendige flater.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg. Utbetring og oppgradering av radiatorsystem.
- Elektro: Nye føringsveier og tavler.

Vurdering av anlegget:

- Mykje trafikkareal, mykje spesialisert læringsareal og mange like klasserom
- Fint uteområde
- Skulen er ikkje godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Eikanger skule



Nøkkeltal:

Elevtal:	51 elevar
Kapasitet:	35-45 elevar
M2 BTA:	946 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	349 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 9,3 mill):

- Bygningsteknisk: Fasaderehabilitering, kledning, vindauge og innvendige flatar.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg, vassforsyning/sløkkevatn - brønn
- Elektro: Mindre arbeidar

Vurdering av anlegget:

- Slitte læringsareal, få grupperom og spesialisert læringsareal
- Liten gymsal
- Lærarbustaden er i svært dårleg stand.
- Gode personalareal
- Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Festo skule



Nøkkeltal:

Elevtal:	39 elevar
Kapasitet:	30-40 elevar
M2 BTA:	613 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	248 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 1,1 mill):

- Bygningsteknisk: Generelt vedlikehald av trekledning

Vurdering av anlegget:

- Gode læringsareal i høve til elevtalet
- Manglar gymsal
- Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Kløyheim skule



Nøkkeltal:

Elevtal:	51 elevar
Kapasitet:	50-60 elevar
M2 BTA:	1180 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	471 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 9,6 mill):

- Bygningsteknisk: Vindauge, fasaderehabilitering, yttertak og innvendige flatar.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg.
- Elektro: Oppgraderingar

Vurdering av anlegget:

- Ordinære klasserom (unntak SFO/1.kl-base), få grupperom, lite spesialisert areal
- God gymsal
- Fint uteområde med god tilgang til naturen
- Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Knarvik barneskule



Nøkkeltal:

Elevtal:	213 elevar
Kapasitet:	160-180 elevar
M2 BTA:	3144 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	1405 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 17,2 mill):

- Bygningsteknisk: Fasaderehabilitering, kledning, yttertak og innvendige flater.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg i hovudbygg.

Vurdering av anlegget:

- Mange like klasserom, manglar grupperom og mange spesialrom. Dårlige garderobeløysingar.
- Skulen er ikkje godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Leiknes skule



Nøkkeltal:

Elevtal:	121 elevar
Kapasitet:	120-140 elevar
M2 BTA:	1946 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	1042 m ²


Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 14,8 mill):

- Bygningsteknisk: Fasaderehabilitering, yttertak og innvendige flater.
- VVS: Nytt anlegg, delar berre naturleg ventilasjon.
- Elektro: Hovudtavle og føringsvegar

Vurdering av anlegget:

- Slitt bygningsmasse
- Manglar spesialrom
- Dårlige garderobe- og toalettøysingar i hovudbygg
- Skulen er ikkje godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Lindås barneskule



Nøkkeltal:

Elevtal:	205 elevar
Kapasitet:	200-220 elevar
M2 BTA:	3582 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	1680 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 22,8 mill):

- Bygningsteknisk: Vindauge, overflatebehandling, kledning og innvendige flatar.
- VVS: Nye ventilasjonskanalar. Aggregat frå 2006 med kapasitet til heile bygget.
- Elektro: Høge oppvarmingskostnader, takkonstruksjon

Vurdering av anlegget:

- Mange like klasserom, få egna grupperom, få og dårleg egna spesialrom
- Stort uteområde som bør utviklast vidare
- Skulen er godkjent med atterhald etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (04.05.99).

Myking skule



Nøkkeltal:

Elevtal:	58 elevar
Kapasitet:	70-90 elevar
M2 BTA:	1543 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	651 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 11 mill):

- Bygningsteknisk: Vindauge, kledning, vedlikehald og innvendige flatar.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg.
- Elektro: Mindre oppgraderingar

Vurdering av anlegget:

- Store klasserom, få grupperom
- Tilfredsstillande spesialareal/sambruksrom
- Lite variert uteområde
- Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Ostereidet barneskule



Nøkkeltal:

Elevtal:	132 elevar
Kapasitet:	150-170 elevar
M2 BTA (eks idrett):	2148 m ²
M2 læringsareal (eks. idrett):	1283 m ²


Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 3,5 mill):

- Bygningsteknisk: Vindauge, kledning og innvendige flatar.
- VVS: Ventilasjonsanlegg SFO-bygg.
- Elektro: Mindre arbeidar

Vurdering av anlegget:

- Gode læringsareal og personalareal
- Greitt uteområde
- Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Seim skule



Nøkkeltal:

Elevtal:	90 elevar
Kapasitet:	55-70 elevar
M2 BTA:	1152 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	516 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 10,5 mill):

- Bygningsteknisk: Utbetring av branntryggleik, solavskjerming, oppussing av flater, ombygg og reparasjon av langvegg mot søraust.
- VVS: Ventilasjonsanlegg

Vurdering av anlegget:

- Lite og dårleg eigna areal, manglar mykje spesialisert læringsareal
- Dårlige garderobe- og toalettøysingar
- Utfordringar i høve til trafikktryggleik
- Skulen er ikkje godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Skodvin skule



Nøkkeltal:

Elevtal:	52 elevar
Kapasitet:	45-60 elevar
M2 BTA:	1149 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	481 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 10,3 mill):

- Bygningsteknisk: Fasaderehabilitering, kledning, yttertak, vindauge og innvendige flater.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg.
- Elektro: Hovudtavle og føringsvegar

Vurdering av anlegget:

- Slitte og uegna læringsareal i det eldste bygget
- Få spesialrom
- Liten gymsal
- Fint uteområde
- Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Knarvik ungdomsskule



Nøkkeltal:

Elevtal:	269 elevar
Kapasitet:	360 elevar
M2 BTA:	4261 m ² (frå hausten 09, medrekna paviljong)
M2 læringsareal (eks. gym):	m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år:

- Det føregår utbygging og rehabilitering av skuleanlegget.

Vurdering av anlegget:

- Etter ut- og ombygginga vil skulen få svært gode og høvelege læringsareal og verte godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Lindås ungdomsskule



Nøkkeltal:

Elevtal:	155 elevar
Kapasitet:	140-160 elevar
M2 BTA:	3403m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	1319 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 28 mill):

- Bygningsteknisk: Fasaderehabilitering, yttertak, vindauge og innvendige flatar.
- VVS: Nye ventilasjonskanalar. Utdatert radiatorsystem med dårleg kapasitet.
- Elektro: Nye føringsvegar og tavler

Vurdering av anlegget:

- Mange like klasserom, få grupperom, mykje spesialisert læringsareal
- Noko uoversiktleg i hovudbygget
- Stort og fint uteområde
- Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Ostereidet ungdomsskule



Nøkkeltal:

Elevtal:	109 elevar
Kapasitet:	150-160 elevar
M2 BTA (eks. idrett):	2456 m ²
M2 BTA Idrettsbygg:	ca 1770 m ²
M2 læringsareal (eks. gym):	1162 m ²

Vedlikehaldsbehov neste 5 år (ca 16,4 mill):

- Bygningsteknisk: Fasaderehab, yttertak, vindauge og innvendige flatar (gamal del).
- VVS: Nye kanalar i gamal del. Anlegget i den nye delen er forberedt for å forsyne heile bygget.
- Elektro: Nye føringsvegar

Vurdering av anlegget:

- Slitte læringsareal i gamal del av bygget
- Gode læringsareal/spesialrom i nyaste delen
- Stort og godt uteområde
- Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

5 Forventa utvikling i folketal og elevtal

Norconsult har på oppdrag frå Lindås kommune utarbeida ny folketalsprognose for kommunen med spesielt fokus på utvikling i talet på grunnskuleelevar og førskulebarn. Prognosen tek utgangspunkt i registrert befolkning pr. 1.jan. 2009 (kjelde: SSB) og offisielt elevtal på skulane i skuleåret 2008/09 (kjelde: Grunnskolens informasjonssystem). Det er utarbeida separate prognosar for dei elleve barneskuleområda.

Utrekningane i prognosen baserar seg på ei vidareføring av flyttemønster, fruktbarheit og dødelegheit som for dei siste 5 åra (kjelde: SSB). Flyttestraumane er korrigert for planlagd bustadbygging.

Når det gjeld tal for bustadbygging i åra framover er det i prognoseutrekningane teke utgangspunkt i tilgjengeleg datagrunnlag om utbyggingspotensiale i godkjende planar i kommunen (Kjelde: Bustadbyggeprogram for Lindås kommune 2009-2011).

Utbyggingspotensiale og tal på bustader som er lagt til grunn for prognoseutrekningane i dei ulike barneskuleområda, er vist i tabellen nedanfor. Den reelle bustadbygginga dei siste åra er brukt som ein indikasjon på kor store delar av utbyggingspotensialet som vil bli realisert i perioden.



Tabell. Utbyggingspotensiale og ferdigstilte bustader som det er tatt høgde for i prognosen, fordelt på barneskuleområda.

Barneskuleområde	Utbyggingspotensiale i godkjende planar (frå bustadbyggeprogrammet)		Ferdigstilte bustader i 2009-2024 (som det er tatt høgde for i prognosen)	
	Bustader	Areal	I heile perioden	Årleg gjennomsnitt
Alversund	750	330da	480	30
Knarvik	1200	200da	640	40
Leiknes	60	160da	160	10
Eikanger	48	?	48	3
Ostereidet	33	137da	96	6
Kløvheim	72	?	32	2
Myking	28	28da	48	3
Lindås	70	20da	96	6
Skodvin	56	115da	64	4
Seim	14	30da	48	3
Festo	10	45da	16	1
SUM	2341		1728	108

Som ein følge av endringar i bustadmarknad og byggeaktivitet i 2009 er det vanskeleg å anslå korleis bustadbygginga vil utvikle seg dei næraste åra. Det er ingen tvil om at mange prosjekt som normalt ville vore ferdigstilte i 2009 og 2010 no vil skyvast ut i tid, men korleis dette vil arte seg i praksis er det vanskeleg å vere sikker på. I prognosen har ein vald å fordele bustadbygginga likt på alle år i perioden.

Folketals- og elevtalsutvikling dei seinare åra



Figurane nedanfor viser utviklinga i folketalet i kommunen sidan 1970, og storleiken på dei faktorane som påverkar folketalet frå år til år; nettoinnflytting og fødselsoverskot frå 1988-2008. Figuren til høgre viser at den største bidragsytaren til auka folketal dei siste 4-6 åra er nettoinnflytting, medan det dei fleste åra før år 2002 var fødselsoverskotet som var den største bidragsytaren til folketalsauken.



Om nettoinnflyttinga som ein har hatt dei siste 5 åra vil halde fram, vil m.a. avhenge av kor mange bustadar som vert bygd i kommunen og kor attraktiv kommunen er for nyetablerarar.



Eit positivt fødselsoverskot (tal fødte minus tal døde) gjev tilskot til ein auke i folketalet i kommunen, og slik har det vore kvart år sidan 1988. Dette skuldast at kommunen i alle desse åra har hatt ei relativt ung befolkning. Det høge fødselsoverskotet ser og ut til å kunne vare ved i mange år framover, viss ikkje fruktbarheita vert redusert meir enn det som SSB trur i dag, eller dødelegheita i befolkninga aukar.

Fordeling av dagens befolkning i aldersgrupper og for kvart alderssteg er vist i figurane under. I figuren til venstre ser ein m.a. at Lindås har ein høgare del barn og unge (personar 0-19 år), men ligg rimelig likt med Hordaland og landet sett under eitt i aldersgruppa 30-39 år. Lindås har ein høgare del i aldersgruppa 50-66 år enn Hordaland og landet sett under eitt. Dette ber teikn om at kommunen er avhengig av ein positiv nettoinnflytting for å oppretthalde det positive fødselsoverskotet som var vist ovanfor. Figuren til høgre viser at dei årskulla som i dag går i grunnskulen (blå og lilla farge), jamt over er litt større enn dei årskulla som gjekk ut av skulen for nokre år sidan. Det er ein topp i elevtalet som er på veg gjennom barneskulen no.




Det kan sjå ut som årskulla som kjem inn i skulen dei neste åra er noko større enn dei som går i barneskulen i dag. Når talet barn i grunnskulealder ventast å auke dei næraste åra, heng dette og saman med at årskulla i førskulealder, på grunn av venta innflytting, truleg vil bli endå større før barna startar på skulen. Gjennomsnittlege årlege endringar i kvart årskull dei siste 5 åra, er vist i figuren til venstre nedanfor. Dersom ein legg saman søylene for dei yngste i figuren, ser ein at årskulla dei siste åra i gjennomsnitt har auka med i underkant av 30 barn frå fødselsåret fram til barna startar på skulen.


Utviklinga dei siste åra i tal på barn i førskule- og grunnskulealder er vist i figuren under til høgre. Talet førskulebarn og barn på barne- og ungdomssteget har hatt ein jamn auke dei siste ti åra.




For å kunne ta i mot den relativt store innflyttinga til kommunen, har det vore omfattande bustadbygging den seinare tida. I gjennomsnitt har det dei siste ti åra vore bygd i overkant av 100 nye bustader kvart år. Dei største tala har vore dei siste åra.




Prognose for framtidig utvikling av folketal i kommunen



Den nye prognosen viser at Lindås kommune kan vente jamn auke i folketallet i heile planperioden. Kor stor vekst det vert, er avhengig av bustadbygginga. Med den byggeaktiviteten som er lagt til grunn kan folketallet ventast å passere 15 000 i 2013, 16 000 i 2017 og 17 000 i 2022.



I den øvste figuren til venstre er den nye prognosen (svart strek) samanlikna med SSB sine prognosealternativ for høg, middels og låg nasjonal vekst (raud, grøn og gul strek). Figuren viser at prognosen ligg mellom SSB sitt alternativ for middels- og høg nasjonal vekst.



Prognosar for barneskulane sine inntaksområde er vist i dei to andre figurane. Figurane viser at det kan ventast ein kraftig auke i folketallet i inntaksområda til Alversund og Knarvik. Leiknes, Lindås, Ostereidet og Skodvin kan og vente ein auke, medan Seim og Festo kan vente ein nedgang. I dei andre områda er det berre venta mindre endringar.

Oppsummering av prognosen i ulike aldersgrupper:

0-5 år: Prognosen for førskulebarn (aldersgruppa 0-5 år) viser at talet førskulebarn er venta å halde seg relativt stabilt gjennom store deler av perioden, med ein svak auke mot slutten av perioden.

6-12 år: Elevtalet på barnesteget er venta å auke fram mot midten av planperioden. Mot slutten av perioden er det venta at elevtalet stabiliserar seg.

13-15 år: Prognosen viser at elevtalet på ungdomssteget er venta å halde seg stabilt i nokre år framover, før ein får ein mellombels auke i elevtalet i åra 2013-2016. Deretter vil elevtalet igjen gå noko ned før det igjen aukar fram mot 2020. I siste del av planperioden er elevtalet venta å halde seg stabilt på eit høgt nivå.

16-19 år: Aldersgruppa er forventa å vere stabil dei fyrste fem åra. Deretter er venta auke i resten av perioden.

20-29 år: Aldersgruppa har stor mobilitet og er vanskeleg å prognostisere. Det er likevel grunn til å tru at det og kan bli ein auke i denne aldersgruppa, etter ein stabil periode dei fyrste åra.

30-39 år: Aldersgruppa er forventa å bli fleire dei næraste fem åra men deretter er det venta ein nedgang mot dagens nivå i siste del av perioden.


40-49 år: Aldersgruppa ser ut til å få kraftig vekst i heile planperioden.

50-66 år: Aldersgruppa er forventa å auke noko i første og siste del av perioden, med ein stabil periode midt i.

67år og over: Dei eldste aldersgruppene er forventa å auke kraftig i heile perioden. Veksten i desse aldersgruppene er mykje høgare enn i dei andre aldersgruppene.


Tabell og figur for ulike aldersgrupper i den nye prognosen er vist nedanfor.

	Prognose----->																							
31.des	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
0-5 år	1056	1073	1088	1137	1164	1141	1171	1224	1241	1229	1198	1214	1200	1190	1185	1193	1203	1217	1231	1243	1264	1282	1301	
6-12 år	1325	1303	1333	1335	1391	1400	1404	1409	1434	1470	1524	1504	1526	1559	1593	1609	1594	1561	1580	1568	1557	1558	1568	
13-15 år	537	565	562	581	569	599	599	601	588	593	606	652	674	677	638	633	666	723	721	726	711	727	712	
16-19 år	695	689	696	717	757	749	760	777	784	795	805	806	810	823	861	891	901	901	880	897	946	943	976	
20-29 år	1728	1720	1701	1687	1694	1670	1655	1661	1655	1625	1624	1631	1655	1692	1730	1746	1769	1798	1845	1884	1907	1925	1940	
30-39 år	1645	1662	1727	1776	1844	1888	1974	2019	2046	2083	2107	2106	2095	2082	2053	2069	2083	2090	2117	2108	2129	2144	2170	
40-49 år	1759	1772	1713	1685	1702	1741	1805	1860	1928	1961	2003	2044	2120	2192	2269	2296	2332	2359	2391	2454	2512	2542	2561	
50-59 år	1776	1856	1898	1955	1952	1928	1888	1909	1878	1883	1857	1857	1812	1783	1796	1840	1894	1925	1993	2017	2057	2098	2166	
60-66 år	710	738	819	878	958	1061	1145	1225	1296	1329	1371	1397	1404	1415	1408	1390	1352	1351	1306	1301	1268	1286	1277	
67-69 år	208	232	232	272	288	317	307	318	332	392	435	494	526	578	587	584	575	588	600	614	621	596	567	
70-79 år	717	693	685	678	698	691	740	753	765	770	796	829	914	987	1070	1170	1255	1332	1411	1491	1570	1636	1668	
80 år og over	565	576	589	584	577	593	588	606	630	615	612	579	578	538	551	583	572	626	637	645	664	686	743	
sum	12721	12879	13043	13285	13594	13778	14036	14362	14577	14745	14938	15113	15314	15516	15741	16004	16196	16471	16712	16948	17206	17423	17649	



Prognose for framtidig utvikling i barnetal (0-5 år) i kommunen

Ved årsskiftet 2008-2009 var det i underkant av 1000 barn i alderen 1-5 år i Lindås kommune (1-5 år er den mest aktuelle aldersgruppa for barnehageplass). Talet barn i barnehagealder (1-5 år) har vore relativt stabilt dei siste åra. Dei kommande åra ser talet førskulebarn ut til å auke opp mot 1050 barn, før det stabiliserar seg på omkring 1000 barn mot midten av perioden. I siste del av perioden ser talet barn i førskulealder ut til igjen å auke opp mot 1100 barn.



Tabell for kvart årssteg og ulike aldersgrupper er vist nedanfor:


	Prognose----->																			
31.12	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 år	180	207	165	195	196	185	181	181	182	184	186	186	187	192	192	196	199	205	205	209
1 år	180	192	218	169	206	203	190	189	188	189	191	193	192	195	199	201	204	207	213	214
2 år	174	185	199	221	180	214	211	200	194	195	197	197	200	198	202	206	207	210	214	220
3 år	185	180	186	209	231	185	217	214	204	200	201	201	202	204	206	207	210	212	217	220
4 år	205	191	182	190	217	235	190	222	219	208	204	203	205	207	208	209	210	216	218	220
5 år	213	209	191	187	194	219	240	192	227	224	211	205	207	207	208	211	213	213	216	220
sum 1-2 år	354	377	417	390	386	417	401	389	382	384	388	390	392	393	401	407	411	417	427	434
sum 3-5 år	603	580	559	586	642	639	647	628	650	632	616	609	614	618	622	627	633	641	651	660
sum 1-5 år	957	957	976	976	1028	1056	1048	1017	1032	1016	1004	999	1006	1011	1023	1034	1044	1058	1078	1094
sum 0-5 år	1137	1164	1141	1171	1224	1241	1229	1198	1214	1200	1190	1185	1193	1203	1215	1230	1243	1263	1283	1303

Prognose for framtidig utvikling i elevtal i kommunen


I dei fleste kommunar er det slik at det samla elevtalet for skulane ligg noko lågare enn tal på barn i aktuell aldersgruppe. Dette har samanheng med at nokre elevar går på private skular, ulike former for spesialskular eller på skular i andre kommunar. Dette er og tilfelle i Lindås, men i relativt liten grad. I Lindås er det ein privatskule, med elevar frå 1-10. årssteg. I tillegg går nokre elevar som bur lengst nord i kommunen på skule i Austrheim. Til saman er det om lag 80 elevar i Lindås som ikkje går på ein av dei kommunale grunnskulane i kommunen. Desse elevane er med i prognosen for heile kommunen, men er trekt ut i prognosen for dei ulike skuleområda. For nye elevkull er det gjort eit anslag for kor mange elevar dette gjeld.

Figurane nedanfor viser ein samanlikning av elevtalsprognosen Norconsult har utarbeida for Lindås kommune sommaren 2009 og Statistisk sentralbyrå sine elevtalsprognosar for høg nasjonal vekst, middels nasjonal vekst og låg nasjonal vekst (alle frå 2009), fordelt på barnesteg og ungdomssteg. Skilnaden i prognosane kjem av at Norconsult-prognosen m.a. har lagt inn lokale planar for bustadbygging, medan SSB sine prognosar legg ein generell vekst i ulike kommunetypar til grunn, og dermed ikkje får med lokale variasjonar.

På barnesteget er det venta ein auke i elevtalet fram mot midten av planperioden. Mot slutten av perioden er det venta



at elevtalet stabiliserar seg. Elevtalet på barnesteget er venta å auke med om lag 160 elevar. Prognosen for barnesteget ligg ganske likt med SSB sitt alternativ for middels nasjonal vekst.



Elevtalet på ungdomsteget er venta å halde seg stabilt i nokre år framover, før ein mellombels auke i perioden 2013-2016. Deretter vil elevtalet igjen gå noko ned før det igjen aukar fram mot 2020. Elevtalet på ungdomsteget er venta å auke med om lag 110 elevar i perioden. Den nye prognosen ligg noko over SSB sitt alternativ for høg nasjonal vekst i store delar av perioden.

Prognose for framtidig utvikling i elevtal på den einsskule skule

Med utgangspunkt i eksisterande skulestruktur, prognosen for heile kommunen og faktisk elevtal på skulane, er det utarbeida elevtalsprognosar for alle skulane, basert på følgjande:

- tal for førskulebarn i skulane sine inntaksområde pr. 1. januar 2009
- vidareføring av observerte endringar i dei yngste aldersgruppene i skulane sine inntaksområde dei siste 5 åra (korrigert for punkta nedanfor)
- framtidig/planlagt bustadbygging i skulane sine inntaksområde (med utgangspunkt i kommunen sitt bustadbyggeprogram; jfr tabell tidlegare i kapittelet)
- tilflytting av barnefamiljar som følgje av naturlege generasjonsskifte i bustadmassen, og at middelaldrande og eldre innbyggjarar flytter inn i nye/andre bustader.


Tabellen nedanfor gjev ein oversikt over kva grunnkrinsar/områder som høyrer til dei einsskule skulane i prognosane:

Grunnkrins	Barneskule	Ungdomsskule	Folkemengde pr. jan 2009	0-5 år pr. jan 2009	6-12 år pr. jan 2009	13-15 år pr. jan 2009
12630101 Asheim	Lindås	Lindås	262	25	20	4
12630102 Lauvås	Lindås	Lindås	151	1	11	8
12630103 Verås	Lindås	Lindås	309	21	27	13
12630104 Lindås	Lindås	Lindås	1097	80	130	64
12630105 Fanebust	Lindås	Lindås	285	18	22	14
12630106 Fjellanger	Lindås	Lindås	104	4	7	4
12630107 Skodvin	Myking / Skodvin	Lindås	393	25	40	24
12630108 Hundvin	Skodvin	Lindås	353	34	33	7
12630109 Myking	Myking	Lindås	240	10	18	9
12630110 Natås	Myking	Lindås	292	28	21	9
12630201 Lygra	Festo	Knarvik	69	8	8	3
12630202 Festo	Festo	Knarvik	271	25	30	12
12630203 Titland	Festo	Knarvik	39	3	2	0
12630204 Fosse	Alversund	Knarvik	297	30	26	14
12630205 Soltveit	Alversund	Knarvik	1099	132	160	55
12630206 Kvamme	Alversund	Knarvik	315	31	20	7
12630207 Alver	Alversund	Knarvik	143	11	14	5
12630208 Alvermarka	Alversund	Knarvik	1396	159	163	52
12630301 Øksnes	Seim	Knarvik	182	17	14	6
12630302 Spurkeland	Seim	Knarvik	140	11	11	7
12630303 Vest Vassbygd	Seim	Knarvik	67	5	7	0
12630304 Hopland	Seim	Knarvik	345	29	45	23
12630305 Kroken	Seim	Knarvik	218	13	20	5
12630306 Isdal	Knarvik	Knarvik	111	10	9	5
12630307 Knarvik K	Knarvik	Knarvik	1193	97	105	40
12630308 Knarvik Senter	Knarvik	Knarvik	336	15	16	13
12630309 Knarvik H	Knarvik	Knarvik	856	44	60	28
12630310 Gjervik	Knarvik	Knarvik	116	14	10	4
12630311 Øvstegård	Leiknes	Knarvik	142	11	16	4
12630312 Hjelmås	Leiknes	Knarvik	308	28	37	23
12630313 Leiknes	Leiknes	Knarvik	620	79	73	22
12630401 Kløve	Kløvheim	Ostereidet	477	27	50	30
12630402 Øvre Eikanger	Eikanger	Ostereidet	273	25	26	16
12630403 Nedre Eikanger	Eikanger	Ostereidet	282	25	20	14
12630404 Åsgard	Ostereidet	Ostereidet	99	8	11	4
12630405 Vatshelle	Ostereidet	Ostereidet	262	18	16	12
12630406 Stranda	Ostereidet	Ostereidet	311	17	43	15
12630407 Eide	Ostereidet	Ostereidet	346	22	46	18
12630408 Austfjorden	Ostereidet	Ostereidet	17	1	0	0
12630409 Bjørsvik	Ostereidet	Ostereidet	64	4	4	2
12630410 Urdal	Ostereidet	Ostereidet	58	3	3	2
12630411 Romarheim	Ostereidet	Ostereidet	98	3	10	2

Vidare i kapittelet vert det gjort ein gjennomgang av kvar skule sin elevtalsprognose med figurar og forklaring. Prognosetabellane ligg som vedlegg til planen.


Alversund skule

Elevtalet på skulen (barnesteget) har auka jamt dei seinare åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å halde fram med å auke dei neste 9-10 åra. I siste del av planperioden er elevtalet venta å halde seg relativt stabilt på om lag 450-460 elevar. Skulen har ein kapasitet på omkring 420-440 elevar og vil verte trong med det elevtalet som er venta.




Eikanger skule

Eikanger skule har hatt omkring 50 elevar dei seinare åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å halde seg stabilt dei første åra, før det stig i perioden frå ca 2013/14 til 2019/20. Mot slutten av planperioden er elevtalet venta å stabilisere seg på omkring 60 elevar. Eikanger skule har kapasitet til å ta imot om lag 35-45 elevar i eksisterande skuleanlegg.




Festo skule

Festo skule har hatt 35-39 elevar dei seinare åra. Prognosen viser at skulen kan vente ei nedgang i elevtalet kommande år, men deretter ei svak auke i perioden 2012-2016. Mot slutten av planperioden er elevtalet venta å minke kraftig, heilt ned mot 20 elevar i 2025. Festo skule har stort sett kapasitet til å handtere det elevtalet som er venta på skulen, men saknar ein gymnastikksal og skulle og hatt noko betre spesialiserte areal.




Kløyheim skule

Kløyheim skule har hatt eit minkande elevtal dei seinare åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å halde fram med å minke dei nærmaste åra, før det stabiliserer seg på i overkant av 40 elevar i siste halvdel av planperioden. Kløyheim skule har kapasitet til å handtere det elevtalet som er venta på skulen, men manglar litt areal i høve til rettleiande arealprogram.




Knarvik barneskule

Knarvik barneskule har hatt eit stigande elevtal dei siste åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å halde fram med å stige jamt i den neste 10-årsperioden, for deretter å halde seg stabilt på omkring 240 elevar. Knarvik barneskule har kapasitet til å ta imot 160-180 elevar.




Leiknes skule

Leiknes skule har hatt ein kraftig auke i elevtalet dei siste åra. Elevtallsprognosen viser at elevtalet er venta å stige kraftig dei neste 10 åra, før det stabiliserar seg på omlag 160-170 elevar. Den planlagde utbygginga på Leiknes skule har lagt til grunn eit dimensjonerande elevtal på 190 elevar. Med mindre skulen får tilført fleire elevar frå andre skular er dette tilstrekkelig med tanke på at skulane bør dimensjonerast for omlag 10 % fleire elevar enn det som er venta.




Lindås barneskule

Lindås barneskule har opplevd nedgang i elevtalet dei siste åra. Prognosen viser at elevtalet er forventa å minke og i den neste 5-årsperioden, før det er venta å stabilisere seg på omkring 170-180 elevar. Lindås barneskule har i dag kapasitet til å ta imot 200-220 elevar.




Myking skule

Myking skule har hatt eit minkande elevtal dei siste åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å halde fram med å minke den neste 5-årsperioden. Frå omkring 2014/15 er det venta vekst i elevtalet, opp mot 60-70 elevar i heile siste delen av planperioden. Myking skule har god kapasitet til å handtere elevtalet som er venta.




Ostereidet barneskule

Ostereidet barneskule har hatt ein svak auke i elevtalet dei siste åra. I heile planperioden er elevtalet venta å halde seg stabilt i overkant og underkant av 120 elevar. Skulen har kapasitet til å ta imot 150-170 elevar så lenge ein nyttar spesialrom på ungdomsskulen.




Seim skule

Seim skule har hatt ein svak nedgang i talet elevar dei siste åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å halde seg stabilt på omkring 90 elevar den neste 10-årsperioden, før det er venta ein svak nedgang i talet elevar mot slutten av planperioden.




Skodvin skule

Skodvin skule har opplevd ei auke i elevtalet dei siste åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å halde fram med å auke dei nærmaste åra, før det vil halde seg stabilt på omkring 65-70 elevar fram til midten av planperioden. I siste del av perioden er det igjen venta vekst i elevtalet.




Knarvik ungdomsskule

Knarvik ungdomsskule har hatt ein kraftig auke i elevtalet dei siste åra, mest på grunn av at elevane frå Alversund har vorte overført hit. Frå hausten 2009 vil alle elevane frå Alversund gå på Knarvik ungdomsskule. Elevtalet på skulen er i følgje prognosen venta å auke kraftig dei neste ti åra, før det stabiliserar seg på omkring 440-460 elevar mot slutten av planperioden. Knarvik ungdomsskule er dimensjonert for 360 elevar, men har ein del reservekapasitet i den mellombelse paviljongen som skulen disponerar i byggeperioden.




Lindås ungdomsskule

Lindås ungdomsskule har opplevd ei auke i elevtalet dei siste åra. Prognosen viser at elevtalet er venta i minke ned mot 125 elevar den neste 10-årsperioden. Mot slutten av planperioden er det igjen venta ei auke i elevtalet. Lindås ungdomsskule har kapasitet til å ta imot 140-160 elevar.



Ostereidet ungdomsskule

Ostereidet ungdomsskule har opplevd ein nedgong i elevtalet dei siste åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å svinge frå 100 til 115 elevar i første del av planperioden og frå 90 til 110 elevar i siste del av planperioden. Ostereidet ungdomsskule har kapasitet til å ta imot 150-160 elevar.



6 Skulestruktur for framtida

Kapittelet omhandlar vurdering av alternative skulestrukturar i kommunen. Norconsult har sett på ulike alternative skulestrukturar, både for barnesteget og ungdomsteget, og har vurdert konsekvensar, fordelar og ulemper ved ei mengd faktorar. Først i kapittelet er det gjeve eit oversyn over dei sentrale faktorane i utgreiinga. Deretter er dei ulike alternative strukturane presentert og vurdert, både skule for skule og samla. Til sist er det laga ei oppsummering som endar i ei tilråding frå konsulenten.

6.1 Sentrale moment/faktorar i utgreiinga

Utvikling og endring i barnetal/elevtal, reisetid, utgifter til skuledrift, drift av bygningar og skuleskyss, samt trong for investeringar står fram som særskilte viktige moment i samband med utgreiing av eventuelle endringar i skulestrukturen i Lindås kommune. Det mest sentrale elementet i ei slik utgreiing er likevel omsynet til elevane og at dei skal få eit mest mogleg likeverdig og godt læringsmiljø.

Fysisk læringsmiljø

Eit godt læringsmiljø må stå i fokus i tilrettelegging av nye skuleanlegg og framtidig skulestruktur. Det er mange element som er viktige for å skape ein god skule, mellom anna at verksemda skal ha gode og hensiktsmessige lokale og areal både ute og inne, som er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar, jmfør kapittel 1.4. Prinsippa for utforming av skuleanlegg i Lindås kommune, presentert i kap. 2.8, er her lagt til grunn.

Eit sentralt prinsipp i val av skulestruktur bør vere at elevane som byter skule skal få eit godt fysisk læringsmiljø på den nye skulen. Bygningsmessige tiltak, om- og utbyggingar bør vere ferdige før elevane vert flytta til den nye skulen.

Vurdering av bygningsmessig tilstand har vore ein del av utgreiinga. Opplysningar om bygningsteknisk tilstand er henta frå Multiconsult sin tilstandsvurdering av skuleanlegga.

Arealnormer

Rettleiande arealnorm for grunnskulane i Lindås kommune (kap. 2.9) er lagt til grunn for vurdering av kapasitet og arealbruk på skulane.

Dei to tabellane på neste side gjev oversikt over netto læringsareal og brutto bygningsareal (BTA) på skulane. Netto læringsareal er alle rom vert brukt av elevane (klasserom, spesialrom osv, men ikkje idrettsareal, vaksenareal og trafikkareal). Brutto bygningsareal er alle areal i heile bygget, inkl. veggjar og tekniske rom etc. Tabellane er sortert etter kor høgt arealet var pr elev i skuleåret 2008/09, og seier noko om kor god plass det er i anlegga i dag.

Tabell: Netto læringsareal pr elev (sortert lågt - høgt):

Skule	Elevtal 08/09	M ² netto læringsareal	M ² netto læringsareal pr elev
Seim skule	90	516	5,7
Festo skule	39	248	6,4
Knarvik barneskule	210	1405	6,7
Eikanger skule	51	349	6,8
Alversund skule 1-7	359	2811	7,8
Lindås barneskule	205	1680	8,2
Lindås ungdomskule	155	1319	8,5
Leiknes skule inkl. paviljong	121	1042	8,6
Kløvheim skule	51	471	9,2
Skodvin skule	52	481	9,3
Ostereidet barneskule	132	1283	9,7
Ostereidet ungdomsskule	109	1162	10,7
Myking skule	58	651	11,2
Knarvik ungdomskule	319	under utbygging	under utbygging

Tabell: Brutto bygningsareal pr elev (sortert lågt - høgt):

Skule	Elevtal 08/09	M ² BTA	M ² BTA pr elev
Seim skule	90	1152	12,8
Lindås barneskule	205	2783	13,6
Knarvik ungdomskule	319	4640	14,5
Knarvik barneskule	210	3144	15,0
Festo skule	39	613	15,7
Leiknes skule inkl paviljong	121	1946	16,1
Ostereidet barneskule	132	2148	16,3
Eikanger skule	51	946	18,5
Alversund skule 1-7	359	7737	21,6
Lindås ungdomskule	155	3403	22,0
Skodvin skule	52	1149	22,1
Ostereidet ungdomsskule	109	2456	22,5
Kløvheim skule	51	1180	23,1
Myking skule	58	1543	26,6
SUM	1951	34840	17,9

Tabellane viser at det er stor skilnad på dei skulane som har det trongt og dei som har mykje areal pr elev. Skilnaden i bruttoareal pr elev og netto læringsareal pr elev seier noko om kor godt utnytta skuleanlegga er og om det finst potensiale til betre utnytting av eksisterande anlegg. T.d. har Alversund skule mykje trafikkareal og difor eit høgt bruttoareal pr elev, men eit lågare netto læringsareal pr. elev. På Alversund skule er det gode høve for å auke kapasiteten på skulen ved ombygging i eksisterande bygningsmasse.

Elevtal

I samband med arbeidet med kommunedelplanen er det utarbeida nye prognosar for utvikling i elevtal på skulane. Prognosetala er presentert i kap. 5. Det kan ventast auke i elevtalet på nokre av skulane, medan andre skular kan vente nedgang i elevtalet i åra framover. Samla sett er det venta ein jamn auke i elevtalet i kommunen i planperioden, med ei utflating på barnesteget mot slutten av perioden.

For foreldre og elevar er det viktig å få ein stabil skulestruktur over tid. Hyppige endringar er uheldig, og det må difor leggest langsiktige prognosar til grunn for dei endringar som vert vedteke.

Skulestorleik

Det er opp til kommunane sjølv å vurdere spørsmålet om kva skuletypar dei skal ha, og kor små eller store skulane kan/bør vere. Opplæringslova har følgjande formulering: *"Til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar."*

Det eksisterer med andre ord ikkje ei absolutt grense for kor store skulane skal vere, men når elevtalet på en skule blir høgare enn 450 bør en ha tenkt nøye igjennom kor store skular ein vil ha. Det er mange døme som viser at skular med tilstrekkelig plass og god soneinndeling kan fungere godt med eit høgare elevtal enn 450. Korleis anlegget er lagt til rette og korleis skuledagen er organisert har meir å seie for kvaliteten enn sjølve elevtalet.

Lindås kommune har ikkje fastsett ei konkret grense for kor liten ein skule i kommunen kan vere. Av omsyn til sosialt og pedagogisk miljø, både for elevar og vaksne, bør skulane ha ein viss storleik - elles vert dei både sosialt og pedagogisk fattige og sårbare. I ein kommune som Lindås, der avstandar og reisetid ikkje er all verden samanlikna med mange andre kommunar, er skular med 50-60 elevar for svært små å rekne. Dersom reisetida for elevane ikkje hadde vore for lang, kunne ein godt sett at ingen skular i Lindås hadde hatt særleg mindre enn 200 elevar, men slik busettinga og avstandane er i kommunen er kanskje ei nedre grense på rundt 100 elevar meir realistisk. På ungdomssteget både kan og bør skulane vere større. Med tanke på ressursutnytting er det ein fordel at einingane ikkje er for små, då det gjev lite fleksibilitet både med tanke på tilsette, areal og økonomi.

Det er lite sannsynleg at elevtalet på nokon av skulane i Lindås vil overstige 450 elevar i særleg grad i planperioden. Alversund skule og Knarvik ungdomsskule ser ut til å kunne få rundt 450 elevar frå 2015 (Alversund) og 2019 (Knarvik ungdomsskule). Ingen av dei ser ut til å komme nær 500 elevar, heller ikkje i åra etter 2020.

I høve til skulestorleik er den sentrale problemstillinga kommunen må ta stilling til kor liten ein skule skal kunne bli før ein vurderer det sosiale og pedagogiske miljøet for elevane og personalet til å vere for lite til å oppretthalde skuletilbodet.

Skuletypar

I utgreiing av skulestruktur må ein vurdere kva skuletypar kommunen ønskjer å ha. Dette gjeld både skulestorleik og elevane sin alderssamansetning på skulane. Med Kunnskapsløftet er grunnskulen igjen vorte todelt, med eit barnesteg frå 1.-7.årssteg og eit ungdomssteg frå 8.-10.årssteg. I utgangspunktet bør det difor ikkje etablerast nye einingar for t.d. 1.-4.årssteg, eller 5.-10.årssteg.

På mindre stader, som i delar av Lindås kommune, der avstandane kan opplevast som store mellom skulane, kan det likevel forsvarast å etablere 1-4-skular, då gjerne som ein del av eit oppveksttun med barnehage og skule i same eining. Det er ingen 1-4-skular i Lindås kommune i dag, og det er heller ikkje eit ønskje frå kommunen sin side å etablere slike småeiningar.

Dersom einingane på barnesteget vert små, kan eit alternativ til nedlegging vere å etablere oppveksttun med barnehage og 1-7-skule. Det å kombinere barnehagen opp mot dei minste elevane (1-4-årssteg) kan skape betre overgangar mellom barnehage- skule. Ein kan lage seg gode rutinar på oppfølging av barnet fagleg og sosialt frå tidleg barnehage og vidare inn i skulen. Det er og høve til å nytte kompetansen førskulelærer/lærer på nye og betre måtar ved ein slik struktur. Kanskje kan det å spisse kompetansen til personalet inn mot eit mindre

aldersspekter vere ein nyttig vri i høve kvalitetsutvikling. Det er og ofte ein fordel for foreldre, i høve til den praktiske organiseringa av kvardagen, at skule og barnehage ligg på same stad. Lindås kommune har full barnehagedekning, og etablering av oppvekststun med småskule og barnehage har difor ikkje vore ei konkret problemstilling i utgreiingsarbeidet.

Kombinertskular med 1.-10.årssteg gjev skulen godt høve for å følgje opp elevar og foreldre gjennom et heilskapeleg skuleløp. Det sosiale miljøet på kombinerte skular er ofte ”mjukare” enn på reine ungdomsskular, grunna det store aldersspennet i elevmassen. Ein ulempe med kombinertskular, dersom ungdomssteget ikkje får tilført ekstra elevar, er at ungdomssteget ofte blir lite samstundes som skulen samla sett kan bli svært stor (ca 180 ungdomsskuleelevar på en skule med 600 elevar til saman). Fleire 1-10 skular enn det kommunen i realiteten har i dag (Lindås og Ostereidet, der barneskulane og ungdomsskulane har felles leing), enn eventuelt Alversund, er ikkje ei aktuell problemstilling.

Lindås kommune har pr 2009 tre ungdomsskular, ein i sentrum, ein i nord og ein aust i kommunen. Medan dei to ungdomsskulane i nord og aust er relativt små, er sentrumsskulen av ein meir ”normal” storleik for ein rein ungdomsskule. Generelt kan ein seie at det er ein fordel om ungdomsstega ikkje vert for små, for å sikre det faglege miljøet til dei tilsette, å utnytte lærarressursane optimalt, samt å tilby elevane eit bredt sosialt miljø. I sentrale strøk med korte reiseavstandar, er ungdomsskular med særleg under 300 elevar som små å rekne.

Det opplevast ofte positivt for elevane å gå inn i eit nytt sosialt miljø og eit nytt læringsmiljø når dei begynner på ungdomsskulen. Det er difor viktig at det vert arbeida med å skape nye gruppesamansetningar slik at alle elevane får oppleve eit skilje mellom barneskule og ungdomsskule, enten elevane går på ein 1-10 skule eller på ein rein ungdomsskule.

Uteområde


Skulen sitt uteområde er ein viktig del av det fysiske læringsmiljøet og er ein faktor som må takast med i vurderinga av framtidig skulestruktur. Spesielt gjeld dette dersom det vert aktuelt å bygge ut. Det er ikkje berre storleiken på tomte som er avgjerande, men og korleis uteområdet kan leggjast til rette for det tal barn/elevar anlegget vert planlagt for. Nærliggande areal som kan nyttast i undervisning og friminutt bør og telle med i vurderinga. Prinsippa for utforming av skuleanlegg i Lindås kommune, presentert i kap. 2.8, er lagt til grunn for vurdering av uteområda.

Skuleskyss/reisetid

Eit viktig moment når det gjeld skuleskyss/reisetid er at skulevegen og skyssen må vere trygg, og helst ikkje overstige dei nasjonale retningslinjene for tilrådd maksimal reisetid. Desse retningslinjene seier at skulebarn på 1.-4. årssteg ikkje bør ha ei reisetid på over 45 min. ein veg, 5.-7.årssteg ikkje meir enn 60 min ein veg, medan ungdomssteget ikkje bør ha over 75 min. ein veg. Reisetid er i denne samanhengen definert som tida frå eleven går frå heimen og fram til undervisninga startar. Det bør heller ikkje vere for lang ventetid frå avslutninga av reisa og skulestart, og skuleslutt og avreise, då dette ofte genererar uro, samt at reisetida vil opplevast som lengre for eleven.

Reglar for skuleskyss gjev ei nedre grense for fri skuleskyss på 2 km for elevar på første årssteg, og 4 km for elevar i 2. -10. årssteg. Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda (Opplæringslova §7-1). For elevar i dei grendene lengst frå ein eventuell ny nærskule, vil auka reisetid gje grunnlag for føresette om å søkje om særskild skyss, jf. rettleiande normer for kor omfattande reisetid elevane bør ha.

Dersom føresette gjer det, eller skyssen vert spesielt tilrettelagt frå skyss-selskapet, vil elevane si reisetid i alle delar av kommunen ligge innanfor rettleiande normer. Reisene som kan skape størst debatt i høve til eventuell endring i skulestruktur er frå Feste og Lygra til Seim (14-15 km), men her er det ikkje først og fremst reiselengda, men heller smal veg og reisetida, om ikkje skyssen vert lagt godt tilrette, som er den største utfordringa for dei minste elevane.



Skuleskyss har eit sosialt og psykologisk aspekt. Lang reisetid kan påverke konsentrasjonen og læringa til elevane. Forsking visar at elevar som får mykje lengre skuleveg/reisetid trivst dårlegare i skulekvardagen enn elevane som berre får noko lengre skuleveg/reisetid. På den andre sida viser forskning og at eldre elevar taklar lengre skuleveg betre enn yngre elevar (Amundsveen og Øines 2003). Reisetid/lengda på skulevegen og elevane sin alder bør takast omsyn til i ei eventuell endring av skulestrukturen. Det bør og vurderast om skuleskyssen kan organiserast på ein annan måte for dei elevane som får lang skuleveg (t.d. meir direkteskyss kombinert med matesystem el.).

Pedagogiske moment

Argument om fordelar og ulemper ved endring i skulestrukturen peikar i ulike retningar alt etter kva for ei hensikt/overtydning som ligg bak argumentasjonen. Når det gjeld elevane si læring, finst det forskning og erfaringar som talar til fordel for både store og små skular og grupper. Organisering og opplegget for undervisninga vil truleg ha meir å seie enn storleiken på gruppa/skulen.

Vi kan ikkje sjå at dei pedagogiske momenta i seg sjølv vil vere dei mest sentrale momenta når ein skal vurdere skulestrukturen i Lindås. Slik vi ser det er det viktigare moment at små einingar kan vere sårbare i fall konfliktpar oppstår eller lærarane ikkje fungerer som dei burde.

I større einingar vil ein ha fleire lærarar og elevar å spele på, og det sosiale og pedagogiske miljøet vil av den grunn ikkje vere like utsett.

Lærarar på små skular får og eit lite fagleg miljø. Dette kan (men treng sjølvsagt ikkje) gjere det vanskeleg å få gode søkarar til ledige stillingar.

Sosiale moment

Overgangen frå ein skule til ein annan kan opplevast vanskeleg for elevane, særleg om dei skal inn i eit allereie etablert sosialt miljø. Overgangen frå å vere i eit lite og kjent sosialt miljø, til å fungere i ei større gruppe med nye medelevar og lærarar kan vere utfordrande og må gjerast på ein sånn måte at eleven føler det trygt. Det vil difor vere viktig at skulane er merksame på utfordringane og utarbeidar opplegg for at elevane skal utvikle gruppekjennele og tilhøyre.

Det er og eit moment i denne samanhengen at eldre elevar i høgare grad set pris på å komme i eit større sosialt miljø og generelt taklar lengre reisetid betre enn yngre elevar. Det kan vere ein ugrei situasjon å vere einaste elev på sitt årskull på ein liten skule. Sosial trivsel er svært viktig, og det er større sjans for å finne ein ven når det er fleire barn å velje mellom. Ein bør difor heile tida vurdere kva som er det beste for eleven, å fortsette på den skulen han/ho er på, eller å flytte til ein større skule.

For foreldre/føresette kan og overgangen til ein ny skule opplevast utfordrande. Det er då viktig for skule - heim samarbeidet, og ikkje minst for barna sin trivsel i den nye skulekvardagen, at begge partar er bevisste på dette og gjer sitt beste for at barna skal få ei trygg og god innføring og oppfølging i det nye miljøet. Det er i denne samanhengen særst viktig at alle partar legger eventuell usemje om skulestruktur til side og fokuserer på å gjere den nye situasjonen til noko positivt for elevane.

Nedlegging av nærskulen kan påverke kvardagslivet i familiane. Når barna reiser vekk for å gå på skule aukar tida til reising til og frå skulen. Om barna vil delta på fritidsaktivitetar der dei går på skule, vil mykje tid gå med til reising og det vert lite tid igjen til andre ting.

Å oppretthalde skulen vert ofte opplevd som "siste skanse" for nærmiljøet. Skulen er ofte eit samlingspunkt i nærmiljøet, særleg gjeld det i mindre grender og bygder. Skulen sin funksjon er i første rekkje å vere ein læringsinstitusjon, men i kulturell og sosial forstand har den ei langt breiare tyding. For ei grend kan nedlegging av skulen føre til endring i det sosiale miljøet og den sosiale praksis. Utfyllande innspel frå dei ulike grendene om dette, kan ventast i høyringa. Dette er viktig å ta på alvor, men samstundes er det viktig å tenke på kva som samla sett er best for elevane.

Det er ei kjent sak at ein debatt om skulenedlegging kan føre til konflikhtar mellom grender, der kvar grend kjempar for retten til å behalda skulen sin. Ofte er redsla for endringar stor. Om ei endring av skulestrukturen vert vedteken, er det i sin tur viktig at folk godtek vedtaket og saman arbeider for å gjere overgangen best mogleg for elevane.

Geografiske tilhøve / lokalisering

Lindås kommune er delt i elleve skulekrinsar. Det er lang avstand frå det eine ytterpunktet av kommunen i nord til det andre ytterpunktet av kommunen i aust. Mellom kvar skule er det elles ikkje lang avstand.

I vurderinga av framtidig skulestruktur må ein vurdere kva grender/stader kommunen ønskjer å satse på i høve til kommunikasjonar, bustadbygging etc. slik at ein t.d. unngår unødvendige investeringar på ein skule som om relativt kort tid vil ha eit alt for svakt elevgrunnlag. Tala for bustadbygging i bustadbyggeprogrammet for Lindås kommune er lagt til grunn for prognosen, på denne måten er bustadbyggeplanar som kommunen meiner vert realisert ein del av grunnlaget for denne planen.

Konsekvensar for dei tilsette

Det vil vere viktig å følgje opp den einskilde og gruppa som vert omfatta av ein eventuell strukturendring, og at det tidlig i prosessen bør koma ei politisk avklaring på om eventuelle endringar i skulestrukturen vil føre til oppseiingar eller ikkje. Om endringsprosessen vert strekt ut i tid kan ein nytte naturleg avgang i staden for oppseiingar. Dette vil truleg vere tilfelle i Lindås, ikkje minst sidan elevtalet og trongen for fleire lærarar er aukande.

Alternativ bruk av frigjort bygningskapasitet

Dersom ein skule vert lagt ned/det vert bygd ein ny skule på ein ny stad/deler av eit skuleanlegg vert avvikla til fordel for nytt areal, vil heile eller delar av eksisterande skulebygg kunne frigjerast til andre formål. Dersom mykje areal vert frigjort, er det viktig å finne løysningar for framtidig bruk av dei ledige areala. Eit eksempel kan vere å etablere barnehage i tidlegare skuleanlegg.

Sal av bygningsmasse kan vere ei aktuell problemstilling dersom ein finn interesserte kjøparar. Det vil då vere mest aktuelt å selje heile bygg, fordi det som oftast er vanskeleg å finne brukarar som kan nytte deler av eit skulebygg samstundes som det vert drive skule i ein annan del av bygget. I enkelte kommunar har friskular kjøpt og overtatt frigjorte kommunale skuleanlegg.

Riving av frigjorte bygningar, kan også vere et alternativ. Spesielt gjeld dette bygg som det vil koste mykje å rehabilitere.

Ved skulenedlegging er det og relativt vanleg at lokalsamfunnet tek over bygningane for ein rimeleg penge. Då mister bygda skulen, men ikkje samlingsstaden.

Økonomi - utgifter til drift og investering

I mange kommunar er det utsiktene til mogelege økonomiske innsparingar, eller ønskje om betre utnytting av ressursane som vert brukt på skulesektoren ein viktig drivkraft for i det heile tatt å vurdere endringar i skulestrukturen.

Det er ein viss trong for investering på skulane uansett kva for eit strukturalternativ som vert vald. I tillegg til finansieringskostnadane for investeringar i skuleanlegga, kjem og FDVU-kostnader (kostnader til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling) som vil kunne beløpe seg til omkring 600 kr. pr. m² (ref. NOU 2004:22 "Velholdte bygninger gir meir til alle", vedlegg 3, kor FDVU-kostnadene for skulebygg i Trondheim vart anslått til ca. 550,- kr. pr. m² i 2004). FDVU-kostnadane skal og dekkast over driftsbudsjettet. Det gjeld difor og å finne ein arealeffektiv skulestruktur som ikkje overstig arealnormene (sjå kap. 2.9), der ein enten finn alternativ ny bruk av areal som vert til overs, eller unngår for store utbyggingar.

Multiconsult har utarbeida ein oversikt over kva som må til av investeringar for å få skulane opp på eit akseptabelt nivå teknisk og bygningsmessig (utan ombygging) i løpet av dei neste fem åra:

Skule	BTA	Kostnad tiltaksplan 5 år	kr/m2 BTA
Ostereidet bsk	2148	3 490 000	1625
Festo	613	1 120 000	1697
Ostereidet idrettsbygg	1100	3 240 000	2945
Knarvik usk	3371	12 550 000	3723
Ostereidet usk	2456	16 430 000	5684
Lindås bsk	3582	20 390 000	5692
Knarvik bsk	3144	17 240 000	5738
Kløyheim	1180	9 600 000	6331
Alversund	7737	54 760 000	6391
Lindås usk	3403	27 990 000	6997
Myking	1543	11 010 000	7297
Leiknes	1389	14 810 000	7624
Skodvin	1149	10 300 000	7911
Eikanger	946	9 250 000	9091
Seim	1152	11 500 000	9983
SUM	34913	223 680 000	6407

)* Kostnadsanslag for Seim skule vart utført av Norconsult i rapporten "Seim skule - vurdering av skuleanlegget og alternativ for utvikling" hausten 2008. Anslaget inkluderer 1 mill kr til ombygging av personalareal.

(Rapporten frå Multiconsult omhandlar og LOAS, som ikkje er vurdert i Kommunedelplanen)

Auke i utgifter til skuleskyss vil som oftast ikkje påverke dei økonomiske vurderingane i nemneverdig grad. Sjølv om skyssutgiftene isolert sett kan opplevast store, er dei små samanlikna med dei andre utgiftene i skulen.

Rådmannen i Lindås har understreka at kommunedelplanen ikkje er ein "spareplan". Dette betyr ikkje at ein kan bruke så mykje pengar som ein vil på skulen. Lista over tiltak som skulane ønskjer å bruke meir pengar på er lang og innsparingar på enkelte område vil kunne realisere nokre av desse ønska. Endringar i skulestrukturen er heilt opplagt eit område der det kan hentast midlar til andre tiltak som kan vere med å auke kvaliteten i Lindåsskulen, men ulempene eventuelle endringar medfører må vegast opp mot gevinsten i den andre enden.

Ny skule eller utbygging og ombygging på eksisterande skular?

Ei problemstilling kommunen må ta stilling til er om det i dei enkelte tilfella skal byggast nytt, eller om ein skal satse på utbygging og ombygging av dei eksisterande anlegga. Dersom det vert bygd nytt, vil en kunne få moderne og funksjonelle anlegg med lågare driftskostnader enn eldre anlegg, bl.a. mindre trong for vedlikehald (dersom en veljer vedlikehaldsfrie materialar) og lågare kostnader til oppvarming. På den andre sida vil bygging av ein ny skule ofte medføre høgare investeringar og ledige areal i eksisterande skuleanlegg. Dersom ein ikkje finn fornuftig bruk av ledige areal eller seljer/riv desse, vil kommunen verte påført auka driftsutgifter.

Dersom ein veljer å satse på vidare utvikling av eksisterande anlegg, står ein ovanfor følgjande problemstillingar: Kva skal eventuelt byggast av nytt areal og kor mykje renovering/ombygging må til for å få eit teknisk godt fungerande og pedagogisk funksjonelt anlegg?

Eksisterande skuleanlegg har som oftast ein del avgrensing med omsyn til kor godt dei kan tilpassast til ein moderne læringsarena, men i dei fleste tilfelle kan det meste løysast med nok økonomiske ressursar.

Den bygningsmessige kvaliteten på skuleanlegga i Lindås er varierende. Sjølv om mykje av bygningsmassen er relativt gammal og slitt, er det fullt mogleg å renovere og bygge det meste om til betre læringsarenaer. Form, plassering og lokalisering av bygningsmassen set nokre stader ei grense i høve til å kunne oppnå optimal funksjonalitet i anlegga.

Bygningar som vi meiner må erstattast med nybygg om skulane skal vidareførast:

- Skulebygget på Seim
- SFO-bygget på Eikanger
- Brakken og dei eldste delane av Skodvin skule

Delar av den eldste bygningsmassen på Ostereidet ungdomskule kan og vurderast erstatta med nybygg i eit eventuelt byggeprosjekt.

På sikt bør nok og Knarvik barneskule relokiserast på ny tomt, men dette har ikkje berre med bygningane å gjere, men og plasseringa.

6.2 Alternative skulestrukturar

6.2.1 Aktuelle strukturendringar og vurderingar, skule for skule

Alversund

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0, B1a, B1b, B2, B3, B4: Alversund skule består som i dag, ev. justere grensene mellom Alversund skule og Knarvik barneskule. Kapasitet: 470-490 elevar.
- Ungdomsskulealternativ U2 og U3: Ny ungdomsskule i Alversund, eventuelt organisert saman med barneskulen som ein 1-10 skule, med frittliggande bygningsmasse på ny tomt til småskule eller ungdomsskule. Kapasitet ny ungdomsskule: 210-220 (med elevane frå Alversund barneskule) eller 290 (med elevane frå Seim og Festo i tillegg).

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Alversund er med sine nesten 380 elevar (skuleåret 2009/10) den største barneskulen/grunnskulen i Lindås kommune. Utover i planperioden er det venta opp mot 470 elevar, men på sikt ser elevtalet ut til å stabilisera seg i underkant av 450 elevar. Dette er ein grei storleik på ein barneskule i tettbygd strøk og det er ikkje tilrådd endringar i barneskulestrukturen i området. Om kommunen ønskjer det, kan ein justere grensene mellom Alversund skule og Knarvik barneskule for å fordele elevane jamnare på skulane, men dette må i så fall vurderast ut frå skuleveg og nærskuleprinsippet i opplæringslova. Alversund har god plass til alle elevane som vil høyre til skulen, men store delar av skuleanlegget treng oppgradering og betre tilrettelegging for skuledrift. Då kan og delar av arealet frigjerast til andre føremål.

Strukturalternativa for Alversund dreier seg i stor grad om det evt. skal byggast eit nytt ungdomssteg i området og kor det evt. skal plasserast. I og med at Alversund skule har spesialrom tilpassa ungdomssteg (men som treng oppgradering), vil det vere ulønnsamt økonomisk å bygge opp ein ny ungdomsskule som ikkje ligg i tilknytning til eksisterande anlegg, fordi ein då må bygge opp alle spesialfunksjonar på nytt. Eit alternativ kunne då ha vore å heller bygge ei ny småskuleeining i nærleiken og nytte eksisterande anlegg som 5-10-skule. Det må i så fall vurderast om kommunen ser det teneleg for elevane å dele skulen opp i ein slik småskuleeining og mellomsteg/ungdomsstegeining (jf. kap 6.1).

I alternativ U2 og U3 som er vurdert her, er det i utrekningane lagt til grunn at det vert bygd ein ny ungdomsskule i Alversund, med eller utan gymnastikkanlegg (for å redusere kostnadane). Det vil vore rimelegare å bygge ein ny småskule, men dette vert ikkje tilrådd fordi barneskulen bør vere samla når ein ikkje har gode argument for å dele opp. Om det skal byggast eit nytt ungdomssteg må sjåast i samanheng med kapasiteten på Knarvik ungdomsskule.

Dersom det vert etablert eit ungdomssteg i Alversund må det og vurderast kva inntaksområde dette ungdomssteget skal ha. Eit ungdomssteg bør ikkje verte for lite, grunna det faglege og sosiale miljøet til både elevar og tilsette. Ungdomssteget kan bestå av berre elevar frå Alversund skule, eller ein kan og ta med elevane frå Seim og Festo. Det er ikkje tilrådd at berre Festo kjem i tillegg, då dei vil vere ei lita gruppe som må inn i eit større allereie etablert miljø. For elevane på Festo vert det uansett tilrådd at dei held fram med å gå på Knarvik

ungdomsskule, kor fleire elevgrupper vert blanda saman. Det vert heller ikkje tilrådd at elevane frå Seim vert flytta til Alversund fordi ungdomssteget i Knarvik då vert lite.

Knarvik barneskule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0, B1a, B1b, B2, B3, B4: Skulen består som i dag, ev. justere grensene mellom Alversund skule og Knarvik barneskule. På sikt bør skulen byggast ny på ny tomt. Kapasitet: 260 elevar.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Det er ikkje tilrådd endring i skulestrukturen som omfattar Knarvik barneskule. Dersom kommunen ønskjer det, kan ein justere grensene mellom Alversund skule og Knarvik barneskule for å fordele elevane jamnare på skulane, men det må i så fall takast omsyn til nærskuleprinsippet.

Knarvik barneskule har stor trong for rehabilitering, men det vil vere ei betre langsiktig løysing å bygge ny Knarvik barneskule på ny tomt. Om dette kan gjennomførast innan rimeleg tid, vil det vere dårleg økonomi for kommunen å gjennomføre meir enn det som er strengt tatt nødvendig av oppgraderingar i eksisterande bygningar.

Leiknes skule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0 og B4: Består som i dag, men vert bygd ut for ein kapasitet på 180-190 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B1a, B1b, B2 og B3: Består som i dag, men får tilført delar av elevmassen frå Eikanger. Vert bygd ut for ein kapasitet på 200 elevar.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Leiknes skule er ein rein barneskule som kan vente seg auke i elevtalet i planperioden. Skulen skal byggjast ut for å kunne ta imot om lag 190 elevar. Dersom elevar frå Eikanger skal inn på Leiknes bør ein ta omsyn til det i planlegginga av byggeprosjektet på Leiknes. Om ein legg nærskuleprinsippet til grunn, vil det vere snakk om 10-15 elevar frå Eikanger. Byggeprosjektet som no vert planlagt på Leiknes vil ha plass til desse elevane, men då vil ein ikkje ha reservekapasitet om elevtalet på sikt vert høgare enn prognosen viser.

Ostereidet barneskule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0 og B4: Består som i dag. Kapasitet: 120 elevar
- Barneskulestrukturalternativ B1a, B1b, B2, B3: Får tilført delar av elevmassen frå Eikanger. Kapasitet: 130-140 elevar.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

For Ostereidet barneskule omhandlar strukturalternativa om elevar frå Eikanger skal tilførast skulen eller ikkje. Det er ikkje tilrådd å legge ned skulen, då den er relativt ny og har elevar som allereie i dag har lang skuleveg.

Barneskulen låner spesialrom på ungdomsskulen og har difor god kapasitet sjølv om det totale arealet kan virke litt lågt samanlikna med rettleiande arealprogrammet i kap. 2.9. Ut frå arealet bør skulen eigentleg kunne klare seg utan SFO-bygget.

Elevtalet ser i følgje prognosane ut til å halde seg stabilt rundt 120 elevar i åra framover. Skulen har god plass til elevane frå Eikanger som har kortast veg til Ostereidet om Eikanger vert lagt ned. Det er og plass til fleire elevar frå Eikanger dersom dei ønskjer ei meir samla overføring til Ostereidet. SFO-bygget kan eventuelt rustast opp og tilretteleggast for skuleformål om mange elevar frå Eikanger vert overført til Ostereidet. Om alle elevane frå Eikanger skal gå på Ostereidet, bør skulen på sikt kanskje få ei lita utbygging.

Lindås barneskule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0: Består som i dag. Kapasitet: 190-200 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B1a og B1b: Får tilført alle elevar frå Skodvin og ein del av elevane frå Myking. Skulen må byggast ut til ein kapasitet på 310-320 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B2: Får tilført ein del av elevane frå Myking. Kapasitet: 240 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B3 og B4: Får tilført alle elevane frå Skodvin. Kapasitet 260-270 elevar (skulen bør kanskje byggast litt ut).

Det er ikkje vurdert endringar for elevar som høyrer til i Lindås barneskule sitt inntaksområde, men som i dag får tilbod om skuleplass på Kaland skule i Austrheim kommune. Lindås barneskule har plass til elevane om kommunen ønskjer å endre på dette.

Vurderinga av strukturalternativ for skulen:

For Lindås barneskule handlar strukturalternativa om kor mange elevar skulen evt. skal ta imot frå andre skular. Elevtalet ved skulen er på veg nedover og skulen vil ha ledig kapasitet om ikkje elevar vert tilført frå andre skular. Dersom skulen mottok elevar frå både Myking og Skodvin vil ein måtte pårekne ei utviding av skulen med omlag 600 m² BTA. Skulen vil då ha god plass til 310-320 elevar. Tomten på Lindås er stor og det ligg godt tilrette for ei utviding.

Det er laga ein rapport som konkluderer med trong for rehabilitering og ombygging av skuleanlegget til Lindås barneskule. Talet på elevar som skal gå på skulen bør avklarast før planlegging av byggeprosjektet startar. Uteområdet til elevane bør og rustast opp, uavhengig av kva strukturalternativ som vert vald.

Seim skule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0, B1b, B2, B3, B4: Skulen består som i dag, men vert enten rehabilitert og bygd ut, eller bygd heilt ny. Kapasitet: 100 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B1a: Får tilført alle elevane frå Festo. Skulen vert rehabilitert og bygd ut, eller bygd heilt ny. Kapasitet: 140 elevar.
- Ikkje vurdert alternativ: Vert slått saman med Festo og relokalisert til ny stad lenger nord.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

For Seim skule handlar strukturalternativa om skulen skal ta imot elevar frå Festo skule eller ikkje. Skulen er i svært dårleg stand og det ligg føre planar om at skulen skal rehabiliterast og/eller byggjast ny. Det nye skuleanlegget må dimensjonerast i høve til kor mange elevar skulen skal ha.

For å redusera reisetida til elevane frå Festo og for å få ein større skuletomt, kunne det vore ein ide å byggje nye Seim skule eit stykke lenger nord. Moglegheitene for dette er ikkje nærare utgreia, men er vurdert å vere lite aktuelt.

Kløyheim skule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0: Skulen består som i dag. Kapasitet: 50 elevar (skulen bør kanskje byggast litt ut).
- Barneskulestrukturalternativ B1a, B1b og B2: Skulen får tilført delar av elevane frå Myking og Eikanger, og bygd ut til ein kapasitet på 110 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B3: Skulen får tilført ein del av elevane frå Eikanger, og bygd ut til ein kapasitet på 80-90 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B4: Skulen vert lagt ned og elevane flytta til Myking og/eller Eikanger etter nærskuleprinsippet.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Myking, Kløyheim og Eikanger skule er tre skular med lågt elevtal som ligg relativt nær kvarandre i den austlege delen av kommunen. Kløyheim ligg i midten, og vil m.a. ut frå dette vere det naturlege valet om dei fleste elevane på dei tre skulane skal samlast på ein skule.

Dersom Kløyheim ikkje får tilført elevar frå andre skular, vil elevtalet truleg gå litt ned i åra framover. Det vil vere ein fordel for dei tilsette om det pedagogiske miljøet på skulen vert noko større.

Kløyheim har eit solid skulebygg og eit fint uteområde. Dersom skulen får tilført elevar frå Myking og/eller Eikanger må skulen byggjast ut, ikkje minst for å få plass fleire spesialrom og grupperom. Kor stor utbygging det er snakk om vil avhenge av elevtalet.

Vegane i området er til dels smale og svingete. Dette kan gje enkelte elevar ubehag ved busskyss. Elles vil ikkje reisetida verte lang for elevane som i dag går på Kløyheim uansett kva skulestruktur som vert valt. I og med at få av elevane har skyss i dag, vil kostnadane til skyss auke om skulen vert lagt ned.

Kløyheim skule har elevgrunnet i nærmiljøet. Dei fleste elevane kan gå til skulen. Skulen er ein viktig samlingsplass for bygda, men er ikkje den einaste samlingsplassen.

Eikanger skule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0: Skulen består som i dag og vert bygd ut til ein kapasitet på 70 elevar. SFO-bygget vert erstatta med nybygg.

- Barneskulestrukturalternativ B1a, B1b, B2 og B3: Skulen vert lagt ned og elevane vert flytta til Ostereidet barneskule, Kløvheim og Leiknes etter nærskuleprinsippet. (Alle eller dei fleste elevane kan eventuelt og flyttast samla til Ostereidet)
- Barneskulestrukturalternativ B4: Skulen får tilført ein del av elevane frå Kløvheim, og vert bygd ut til ein kapasitet på 85 elevar. SFO-bygget vert erstatta med nybygg.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Sjå og det som står under Myking og Kløvheim i dette kapittelet.

Eikanger skule har til dels dårleg bygningsmasse, spesielt gjeld dette lærarbustaden (SFO-bygget), men og den eldste delen av hovudbygget. Dersom skulen skal oppretthaldast må dei dårlege areala utbetrast/erstattast med nybygg. Dette gjeld både om skulen består med dei kringsgrensene den har i dag, eller om skulen får tilført elevar frå Kløvheim.

Det vil vere ein fagleg fordel for dei tilsette om det pedagogiske miljøet vert noko større.

Det er svært få av elevane på Eikanger skule som har rett på skyss i dag. Ingen av elevane vil få for lang reisetid til den nye skulen om dei må skyssast til Ostereidet, Leiknes eller Kløvheim, men det må bereknast skyss for dei aller fleste elevane. Dette kan opplevast som ein ulempe i høve til dagens skyssituasjon.

Dersom skulen på Eikanger vert lagt ned, må kommunen avhende bygget eller nytte det til andre føremål. T.d. kan det etablerast barnehage i bygget. Dersom det vert etablert barnehage kan anlegget framleis nyttast som samlingsplass for bygda.

Det er viktig for ei grend å ha ein nærskule og Eikanger skule er ikkje så liten at den kan leggjast ned grunna sviktande elevgrunnlag. For grenda kan nedlegging av skulen føre til ei endring i den sosiale praksis knytt til skulen (jf. kap 6.1).

Myking skule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0 og B3: Består som i dag. Kapasitet: 70 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B1a, B1b og B2: Skulen vert lagt ned og elevane flytta til Lindås barneskule og Kløvheim skule etter nærskuleprinsippet.
- Barneskulestrukturalternativ B4: Skulen får tilført delar av elevmassen frå Kløvheim skule og utvida til ein kapasitet på 100 elevar.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Sjå og det som står under Myking og Kløvheim i dette kapittelet.

Skuleanlegget på Myking har mange kvalitetar, men treng generelt vedlikehald, og noko oppussing. Skulen vil ha kapasitet til å ta imot delar av elevmassen frå Kløvheim (dei som bur nærare Myking enn Eikanger) om den får ei lita utviding.

Det vil vere ein fagleg fordel for dei tilsette om det pedagogiske miljøet ved skulen vert noko større.

Ein stor del av elevane på Myking har rett på skuleskyss på grunn av avstand. For dei mange elevane som bur nord i skulekrinsen (Vabø) vil ikkje reisetida til Lindås barneskule vere

mykje lengre enn det dei har i dag, kan hende vert den til og med kortare! For dei relativt få elevane som bur sør i krinsen vil ikkje reisetida til Kløvheim vere mykje lengre enn det dei har i dag til Myking. Dei elevane som ikkje har skyss i dag vil kunne oppleve det å måtte skyssast med buss som ulempe i høve til dagens situasjon, men reisetida vil ikkje verte særleg lang for nokre av elevane. Vegane i området er til dels smale og svingete. Dette kan gje enkelte elevar ubehag ved busskyss.

Dersom skulen på Myking vert lagt ned, må kommunen avhende bygget eller nytte det til andre føremål. T.d. kan det etablerast barnehage i bygget, eller i delar av bygget. Dersom det vert etablert barnehage kan anlegget framleis nyttast som samlingsplass for bygda.

Det er viktig for ei grend å ha ein nærskule. For grenda kan nedlegging av skulen føre til ei endring i den sosiale praksis knytt til skulen (jf. kap 6.1). Det er ikkje meir enn vel halvparten av dei som bur i Myking krins som har ein opplagt geografisk tilhøyre til staden Myking. Den relativt store befolkninga på Vabø har kanskje like stort tilhøyre til Lindås?

Skodvin skule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0 og B2: Består som i dag, men den eldste bygningsmassen vert erstatta med nybygg og skulen vert bygd ut til ein kapasitet på 80 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B1a, B1b, B3 og B4: Skulen vert lagt ned og elevane flytta til Lindås barneskule.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Strukturalternativa for Skodvin dreier seg om skulen skal bestå eller ikkje. Det er ikkje naturleg å overføre elevar frå andre skular til Skodvin. Skodvin skule har om lag 50 elevar og prognosen viser at talet på elevar er venta å auke, men skulen vil ikkje kunne bli ein stor skule. Det ville vore ein fagleg fordel for dei tilsette om det pedagogiske miljøet kunne ha vore noko større.

Delar av skuleanlegget på Skodvin er i dårleg stand og lite høveleg til verksemda som skal foregå der. Dette gjeld spesielt den eldste delen av hovudbygget og brakkebygget. Dersom skulen skal bestå bør den på sikt få erstatta desse delene av anlegget med nybygg.

Ein stor del av elevane på Skodvin har allereie rett på skuleskyss i dag på grunn av avstand. Dette viser at plasseringa av skulen ikkje er optimal i høve til kor elevane bur. For elevane som bur lengst frå skulen vil reisetida til Lindås barneskule vere ein del lengre enn det dei har i dag. Dei elevane som ikkje har skyss i dag vil kunne oppleve det å måtte skyssast med buss som ulempe i høve til dagens situasjon, men reisetida vil ikkje verte for lang for nokre av desse elevane. Vegane i området, utanom hovudvegen, er til dels smale og svingete. Dette kan gje enkelte elevar ubehag ved busskyss.

Dersom skulen på Skodvin vert lagt ned, må kommunen avhende bygget eller nytte det til andre føremål. T.d. kan det etablerast barnehage i bygget. Dersom det vert etablert barnehage kan anlegget framleis nyttast som samlingsplass for bygda.

Det er viktig for ei grend å ha ein nærskule. For grenda kan nedlegging av skulen føre til ei endring i den sosiale praksis knytt til skulen (jf. kap 6.1). Skodvin skule er ikkje så liten at den kan leggjast ned grunna sviktande elevgrunnlag.

Festo skule

Strukturalternativ:

- Barneskulestrukturalternativ B0, B1b, B2, B3 og B4: Skulen består som i dag, men vert bygd ut, m.a. med gymnastikksal, til ein kapasitet på 40-45 elevar.
- Barneskulestrukturalternativ B1a: Skulen vert lagt ned og elevane flytta til Seim.
- Ikkje vurdert alternativ: Vert slått saman med Seim og relokalisert til ny stad litt nærare Feste.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Strukturalternativa for Festo skule dreier seg om skulen skal bestå eller ikkje.

Festo skule er med sine 38 elevar den minste skulen i Lindås kommune. Elevantalprognosen viser at talet elevar på sikt er venta å gå ned mot 20-30 elevar. Dersom skulen vert så liten, vert den svært sårbar i høve til det sosiale og faglege miljøet. Skulen kan heller ikkje få tilført elevar frå andre skular.

Festo har ikkje SFO-tilbod fordi ein ikkje oppnår nok søkarar. Dette vil ikkje bli lettare når elevtalet går ned. Barneskule utan SFO-tilbod er ikkje tilfredsstillande i dagens samfunn.

Skuleanlegget på Festo skule består av paviljongar, men er tilfredsstillande med unntak av at skulen ikkje har gymsal/aktivitetsrom. Dersom skulen skal bestå bør den byggjast ut med gymsal/aktivitetsrom. Dersom skulen vert lagt ned er det viktig at elevane ikkje vert flytta til Seim før skulen er bygd ut/bygd ny. På ein nybygd skule på Seim vil elevane frå Festo få langt betre fysiske læringstilhøve enn dei har i dag.

Ein stor del av elevane på Festo har rett på skuleskyss på grunn av avstand. Ein del av desse har allereie i dag lang reisetid, grunna organiseringa av skyssen. Reisetida til Seim vil vere noko lengre enn det dei fleste har i dag, men dersom skyssen vert organisert på ein betre måte vil ein kunne halde seg innanfor dei tilrådde rammene. Dei relativt få elevane som ikkje har skyss i dag vil kunne oppleve det å måtte skyssast med buss som ulempe i høve til dagens situasjon, men reisetida vil ikkje verte for lang for nokre av desse elevane. Vegane i området er svært smale og svingete. Dette kan gje enkelte elevar ubehag ved busskyss og bussturen kan opplevast som utrygg for ein del elevar.

Dersom skulen på Festo skule vert lagt ned, må kommunen avhende bygget eller nytte det til andre føremål. Paviljongane kan truleg og flyttast til andre stader, t.d. til avlastning i samband med byggeprosjekt på andre skular.

Det er viktig for ei grend å ha ein nærskule. Festo skule er nærskule for eit stort område og fleire lokalsamfunn. Skulen vert lite nytta som samlingsstad for desse lokalsamfunna. 17. mai vert til dømes ikkje feira på skulen. På den måten har kanskje ikkje Festo skule den funksjonen som "hjarte i bygda" som nokre av dei andre småskulane har, og ei ev. nedlegging vil då kanskje ikkje ha like mykje å seie for det sosiale livet i grenda/grendene?

Knarvik ungdomsskule

Strukturalternativ:

- Strukturalternativ U0: Skulen består som i dag. Pågåande byggeprosjekt vil gje skulen kapasitet til 360-400 elevar. Ein gong etter 2013 må skulen igjen ta i bruk den midlertidige

paviljongen, eller byggast litt ut (omlag 370 m²) for å ha plass til alle elevane frå Alversund. Kapasitet: 450 elevar.

- Strukturalternativ U1: Alle (eller eventuelt nokre) av elevane frå Leiknes vert flytta til Ostereidet ungdomsskule. Kapasitet på Knarvik: 400 elevar (vil gje plass til alle elevane frå Alversund)
- Strukturalternativ U2: Elevane frå Alversund vert flytta til ny ungdomsskule i Alversund. Elevtal på Knarvik: 250-260 elevar (dette inneber mykje ledig kapasitet)
- Strukturalternativ U3: Elevane frå Alversund, Seim og Festo vert flytta til ny ungdomsskule i Alversund. Elevtal på Knarvik: 180 elevar (urealistisk alternativ; inneber svært mykje ledig kapasitet)

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Strukturalternativa for Knarvik ungdomsskule omhandlar kor stor skulen skal verte.

Ungdomsskulestrukturen i Lindås kommune er i dag teneleg i høve til busettingsmønster og reisetid for elevane.

Prognosen for Knarvik ungdomsskule viser at elevtalet vil auke og stabilisere seg på rundt rekna 450 elevar i slutten av planperioden. Dette er ein fin storleik for ein ungdomsskule. Skulen vil etter det pågåande byggeprosjektet ha ein kapasitet på 360-400 elevar. Medrekna paviljongen vil kapasiteten vere 450 elevar. Dette er tilstrekkeleg til å ta i mot alle elevane frå Alversund og Leiknes i mange år framover.

Dersom ein vil justere talet på elevar i høve til kapasiteten på Knarvik ungdomsskule, t.d. for å unngå å bruke paviljongen, kan ein endre Ostereidet ungdomsskule sitt inntaksområde til og å omfatte Leiknes skule. Elevtalsprognosen for Ostereidet ungdomsskule syner at elevtalet er på veg ned og overføring av elevane frå Leiknes vil kunne gje skulen ein meir teneleg storleik, samtidig som det er med på å hindre at Knarvik ungdomsskule vert for stor. For både elevar og tilsette på Ostereidet ungdomsskule vil det vere ein fordel om skulen vert noko større.

Dersom det vert bygd ein ny ungdomsskule i Alversund, vil ein ikkje få utnytta kapasiteten til den ungdomsskulen som no vert bygd i Knarvik. Reint teoretisk kunne ein då ha lagt ned heile ungdomssteget på Ostereidet, flytta dette til Knarvik, og framleis hatt plass til overs på Knarvik ungdomsskule. Bygging av ny ungdomsskule i Alversund vert difor ikkje tilrådd.

Flytting av Knarvik barneskule til Knarvik ungdomsskule, og bygge ny ungdomsskule i området mellom Knarvik og Alversund, er ikkje ei god løysing for kommunen. Dette vil krevje ombyggingar i den nye ungdomsskulen som no vert godt tilrettelagt for ungdomssteget, i tillegg til høge kostnader med ein ny stor ungdomsskule. Plasseringa av Knarvik ungdomsskule er og optimal for ein ungdomsskule i høve til nærleik til idrettsanlegg.

Lindås ungdomsskule

Strukturalternativ:

- Strukturalternativ U0, U1, U2 og U3: Skulen består som i dag, men klasseromsdelen bør byggast om slik at skulen kan ha større grupper (vil gje innsparing på skuledrifta). Elevtal: 150 elevar (skulen vil ha ledig kapasitet).

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Ungdomsskulestrukturen i Lindås kommune er teneleg i høve til busettingsmønster og reisetid for elevane. Det er difor ikkje vurdert endringar i inntaksområde eller andre strukturiltak for Lindås ungdomsskule.

Dersom nokre av elevane frå Myking vert flytta til Kløvheim skule, vil desse måtte få velje om dei vil fortsette med klassen på Kløvheim til Ostereidet ungdomsskule, eller om dei vil gå på Lindås ungdomsskule. Det er ikkje snakk om så mange elevar at det vil ha noko å seie for kapasiteten på den eine eller andre skulen.

Ostereidet ungdomsskule

Strukturalternativ:

- Strukturalternativ U0, U3 og U4: Skulen består som i dag. Kapasitet: 120 elevar. "Ledig areal" vert nytta av Ostereidet barneskule (sambruk av spesialrom).
- Strukturalternativ U1: Alle (eller eventuelt nokre av) elevane frå Leiknes vert flytta til Ostereidet. Kapasitet: 170-180 elevar. Skulen må byggast litt ut, og dei eldste delane av skulen bør rehabiliterast.

Delar av den eldste bygningsmassen på Ostereidet ungdomsskule kan og vurderast erstatta med nybygg i eit eventuelt byggeprosjekt.

Vurdering av strukturalternativ for skulen:

Ungdomsskulestrukturen i Lindås kommune er teneleg i høve til busettingsmønster og reisetid for elevane. For å justere talet i høve til kapasiteten på Knarvik ungdomsskule, kan det vere aktuelt å endre Ostereidet ungdomsskule sitt inntaksområde til og å omfatte heile, eller delar av, Leiknes skule.

Elevtalsprognosen for Ostereidet ungdomsskule syner at elevtalet vil halde seg rundt 100 elevar og overføring av elevar frå Leiknes vil kunne gje skulen ein meir teneleg storleik, samtidig som det kan vere med på å hindre at Knarvik ungdomsskule vert for stor. For både elevar og tilsette på Ostereidet ungdomsskule vil det vere ein fordel om skulen vert noko større.

6.2.2 Oversikt over alternative skulestrukturar

Barneskulestruktur:

Alternativ B0 (11 barneskular)	Alternativ B1a (7 skular)	Alternativ B1b (8 skular)
Alversund skule	Alversund	Alversund
Knarvik barneskule	Knarvik bsk	Knarvik bsk
Leiknes skule	Leiknes + del av Eikanger	Leiknes + del av Eikanger
Ostereidet barneskule	Ostereidet + del av Eikanger	Ostereidet + del av Eikanger
Lindås barneskule	Lindås + Skodvin og del av Myking	Lindås + Skodvin og del av Myking
Seim skule	Seim + Festo	Seim
Kløyvheim skule	Kløyvheim + del av Myking og Eikanger	Kløyvheim + del av Myking og Eikanger
Eikanger skule		
Myking skule		
Skodvin skule		
Festo skule		Festo skule

Alternativ B2 (9 skular)	Alternativ B3 (9 skular)	Alternativ B4 (9 skular)
Alversund	Alversund	Alversund
Knarvik bsk	Knarvik bsk	Knarvik bsk
Leiknes + del av Eikanger	Leiknes + del av Eikanger	Leiknes
Ostereidet + del av Eikanger	Ostereidet + del av Eikanger	Ostereidet
Lindås + del av Myking	Lindås + Skodvin	Lindås + Skodvin
Seim	Seim	Seim
Kløyvheim + del av Myking og Eikanger	Kløyvheim + del av Eikanger	
		Eikanger skule + del av Kløyvheim
	Myking skule	Myking skule + del av Kløyvheim
Skodvin skule		
Festo skule	Festo skule	Festo skule

Ungdomsskulestruktur:

Alternativ U0 (3 ungdomsskular)	Alternativ U1 (3 ungdomsskular)
Knarvik ungdomskule	Knarvik usk (- Leikneselevane)
Lindås ungdomskule	Lindås usk
Ostereidet ungdomsskule	Ostereidet usk (+ Leikneselevane)

Alternativ U2 (4 ungdomsskular)	Alternativ U3 (4 ungdomsskular)
Knarvik usk (- Alversundelevane)	Knarvik usk (- Alversund-, Seim- og Festoelevane)
Lindås usk	Lindås usk
Ostereidet usk	Ostereidet usk
Alversund usk	Alversund usk (+ Seim og Festoelevane)

6.2.3 Føresetnader for utrekning av økonomiske konsekvensar

Utrekningane av økonomiske konsekvensar (drift og investering) for ulike skulestrukturalternativ har hatt som føremål å få fram skilnadene i kostnader for dei ulike alternativa.

I utrekningar av kostnader til investering og kapitalutgifter (renter og avdrag) er dei totale kostnadane til kvart alternativ rekna ut. For drifta har ein berre sett på dei faktorane som har størst innverknad på strukturvalet og berre rekna på meir- eller mindretgift samanlikna med

eksisterande skulestruktur (0-alternativet). For alle driftsutgifter har ein berre sett på årsgjennomsnitt for i planperioden. Elevtalet endrar seg kvart år og det vert rett og slett for mange tal å halde styr på om ein skulle ha presentert detaljerte utrekningar for alle skular i alle alternativ i alle år. Gjennomsnittstal for åra i planperioden gjev eit godt nok grunnlag for å kunne treffe ei avgjerd i saka.

Inntekter ved eventuelt sal av frigjorte bygningar er ikkje tatt med. Dette kjem eventuelt i tillegg til andre innsparingar.

Føresetnadane for utrekning av økonomiske konsekvensar av dei ulike skulestrukturalternativa i rapporten er som følgjer:

Investering og vedlikehald:

I alle alternativ er det for alle gjenverande skular presentert eit lågt og eit høgt anslag for vedlikehald- og investering. Det låge anslaget viser eit minstenivå som må til for å få tatt igjen vedlikehaldsetterslepet på eksisterande bygningar og tekniske anlegg, samt utbygging av nok areal. Det høgaste nivået legg til grunn meir omfattande rehabilitering/oppgradering og ombygging etter vurdert behov, samt tilrettelegging av uteområda (for å få skuleanlegg som er meir i tråd med prinsippa i kap.2.8). Kommunen kan sjølv velje graden av ombygging slik at ein kanskje hamnar ein stad i mellom dei to ytterpunktta når konkrete byggeprosjekt skal planleggast.

- Lågt anslag: Tal i rapporten frå Multiconsult (sjå vedlegg) ligg til grunn for det lågaste anslaget for eksisterande bygningsmasse, så lenge ikkje anna er oppgjeve i tabellen (evt. om ein har tal frå andre utgreiingar). Kostnader for eventuelle nybygg eller tilbygg kjem i tillegg (sjå m2-prisar nedanfor). I dette alternativet er det ikkje lagt inn ombygging eller tilpassingar i eksisterande bygningar, eller tiltak på uteområda.
- Høgt anslag: I det høge anslaget er det gjort ei vurdering av tilstanden for ulike bygg/delar i anlegga. Deretter er det rekna ut kostnader basert på m2-prisar inndelt etter observert tilstand og vurdert behov for ombygging. I dette alternativet er det mao teke omsyn til pedagogisk tilrettelegging av bygningane i tråd med prinsippa i kap. 2.8.

M2-prisar som er lagt til grunn når det vert gjennomført ombygging (høgt alternativ) og ved nybygg/tilbygg (begge alternativ):

- lite ombygging: kr. 10.000,- pr. m2
- noko ombygging: kr. 15.000,- pr. m2
- middels ombygging: kr. 20.000,- pr. m2
- omfattande ombygging: kr. 25.000,- pr. m2
- nybygg/tilbygg: kr. 30.000,- pr. m2.
- ny idrettshall: kr. 22.000,- pr. m2 (kun Leiknes)
- riving: kr. 2.000,- pr. m2 (berre lagt inn i samband med nybygg)

M2-prisane over vil i følgje erfaringar frå seinare byggeprosjekt i Lindås kommune, inkludere kostnader til inventar og utstyr. Eventuelle tomtekostnader er ikkje medrekna.

Arealbehovet til skulane er utrekna på grunnlag av rettleiande arealprogram i kap. 2.9.

Til uteområda er det til dei fleste skulane lagt inn 0,5 -1,0 mill (etter vurdert behov).

Alle kostnader til investering er prosjektkostnader i 2009-kroner.

Drift:

Kapitalkostnadene utgjør ein stor del av dei direkte driftskonsekvensane av investeringane. For synleggjering av kapitalkostnader (renter og avdrag på lån) er det lagt til grunn ein årleg kostnad på kr. 75.000,- pr. investert million. Dette talet er framkome ved å rekne avskrivning over 40 år (jfr. kommunal rekneskapsforskrift) og 5% lånerente i heile perioden.

Kostnader til forvaltning, drift, vedlikehold og utvikling av bygningsmassen (**FDVU-kostnader**) er og ein stor kostnad som det må takast omsyn til ved kommunale investeringar. I utrekningane er det her lagt til grunn 600 kr. pr. m² til FDVU-kostnader med utgangspunkt i arealbehovet i dei ulike skulestrukturalternativa. Areal som det ikkje er behov for er ikkje med (både på skular som vert lagt ned, men og på skular som har for mykje areal i høve til behovet). Det er skilnadane mellom dei ulike alternativane som er presentert i tabellane i rapporten, ikkje dei totale kostnadane.

Kostnader til skuleskyss er basert på opplysningar frå kommunen om endring i skyssutgifter ved ulike endringar av skulestruktur i skuleåret 2009/10. Tala er justert i høve til venta endringar i elevtalet i planperioden. Tala i tabellen er årlege gjennomsnittstal (nokre år vert skyssen litt høgare og nokre år litt lågare). Berre den kommunale delen av skuleskyssen er tatt med. Det er skilnadane mellom dei ulike alternativane som er presentert i tabellane i rapporten, ikkje dei totale kostnadane.

Endring i utgifter til sjølve skuledrifta er komplisert å rekne ut. Den største utgifta, og den som varierer mest mellom skulane (målt i utgift pr. elev), er utgift til den ordinære undervisninga. Det er denne som er forsøkt utrekna for dei ulike skulestrukturalternativa. Utgifter til spesial-undervisning og assistentar følgjer stort sett eleven, og vil ikkje endre seg mykje om skulestrukturen vert endra. Utgifter til administrasjon og skuleleiing er det heller ikkje rekna på, men erfaring viser at dette i realiteten ikkje gjev særleg store utslag (men noko innsparing vil det normalt vere når einingar vert nedlagd)

Ved utrekning av **utgifter til ordinær undervisning** er tala i figurane i kap. 2.5 lagt til grunn (utgifter pr. elev for kvar skule). Talet på skular i Lindås er i denne samanheng lite for å få eit godt datagrunnlag (faktorar som små rom kan t.d. spele ei stor rolle for utgifter på enkeltskular). Det har difor og vore naudsynt å sjå på tilsvarande tal for andre kommunar. Som grunnlag for utrekningane er det laga ein tabell som viser samanhengen mellom skulestorleik (tal på elevar) og driftsutgifter til ordinær undervisning for barneskular (varierande frå 35.000,- til 60.000,- kr.) og ungdomsskular (varierande frå 40.000,- til 46.000,- kr.). Også her er det skilnadane mellom dei ulike alternativane som er presentert i tabellane i rapporten, ikkje dei totale kostnadane. Det er rekna konservativt i anslaga, slik at eventuelle innsparingar truleg kan verte større enn det som kjem fram i tabellane i kap. 6.3.


Alle driftskonsekvensar er oppgjeve i 2009-kroner.

6.2.4 Samla presentasjon og vurdering av alternativ for barnesteget

Alternativ B0 - Dagens barneskulestruktur med 11 barneskular

Strukturtiltak:

Alternativ 0 er ei vidareføring av dagens skulestruktur, og inneber ingen strukturtiltak.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Bygningsmessige tiltak
Alversund	Rehabilitering
Knarvik bsk	Rehabilitering
Leiknes	Rehabilitering og utbygging
Ostereidet bsk	Vedlikehald
Lindås bsk	Rehabilitering
Seim	Rive og bygge nytt, evt som to byggesteg.
Kløvheim	Vedlikehald
Eikanger	Rive lærarbustaden og erstatte areala med nybygg. Rehabiliterer eldste del av hovudbygg.
Myking	Vedlikehald
Skodvin	Bygge ut og erstatte eldste del og brakke med nybygg.
Festo	Bygge aktivitetsrom/gymsal + litt meir spesialisert areal

Kostnadsanslag alternativ B0:

	Dimensjonerande elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Alternativ B0							
Alversund skule	470-490	5680	7737		55,3	107,0	Areal til overs står urørt
Knarvik barneskule	260	3590	3144	446	31,6	74,6	Evt. ny skule (108,0 mill.)
Leiknes skule	180-190	3457	1964	1000 / 1493	50,0	60,0	3)
Ostereidet barneskule 1)	130-140	2030	2148		4,0	4,0	2)
Lindås barneskule	190-200	2960	3582		23,8	45,4	Areal til overs står urørt
Seim skule	100	1940	1150 / 0	880 / 1940	42,2	65,0	Rehab eller riving av eksist.
Kløvheim skule	50	1320	1180	140	14,3	16,5	
Eikanger skule	70	1540	736	804	32,7	37,6	
Myking skule	70	1540	1543		11,5	22,0	
Skodvin skule	80	1680	655	1025	38,7	42,0	
Festo skule	40-45	1190	613	577	18,7	23,7	
Sum		26927			322,8	497,8	

1) Arealbehov utan gymnastikkanlegg

2) Skulen låner spesialrom på ungdomsskulen og bør då kunne klare seg utan SFO-bygget.

3) Planlagt prosjekt for 200 elevar er lagt til grunn for kostnadane for tiltak på Leiknes, med gymsal eller volleyballhall

Alternativet inneberer investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til vel 320 mill NOK. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil investeringsbehovet vere på knapt 500 mill NOK. Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til omlag 24 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller 37 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike ralternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.

Alternativ B1a - skulestruktur med 7 barneskular

Strukturtiltak:

Strukturalternativ 1a er det alternativet med mest omfattande strukturendring.

Alternativet inneber nedlegging av Eikanger skule, Myking skule, Skodvin skule og Festo skule.

Elevane frå Eikanger vert overført til Kløvheim skule, Ostereidet barneskule og Leiknes skule ut frå nærskuleprinsippet.


Elevane frå Myking vert fordelt på Kløvheim skule og Lindås barneskule ut frå nærskuleprinsippet.

Elevane frå Skodvin vert overført til Lindås barneskule. Lindås barneskule vert bygd ut.

Elevane frå Festo vert overført til Seim skule som vert bygd ny.

Bygningsmessige tiltak:

Skule	Bygningsmessige tiltak
Alversund	Rehabilitering
Knarvik bsk	Rehabilitering
Leiknes + del av Eikanger	Rehabilitering og utbygging
Ostereidet bsk + del av Eikanger	Vedlikehald
Lindås bsk + Skodvin og del av Myking	Rehabilitering og utbygging.
Seim + Festo	Rive og bygge nytt, ev som to byggesteg.
Kløvheim + del av Myking og Eikanger	Vedlikehald og utbygging.



Kostnadsanslag alternativ B1a:

Alternativ B1a	Dimensjonerende elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Alversund skule	470-490	5680	7737		55,3	107,0	Areal til overs står urørt
Knarvik barneskule	260	3590	3144	446	31,6	74,6	Evt. ny skule (108,0 mill.)
Leiknes skule	200	3457	1964	1000 / 1493	50,0	60,0	3)
Ostereidet barneskule 1)	150	2175	2148		4,0	4,0	Opprusting av SFO bygget vil beløpe seg til 3-4 mill. i tillegg. 2)
Lindås barneskule	310-320	4192	3582	610	42,1	67,8	
Seim skule	140	2352	1150 / 0	1202 / 2352	54,6	77,4	Rehab eller riving av eksist.
Kløvheim skule	110	2057	1180	877	36,4	38,6	
Sum		23503			274,0	429,4	

1) Arealbehov utan gymnastikkanlegg

2) Skulen låner spesialrom på ungdomsskulen og bør klare seg utan SFO-bygget. Med mange fleire elevar frå Eikanger, kan evt SFO-bygget

3) Planlagd prosjekt for 200 elevar er lagt til grunn for kostnadane for tiltak på Leiknes, med gymsal eller volleyballhall

Alternativ B1a inneberer investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til omlag 274 mill NOK. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil investeringsbehovet vere på knapt 430 mill NOK. Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til omlag 21 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller 32 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

Nedlegging av Eikanger, Myking, Skodvin og Festo skular gjev soleis eit redusert investeringsbehov på om lag 49 mill NOK (nybygg og nødvendig oppgradering) eller 69 mill NOK (nybygg, ombygging og nødvendig oppgradering) samanlikna med alternativ B0.

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.

Alternativ B1b- skulestruktur med 8 barneskular


Strukturtiltak:

Strukturalternativ 1b svarar til alternativ 1a, med unntak av at Festo skule ikkje vert lagt ned. Dette hovudsakleg grunna lang reisetid for mange av elevane frå Festo. Alternativet inneberer nedlegging av Eikanger skule, Myking skule og Skodvin skule.

Elevane frå Eikanger vert overført til Kløvheim skule, Ostereidet barneskule og Leiknes skule ut frå nærskuleprinsippet.

Elevane frå Myking vert fordelt på Kløvheim skule og Lindås barneskule ut frå nærskuleprinsippet.

Elevane frå Skodvin vert overført til Lindås barneskule. Lindås barneskule vert bygd ut.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Bygningsmessige tiltak
Alversund	Rehabilitering
Knarvik bsk	Rehabilitering
Leiknes	Rehabilitering og utbygging
Ostereidet + del av Eikanger	Vedlikehald
Lindås + Skodvin og del av Myking	Rehabilitering og utbygging.
Seim	Rive og bygge nytt, ev som to byggesteg.
Kløvheim + del av Myking og Eikanger	Vedlikehald og utbygging.
Festo skule	Bygge aktivitetsrom/gymsal + litt meir spesialisert areal

Kostnadsanslag alternativ B1b:

	Dimensjonerande elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Alternativ B1b							
Alversund skule	470-490	5680	7737		55,3	107,0	Areal til overs står urørt
Knarvik barneskule	260	3590	3144	446	31,6	74,6	Evt. ny skule (108,0 mill.)
Leiknes skule	200	3457	1964	1000 / 1493	50,0	60,0	3)
Ostereidet barneskule 1)	130-140	2030	2148		4,0	4,0	Opprusting av SFO bygget vil beløpe seg til 3-4 mill. i tillegg. 2)
Lindås barneskule	310-320	4192	3582	610	42,1	67,8	
Seim skule	100	1940	1150 / 0	880 / 1940	42,2	65,0	Rehab eller riving av eksist.
Kløvheim skule	110	2057	1180	877	36,4	38,6	
Festo skule	40-45	1190	613	577	18,7	23,7	
Sum		24136			280,3	440,7	

1) Arealbehov utan gymnastikkanlegg

2) Skulen låner spesialrom på ungdomsskulen og bør klare seg utan SFO-bygget. Med mange fleire elevar frå Eikanger, kan evt SFO-bygget

3) Planlagt prosjekt for 200 elevar er lagt til grunn for kostnadane for tiltak på Leiknes, med gymsal eller volleyballhall

Alternativ B1b inneberer investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til omkring 280 mill NOK. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil investeringsbehovet vere på rundt rekna 440 mill NOK. Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til omlag 21 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller 33 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

Nedlegging av Eikanger, Skodvin og Myking skular gjev soleis eit mindre investeringsbehov på om lag 43 mill NOK (nybygg og nødvendig oppgradering) eller 57 mill NOK (nybygg, ombygging og nødvendig oppgradering) enn i alternativ B0.

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.


Alternativ B2 - skulestruktur med 9 barneskular

Strukturtiltak:

Strukturalternativ B2 inneber at Eikanger og Myking skule vert lagt ned.

Elevane frå Eikanger vert overført til Kløvheim skule, Ostereidet barneskule og til Leiknes skule ut frå nærskuleprinsippet.

Elevane frå Myking vert fordelt på Kløvheim skule og Lindås barneskule ut frå nærskuleprinsippet.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Bygningsmessige tiltak
Alversund	Rehabilitering
Knarvik bsk	Rehabilitering
Leiknes	Rehabilitering og utbygging
Ostereidet + del av Eikanger	Vedlikehald
Lindås + del av Myking	Rehabilitering
Seim	Rive og bygge nytt, ev som to byggesteg
Kløvheim + del av Myking og Eikanger	Vedlikehald og utbygging.
Skodvin skule	Bygge ut og erstatte eldste del og brakke med nybygg.
Festo skule	Bygge aktivitetsrom/gymsal + litt meir spesialisert areal

Kostnadsanslag alternativ B2:

Alternativ B2	Dimensjonerende elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Alversund skule	470-490	5680	7737		55,3	107,0	Areal til overs står urørt
Knarvik barneskule	260	3590	3144	446	31,6	74,6	Evt. ny skule (108,0 mill.)
Leiknes skule	200	3457	1964	1000 / 1493	50,0	60,0	3)
Ostereidet barneskule 1)	130-140	2030	2148		4,0	4,0	Opprusting av SFO bygget vil beløpe seg til 3-4 mill. i tillegg. 2)
Lindås barneskule	240	3408	3582		23,8	47,2	Areal til overs står urørt
Seim skule	100	1940	1150 / 0	880 / 1940	42,2	65,0	Rehab eller riving av eksist.
Kløvheim skule	110	2057	1180	877	36,4	38,6	
Skodvin skule	80	1680	655	1025	38,7	42,0	
Festo skule	40-45	1190	613	577	18,7	23,7	
Sum		25032			300,7	462,1	

1) Arealbehov utan gymnastikkanlegg

2) Skulen låner spesialrom på ungdomsskulen og bør klare seg utan SFO-bygget. Med mange fleire elevar frå Eikanger, kan evt SFO-bygget

3) Planlagt prosjekt for 200 elevar er lagt til grunn for kostnadane for tiltak på Leiknes, med gymsal eller volleyballhall

Alternativ B2 inneberer investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til omlag 300 mill NOK. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil investeringsbehovet vere på vel 460 mill NOK. Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til omlag knapt 23 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller knapt 35 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

Nedlegging av Eikanger og Myking skular gjev soleis eit mindre investeringsbehov på om lag 22 mill NOK (nybygg og nødvendig oppgradering) eller 36 mill NOK (nybygg, ombygging og nødvendig oppgradering) enn i alternativ B0.

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.


Alternativ B3 - skulestruktur med 9 barneskular

Strukturtiltak:

Strukturalternativ B3 inneberer at Eikanger og Skodvin skular vert lagt ned.

Elevane frå Skodvin vert overført til Lindås skule, som vert bygd litt ut.

Elevane frå Eikanger vert overført til Kløvheim skule, Ostereidet barneskule og til Leiknes skule ut frå nærskuleprinsippet.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Bygningsmessige tiltak
Alversund	Rehabilitering
Knarvik bsk	Rehabilitering
Leiknes	Rehabilitering og utbygging
Ostereidet + del av Eikanger	Vedlikehald
Lindås + Skodvin	Rehabilitering, evt. litt utbygging
Seim	Rive og bygge nytt, ev som to byggesteg
Kløvheim + del av Eikanger	Vedlikehald og utbygging.
Myking skule	Vedlikehald
Festo skule	Bygge aktivitetsrom/gymsal + litt meir spesialisert areal

Kostnadsanslag alternativ B3:

	Dimensjonerande elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Alternativ B3							
Alversund skule	470-490	5680	7737		55,3	107,0	Areal til overs står urørt
Knarvik barneskule	260	3590	3144	446	31,6	74,6	Evt. ny skule (108,0 mill.)
Leiknes skule	200	3457	1964	1000 / 1493	50,0	60,0	3)
Ostereidet barneskule 1)	130-140	2030	2148		4,0	4,0	Opprusting av SFO bygget vil beløpe seg til 3-4 mill. i tillegg. 2)
Lindås barneskule	260-270	3699	3582	117	27,3	53,0	
Seim skule	100	1940	1150 / 0	880 / 1940	42,2	65,0	Rehab eller riving av eksist.
Kløvheim skule	80-90	1800	1180	620	28,7	30,9	
Myking skule	70	1540	1543		11,5	22,0	
Festo skule	40-45	1190	613	577	18,7	23,7	
Sum		24926			269,3	440,2	

1) Arealbehov utan gymnastikkanlegg

2) Skulen låner spesialrom på ungdomsskulen og bør klare seg utan SFO-bygget. Med mange fleire elevar frå Eikanger, kan evt SFO-bygget

3) Planlagt prosjekt for 200 elevar er lagt til grunn for kostnadane for tiltak på Leiknes, med gymsal eller volleyballhall

Alternativ B3 inneberer investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til omlag 270 mill NOK. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil investeringsbehovet vere på anslagsvis 440 mill NOK. Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til vel 20 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller omlag 33 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

Nedlegging av Eikanger og Skodvin skular gjev soleis eit mindre investeringsbehov på om lag 54 mill NOK (nybygg og nødvendig oppgradering) eller 58 mill NOK (nybygg, ombygging og nødvendig oppgradering) enn i alternativ B0.

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.

Alternativ B4 - skulestruktur med 9 barneskular

Strukturtiltak:


Strukturalternativ 4 inneberer at Skodvin og Kløvheim skule vert lagt ned.

Elevane frå Skodvin vert overført til Lindås barneskule, som vert bygd litt ut.

Elevane frå Kløvheim vert fordelt på Myking og Eikanger ut frå nærskuleprinsippet.

Eikanger skule vert bygd ut for å ta imot elevtalsveksten.

Myking vert bygd litt ut.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Bygningsmessige tiltak
Alversund	Rehabilitering
Knarvik bsk	Rehabilitering
Leiknes	Rehabilitering og utbygging
Ostereidet	Vedlikehald
Lindås + Skodvin	Rehabilitering og evt. litt utbygging
Seim	Rive og bygge nytt, ev som to byggesteg
Eikanger skule + del av Kløvheim	Rive Lærarbustaden og erstatte areala med nybygg, Rehabiliterer eldste del av hovudbygg.
Myking skule + del av Kløvheim	Vedlikehald og litt utbygging
Festo skule	Bygge aktivitetsrom/gymsal + litt meir spesialisert areal

Kostnadsanslag alternativ B4:

Alternativ B4	Dimensjonerande elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterande areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Alversund skule	470-490	5680	7737		55,3	107,0	Areal til overs står urørt
Knarvik barneskule	260	3590	3144	446	31,6	74,6	Evt. ny skule (108,0 mill.)
Leiknes skule	180-190	3457	1964	1000 / 1493	50,0	60,0	3)
Ostereidet barneskule 1)	120	2030	2148		4,0	4,0	2)
Lindås barneskule	260-270	3699	3582	117	27,3	53,0	
Seim skule	100	1940	1150 / 0	880 / 1940	42,2	65,0	Rehab eller riving av eksist.
Eikanger skule	85	1734	736	998	38,6	43,4	
Myking skule	100	1941	1543	398	23,4	33,9	
Festo skule	40-45	1190	613	577	18,7	23,7	
Sum		25261			291,1	464,6	

1) Arealbehov utan gymnastikkanlegg

2) Skulen låner spesialrom på ungdomsskulen og bør då kunne klare seg utan SFO-bygget.

3) Planlagt prosjekt for 200 elevar er lagt til grunn for kostnadane for tiltak på Leiknes, med gymsal eller volleyballhall

Alternativ B4 inneberer investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til vel 290 mill NOK. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil investeringsbehovet vere på omlag 465 mill NOK. Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til omlag 22 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller 35 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

Nedlegging av Kløvheim og Skodvin skular gjev soleis eit mindre investeringsbehov på omlag 32 mill NOK (nybygg og nødvendig oppgradering) eller 33 mill NOK (nybygg, ombygging og nødvendig oppgradering) enn i alternativ B0.


For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.

6.2.5 Samla presentasjon og vurdering av alternativ for ungdomssteget

Alternativ U0- ungdomsskulestrukturer med 3 ungdomsskular

Strukturtiltak:

Alternativ U0 er ei vidareføring av dagens skulestruktur, og inneber ingen strukturtiltak.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Tiltak
Knarvik ungdomskule	På sikt: Bruk av paviljong eller ei lita utviding
Lindås ungdomskule	Ombygging og rehabilitering
Ostereidet ungdomsskule	Rehabilitering gamal del

Kostnadsanslag alternativ U0:

Alternativ U0	Dimensjonerande elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Knarvik ungd.skule 1) 2)	450 3)	4751	4382	369	11,1	11,1	Paviljongen som er i bruk i dag, kan evt. erstatta nybygg etter 2013.
Lindås ungd.skule 4)	150	2745	3403		28,5	54,2	Skulen treng ombygging i klasseromsdel for å kunne utnytte areala betre.
Ostereidet ungd.skule 2) 4)	120	2040	2456		16,9	30,7	Om eldste del i staden vert erstatta med nybygg, aukar kostnadane til ca 40 mill.
Sum		9536			56,5	96,0	

1) Alle tal er etter pågåande byggjeprojekt.

2) Arealbehov er rekna utan gymnastikkanlegg

3) Kapasitet til 350 elevar vil vere tilstrekkeleg til 2013

4) Det er berre tatt med ombygging i areal som det er behov for ut frå dimensjonerande elevtal

Alternativ U0 inneber investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til omlag 57 mill NOK. Det er berre Knarvik ungdomsskule som eventuelt om nokre år vil ha behov for ei lita utviding (om ikkje paviljongen vert nytta). Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil investeringsbehovet vere på anslagsvis 96 mill NOK. Det er behov for ombygging både på Lindås ungdomsskule og Ostereidet ungdomsskule.


Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til vel 4 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller vel 7 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.

Alternativ U1 - ungdomsskulestruktur med 3 ungdomsskular

Strukturtiltak:

Alternativ U1 er ei vidareføring av dagens skulestruktur, men Leikneselevane vert overført frå Knarvik ungdomsskule til Ostereidet ungdomsskule.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Tiltak
Knarvik usk (- Leikneselevane)	Ingen tiltak
Lindås usk	Ombygging og rehabilitering
Ostereidet usk (+ Leikneselevane)	Utviding og rehabilitering

Kostnadsanslag alternativ U1:

	Dimensjonerande elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Alternativ U1							
Knarvik ungd.skule 1) 2)	390-400	4400	4382		0,0	0,0	
Lindås ungd.skule 3)	150	2745	3403		28,5	54,2	Skulen treng ombygging i klasseromsdel for å kunne utnytte areala betre.
Ostereidet ungd.skule 2)	170-180	2610	2456	154	21,5	40,3	Om eldste del og vert erstatta med nybygg, aukar kostnadane til ca 50 mill.
Sum		9755			50,0	94,5	

1) Alle tal er etter pågåande byggjeprojekt.

2) Arealbehov er rekna utan gymnastikkanlegg

3) Det er berre tatt med ombygging i areal som det er behov for ut frå dimensjonerande elevtal

Alternativ U1 inneber investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til omlag 50 mill NOK. Det er berre Ostereidet ungdomsskule som eventuelt har behov for ei lita utviding. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg på skulane vil investeringsbehovet vere på anslagsvis 95 mill NOK.

Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til knapt 4 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller vel 7 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).


Skilnaden i høve til alternativ U0 er behovet for utviding og ombygging på Ostereidet ungdomsskule, samt at det ikkje vil vere behov for utviding (eller bruk av paviljongen) på Knarvik ungdomsskule. I høve til alternativ U0 er investeringsbehovet 7 mill NOK lågare til nybygg og nødvendig oppgradering, mens med ombygging i eksisterande areal er investeringsbehovet i dei to alternativa om lag likt.

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.

Alternativ U2 - ungdomsskuleskulestruktur med 4 ungdomsskular

Strukturtiltak:

Alternativ U2 gjev ein skulestruktur med 4 ungdomsskular/ungdomssteg i kommunen. I dette alternativet vert det bygd opp eit ungdomssteg på Alversund, med elevane frå Alversund skule. Knarvik skule har same inntaksområde som i dag, med unntak av Alversundelevene.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Tiltak
Knarvik usk (- Alversundelevene)	Ingen tiltak
Lindås usk	Rehabilitering og ombygging
Ostereidet usk	Rehabilitering
Alversund usk	Nybygg

Kostnadsanslag alternativ U2:

Alternativ U2	Dimensjonerande elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Knarvik ungd.skule 1) 2)	250-260	3224	4382		0,0	0,0	Skulen vil ha mykje areal til overs
Lindås ungd.skule 3)	150	2745	3403		28,5	54,2	Skulen treng ombygging i klasseromsdel for å kunne utnytte areala betre.
Ostereidet ungd.skule 2) 3)	120	2040	2456		16,9	30,7	Om eldste del i staden vert erstatta med nybygg, aukar kostnadane til ca 40 mill.
Ny Alversund ungd.skule	210-220	3256		3256	97,7	97,7	Utan gymnastikkanlegg vert kostnadsanslaget ca 86 mill
Sum		11265			143,1	182,6	

1) Alle tal er etter pågåande byggeprosjekt.

2) Arealbehov er rekna utan gymnastikkanlegg

3) Det er berre tatt med ombygging i areal som det er behov for ut frå dimensjonerande elevtal

Alternativ U2 inneber investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til omlag 143 mill NOK. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil

investeringsbehovet vere på anslagsvis 183 mill NOK. Det er bygging av ny ungdomsskule i Alversund som utgjer auka i investeringsbehov på 86 mill NOK, i høve til alternativ U0.


Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til knapt 11 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller knapt 14 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.

Alternativ U3 - ungdomsskulestruktur med 4 ungdomsskular

Strukturtiltak:

Alternativ U3 gjev ein skulestruktur med 4 ungdomsskular/ ungdomssteg i kommunen. I dette alternativet vert det bygd opp eit ungdomssteg på Alversund, for elevane frå Alversund skule, Seim skule og Festo skule. Knarvik skule har då berre igjen elevar frå Knarvik barneskule og Leiknes skule.



Bygningsmessige tiltak:

Skule	Tiltak
Knarvik usk (- Alversund-, Seim- og Festoelevane)	Ingen tiltak
Lindås usk	Rehabilitering og ombygging
Ostereidet usk	Rehabilitering
Alversund usk (+ Seim og Festoelevane)	Nybygg

Kostnadsanslag alternativ U3:

Alternativ U3	Dimensjonerande elevtal	Bygningsareal			Anslått investeringskostnad		Merknad
		Behov (m2 BTA)	Nyttbart eksisterende areal (m2 BTA)	Nybygg eller tilbygg (m2 BTA)	Nybygg + nødvendig oppgradering (mill NOK)	Nybygg + ombygging og nødvendig oppgradering (mill NOK)	
Knarvik ungd.skule 1) 2)	180	2610	4382		0,0	0,0	Skulen vil ha mykje areal til overs.
Lindås ungd.skule 3)	150	2745	3403		28,5	54,2	Skulen treng ombygging i klasseromsdel for å kunne utnytte areala betre.
Ostereidet ungd.skule 2) 3)	120	2040	2456		16,9	30,7	Om eldste del i staden vert erstatta med nybygg, aukar kostnadane til ca 40 mill.
Ny Alversund ungd.skule	290	3973			119,2	119,2	Utan gymnastikkanlegg vert kostn.anslaget ca 107 mill
Sum		11368			164,6	204,1	

1) Alle tal er etter pågåande byggjeprojekt.

2) Arealbehov er rekna utan gymnastikkanlegg

3) Det er berre tatt med ombygging i areal som det er behov for ut frå dimensjonerande elevtal

Alternativ U3 inneberer investeringar til nybygg og nødvendig oppgradering til omlag 165 mill NOK. Med ombygging til meir fleksible og tenelege areal i eksisterande anlegg vil investeringsbehovet vere på anslagsvis 204 mill NOK.

I høve til alternativ U0 er det bygging av ny ungdomsskule i Alversund som utgjer auka i investeringsbehov på om lag 108 mill NOK.

Årlege utgifter til renter og avdrag på desse investeringane vil beløpe seg til vel 12 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar) eller vel 15 mill NOK (nybygg og nødvendige oppgraderingar, samt ombygging).

For samanlikning av investeringstal og driftsutgifter til undervisning, drift av skulebygg, skuleskyss og renter og avdrag i dei ulike alternativa, vert det vist til samletabellar i kap. 6.3.

6.3 Samla oversikt over investeringsbehov og endring i driftsutgifter i ulike strukturalternativ

Tabellane nedanfor viser samla oversikt over investeringsbehov og kapitalutgifter (renter og avdrag) for desse investeringane for ulike skulestrukturar på barnesteget og ungdomsteget.

Tabell barneskulestrukturar:

Investeringsbehov for alternative barneskulestrukturar. Alle tal i mill NOK.

Skule	B0		B1a		B1b		B2		B3		B4	
	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O
Alversund skule	55	107	55	107	55	107	55	107	55	107	55	107
Knarvik barneskule	32	75	32	75	32	75	32	75	32	75	32	75
Leiknes skule	50	60	50	60	50	60	50	60	50	60	50	60
Ostereidet barneskule	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4
Lindås barneskule	24	45	42	68	42	68	24	47	27	53	27	53
Seim skule	42	65	55	77	42	65	42	65	42	65	42	65
Kløvheim skule	14	17	36	39	36	39	36	39	29	31		
Eikanger skule	33	38									39	43
Myking skule	12	22							12	22	23	34
Skodvin skule	39	42					39	42				
Festo skule	19	24			19	24	19	24	19	24	19	24
Sum (mill NOK)	323	498	274	429	280	441	301	462	269	440	291	465

N+O = nybygg og nødvendig oppgradering

N+O+O = nybygg og nødvendig oppgradering, samt ombygging av eksisterande areal

Kapitalutgifter av investeringsbehov for alternative barneskulestrukturar. Alle tal i mill NOK.

Skule	B0		B1a		B1b		B2		B3		B4	
	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O
Alversund skule	4,1	8,0	4,1	8,0	4,1	8,0	4,1	8,0	4,1	8,0	4,1	8,0
Knarvik barneskule	2,4	5,6	2,4	5,6	2,4	5,6	2,4	5,6	2,4	5,6	2,4	5,6
Leiknes skule	3,8	4,5	3,8	4,5	3,8	4,5	3,8	4,5	3,8	4,5	3,8	4,5
Ostereidet barneskule	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3
Lindås barneskule	1,8	3,4	3,2	5,1	3,2	5,1	1,8	3,5	2,0	4,0	2,0	4,0
Seim skule	3,2	4,9	4,1	5,8	3,2	4,9	3,2	4,9	3,2	4,9	3,2	4,9
Kløvheim skule	1,1	1,2	2,7	2,9	2,7	2,9	2,7	2,9	2,2	2,3		
Eikanger skule	2,5	2,8									2,9	3,3
Myking skule	0,9	1,7							0,9	1,7	1,8	2,5
Skodvin skule	2,9	3,2					2,9	3,2				
Festo skule	1,4	1,8			1,4	1,8	1,4	1,8	1,4	1,8	1,4	1,8
Sum (mill NOK)	24,2	37,3	20,6	32,2	21,0	33,1	22,6	34,7	20,2	33,0	21,8	34,8

N+O = nybygg og nødvendig oppgradering

N+O+O = nybygg og nødvendig oppgradering, samt ombygging av eksisterande areal

Tabell ungdomsskulestrukturar:

Investeringsbehov for alternative ungdomsskulestrukturar. Alle tal i mill NOK.

Skule	U0		U1		U2		U3	
	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O
Knarvik ungd.skule	11	11						
Lindås ungd.skule	29	54	29	54	29	54	29	54
Ostereidet ungd.skule	17	31	22	40	17	31	17	31
Ny Alversund ungd.skule					98	98	119	119
Sum (mill NOK)	57	96	50	95	143	183	165	204

N+O = nybygg og nødvendig oppgradering

N+O+O = nybygg og nødvendig oppgradering, samt ombygging av eksisterande areal

Kapitalutgifter av investeringsbehov for alternative ungdomsskulestrukturar. Alle tal i mill NOK.

Skule	U0		U1		U2		U3	
	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O	N+O	N+O+O
Knarvik ungd.skule	0,8	0,8						
Lindås ungd.skule	2,1	4,1	2,1	4,1	2,1	4,1	2,1	4,1
Ostereidet ungd.skule	1,3	2,3	1,6	3,0	1,3	2,3	1,3	2,3
Ny Alversund ungd.skule					7,3	7,3	8,9	8,9
Sum (mill NOK)	4,2	7,2	3,8	7,1	10,7	13,7	12,3	15,3

N+O = nybygg og nødvendig oppgradering

N+O+O = nybygg og nødvendig oppgradering, samt ombygging av eksisterande areal

Tabellen nedanfor viser gjennomsnittleg årlege meir- eller mindreutgift til drift ved alternative skulestrukturar, samanlikna med 0-alternativa (eksisterande skulestruktur) -for utgifter til ordinær undervisning, drift av bygg og skuleskyss.

Tabell. Gjennomsnittleg årlege meir- eller mindreutgifter til drift - ved alternative skulestrukturar *)

BARNESTEGET	Alt. B0	Alt. B1a	Alt. B1b	Alt. B2	Alt. B3	Alt. B4
Endring i årlege utgifter til ordinær undervisning (mill NOK)	0	-6,6	-5,9	-2,3	-3,3	-3,2
Endring i skysskostnader (mill NOK)	0	0,8	0,7	0,5	0,5	0,4
Endring i årlege FDVU kostnader/drift av bygg (mill NOK)	0	-2,1	-1,7	-1,2	-1,2	-1,0
SUM (mill NOK)	0	-7,9	-6,9	-3	-4	-3,8

*Samanlikna med eksisterande skulestruktur/alternativ B0.

UNGDOMSSTEGET	Alt. U0	Alt. U1	Alt. U2	Alt U3
Endring i årlege utgifter til ordinær undervisning (mill NOK)	0	0,9	1,6	1,9
Endring i skysskostnader (mill NOK)	0	0,1	-0,6	-0,6
Endring i årlege FDVU kostnader/drift av bygg (mill NOK)	0	0,2	1,1	1,1
SUM (mill NOK)	0	1,2	2,1	2,4

*Samanlikna med eksisterande skulestruktur/alternativ U0.

Tabellen viser at alternativ B1a (nedlegging av 4 skular) i årleg gjennomsnitt er om lag 8 mill. rimelegare driftsmessig enn eksisterande skulestruktur på barnesteget, medan eksisterande skulestruktur på ungdomssteget er 1,2 - 2,4 millionar rimelegare å drifte enn dei alternative skulestrukturane for ungdomssteget som er lagt fram i rapporten.

Utgifter til skuleskyss har lite å seie i høve til meir- eller mindreutgifter i dei ulike alternativa. Dette skuldast at mange av elevane som vert ramma av ei eventuell nedlegging allereie har skyss til den skulen dei går på i dag.

Skilnader i kapitalutgifter (tabell på sida føre) kjem i tillegg. Då vert skilnadane mellom fleire av alternativa større, spesielt på ungdomssteget.

6.4 Oppsummering og tilråding

Barnesteget

Lindås kommune har relativt mange barneskular og avstandane dei fleste stader er ikkje store. Rapporten presenterer 6 alternativ for framtidig skulestruktur på barnesteget. Avhengig av kva moment/faktorar ein legg mest vekt på kan ulike alternativ framstå som best. Høyringa vil og kunne gje nye moment.

Slik konsulenten ser det er ulempene med å legge ned nokre av skulane, som er framkome i planarbeidet, mindre enn gevinstane for kommunen samla sett. Nedlegging av skular vil frigjere økonomiske ressursar som kan nyttast til å betre kvaliteten på undervisningstilbodet til alle elevane i kommunen. Færre skular vil og redusere dei samla skulebyggareala i kommunen, og gjere det lettare/billegare å få til eit godt vedlikehald. På sikt vil kommunen tene på ein meir effektiv skulestruktur med færre små skular, både økonomisk men sannsynlegvis og pedagogisk/kvalitetsmessig.

Dei viktigaste momenta som må vurderast opp mot kvarandre i høve til eventuell nedlegging, er skuleveg/reisetid og økonomi/kvalitet på skuletilbodet.

Slik vi ser det vil det kanskje vere lettare, og opplevast meir "rettferdig", å leggje ned fleire skular enn berre å leggje ned ein skule. Det aller viktigaste er likevel å få ei avgjerd om skulestrukturen for framtida, slik at ein sikrar ein stabil skulestruktur over tid. Stadige omkampar om nedlegging av skular er det ingen som er tent med.

Ungdomssteget

Det sentrale spørsmålet for ungdomssteget er om det skal byggjast ein ny ungdomsskule i Alversund. Dette må sjåast i samanheng med kapasiteten på Knarvik ungdomsskule. Avstanden til Knarvik er kort for ungdomsskuleelevar frå Alversund. Prognosen viser at skulen på Knarvik, som no vert rehabilitert og utvida, vil ha plass til alle elevane i dagens inntaksområde (medrekna Alversund og Leiknes) dei komande åra. Etter kvart vil det vere trong for å utvide kapasiteten med eit lite tilbygg, eller ved å ta i bruk den paviljongen som no har vore brukt i samband med byggeprosjektet. Elevtalet ved Knarvik ungdomsskule ser ut til å stabilisere seg rundt 450 elevar (etter 2020). Dette er ein fin storleik for ein ungdomsskule som gjev gode moglegheiter for ei god utnytting av dei pedagogiske ressursane ved skulen. Bygging av ny ungdomsskule i Alversund vert dyrt for kommunen. Det vil slik konsulenten ser det, vere langt betre å bruke investeringsmidlar på å ruste opp Alversund til ein god barneskule.

Flytting av barneskulen til Knarvik ungdomsskule, og eventuelt bygge ny ungdomsskule i området mellom Knarvik og Alversund, vil ikkje vere ei god løysing. Dette vil krevje ombyggingar i den nye ungdomsskulen som no vert godt tilrettelagt for ungdomssteget, i tillegg til høge kostnader med ein ny stor ungdomsskule. Eit slikt alternativ er difor ikkje vurdert nærare i planen.

Gjennomføring og prioritering av tiltak

Gjennomføring av skulestrukturendringar og prioritering av midlar til investering, vil avhenge av vald alternativ. Prioritering og avsetting av investeringsmidlar skjer i økonomiplanen etter vedtak om skulestruktur i kommunedelplanen. Skular som skal ta i mot elevar frå andre skular

må ha god nok plass til elevane og eventuell utbygging og ombygging bør så langt råd er gjennomførast før dei nye elevane kjem.

I tillegg til å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på alle skular som ikkje skal leggjast ned (tiltak i rapporten frå Multiconsult), bør følgjande tiltak få høg prioritet:

- Utviding og ombygging av Leiknes skule (prosjekt er under planlegging)
- Rehabilitering og utviding (aller helst ny skule) på Seim.
- Ombygging i klasseromsdelen på Lindås ungdomsskule for å kunne ta imot større klassar/grupper (reduere driftsutgiftene)
- Tiltak på skular som eventuelt skal ta imot fleire elevar (om skular vert lagt ned).

Deretter bør følgjande prosjekt prioriterast (ikkje i prioritert rekkefølge):

- Rehabilitering og ombygging på Ostereidet ungdomsskule
- Erstatte SFO-bygget på Eikanger med nybygg (om skulen ikkje vert lagt ned)
- Rive og bygge nytt areal på Skodvin (om skulen ikkje vert lagt ned)
- Rehabilitering og ombygging av Lindås barneskule
- Rehabilitering og ombygging av Alversund skule (eventuelt kombinert med ny ungdomsskule om denne vert vedteken)
- Flytte og bygge ny Knarvik barneskule
- Utviding av Festo skule ma. med gymnastikksal (om skulen ikkje vert lagt ned)

Konklusjon og tilråding frå konsulenten

Etter ei fagleg og økonomisk avveging, rår konsulenten til at framtidig skulestruktur i Lindås kommune følgjer alternativ B1a for barnesteget (nedlegging av skulane Skodvin, Myking, Eikanger og Festo), og ingen endring for ungdomssteget (alternativ U0). Ny ungdomsskule i Alversund vert ikkje tilrådd. Tilrådd alternativ inneber oppgradering og utbygging av dei fleste attverande skuleanlegga.

Det er vidare ei klar tilråding at skular som skal ta i mot elevar frå andre skular må ha god nok plass til elevane og at eventuell utbygging og ombygging vert gjennomført før dei nye elevane kjem. Dette inneber at alle strukturendringane ikkje kan gjennomførast med ein gong, men det er viktig å gjere vedtak om dei endringar som skal gjennomførast før planlegging av ombygging og utbygging på mottaksskulane startar.

Vedlegg

Trykte vedlegg:

- Vedlegg 1 Skildring av eksisterande skuleanlegg i Lindås kommune
Vedlegg 2 Prognosetabellar

Andre vedlegg:

- Multiconsult (2009): *"Lindås kommune; Tilstandsvurdering av skulebygga / Vedlikehaldsbehov"*
- "Kvalitet i skulen" - rapport frå politisk arbeidsgruppe
- FAU/SAU ved Knarvik ungdomsskule dagsett 29.08.08;
Elevtal og kapasitet på Knarvik ungdomsskule fram mot 2014
- SU v/ Festo skule dagsett 24.02.09; *Romkapasitet*
- FAU v/ Knarvik barneskule dagsett 26.02.09;
Ny skule i Alversund og ny barneskule i Knarvik
- Informasjon om Skodvin skule i Hundvin bygd dagsett 11.03.09;
Presentasjon av bygda og skulen
- Forelder v/ Festo skule dagsett 17.04.09;
Skulefritidsordning på Festo skule
- FAU ved Alversund skule dagsett 18.05.09;
Ny skule i Alversund i samvar med kommunedelplanen for Alversund og Knarvik
- Garden som pedagogisk ressurs dagsett 19.05.09
- Eikanger, ei bygd i vekst – med skule dagsett 14.06.09

Kommunedelplanen med alle vedlegg vert lagt ut på kommunen sine nettsider
www.lindas.kommune.no

Kjelder/referanser

AMU 20.11.96 *"Plan for utbetring av kontorarbeidsplassar for pedagogisk personale i Lindås kommune"*

Bandura, A (2003): *Bandura's social cognitive theory: an introduction*. San Luis Obispo, Calif.: Davidson Films

Hordaland fylkeskommune – *Skysshandbok 2008/2009*

Lillegården kompetansesenter 2005 – *"I randsonen"*

Lillegården kompetansesenter 2009 – *"Den ene dagen"*

Lindås kommune: *"Kommunedelplan for grunnskulen 2004 – 2014"*

Lindås kommune: *"Grunnskulekrinsar – vedlegg til kommunedelplan skule"*

Lindås kommune: *"Skulestruktur i søre delen av kommunen."* (Komm.styret 180506)

Lindås kommune: *"Plan for kvalitetsutvikling 2008-2011"*

Lindås kommune: *"Handlingsplan for kvalitetsutvikling 2008/2009"*

Lindås kommune: *"Kvalitetsmelding for grunnskulen 2006/2007"*

Lindås kommune: *"Kvalitetsmelding for grunnskulen 2007/2008"*

Lindås kommune PS 56/09: *"Strategi og plan for kompetanseutvikling i grunnskulen i Lindås" (alle saker over skrives slik??)*

Møller, J (2006): *"Ledelse i anerkjente skoler"*

Nordhordland revisjon IKS: *" Ressursbruk i skulen Nordhordland august 2007"*

Nordhordland revisjon IKS: *" Vedlikehold av kommunale bygg i Lindås kommune – med fokus på skulebygg."*

Lindås kommune: *"Bustadbyggeprogram for Lindås kommune 2009-2011"*

Sollien, Tone H., Asplan Viak (2008): Artikkel: *"Sammenheng mellom skolestørrelse og kvalitet"*

St.melding nr.31(07-08) *"Kvalitet i skolen"*

Utdanningsforbundet 15.10.2007: *"Krav til kontorarbeidsplasser"*

Utdanningsspeilet 2008: *Analyse av grunnopplæringa, 2009*

Østlandsforskning 02/2008: *"Kunnskapsstatus skolebygg"*.

Aktuell nettsider:

<http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no>

<http://www.lovdata.no/all/nl-19980717-061.html> (Opplæringslova)

<http://www.lovdata.no/for/sf/kd/kd-20060623-0724.html> (Forskrift til opplæringslova)

http://www.helsetilsynet.no/default_30.aspx